



DET KONGELIGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2024

Utgiftskapitler: 600–672, 2470, 2541–2542, 2620–2686

Inntektskapitler: 3605–3672, 5470, 5701–5705



DET KONGELIGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2024

Utgiftskapitler: 600–672, 2470, 2541–2542, 2620–2686

Inntektskapitler: 3605–3672, 5470, 5701–5705

Innhold

Del I	Innleiende del	9	6.2.3	Seriøse og anstendige arbeidsvilkår, sosial dumping og arbeidslivskriminalitet	90
1	Innleiing	11	6.3	Redusere sykefravær og frafall fra arbeidslivet	93
2	Profil og satsingsområde	15	6.3.1	Redusere sykefraværet	94
2.1	Samla budsjettforslag fordelt på programområde og programkategoriar	15	6.3.2	Intensjonsavtalen om et mer inkluderende arbeidsliv (IA-avtalen)	97
2.2	Satsingar og hovudprioriteringar ..	16	6.4	God inkludering av utsatte grupper i arbeidsmarkedet	100
3	Syssetsetting, levekår, integrering og utvikling i sentrale inntektssikringsordningar	24	6.4.1	Innsats for unge	100
3.1	Innleiing	24	6.4.2	Arbeidsorientert uføretrygd	101
3.2	Situasjonen i arbeidsmarknaden ...	25	6.4.3	Kompetanse for inkludering og omstilling	102
3.3	Innvandrarar og integrering	32	6.4.4	Arbeid og helse	104
3.4	Arbeidsmiljøtilstanden	39	6.4.5	Varig tilrettelagt arbeid	105
3.5	Utviklinga for låginntektsgrupper	41	6.5	God integrering av innvandrere i arbeid og samfunn	106
3.6	Utviklinga i helserelevante ytingar	44	6.5.1	Styrt og spredt, rask og treffsikker bosetting	106
3.7	Pensjon	51	6.5.2	Innvandrere kommer i jobb og får varig tilknytning til arbeidslivet ...	107
3.8	Utvikling i utgiftene til folketrygda	54	6.5.3	Flere innvandrere deltar i samfunnslivet	109
3.9	Kommunale stønader	59	6.6	Inntektssikringsordningar som gir økonomisk trygghet og samtidig stimulerer til arbeid	111
4	Oppmodingsvedtak	61	6.6.1	Kombinere uføretrygd og arbeid ..	112
5	Oversiktstabellar	76	6.6.2	Endringer i barnetilleggene	113
5.1	Utgifter og inntekter fordelte på kapittel	76	6.6.3	Sosiale ordninger for selvstendig næringsdrivende og frilansere	113
5.2	Bruk av stikkordet «kan overførast»	80	6.7	Gode og forutsigbare pensjoner for dagens og framtidige generasjoner	114
Del II	Budsjettforslag	81	6.7.1	Mål for pensjonspolitikken	114
6	Arbeids- og inkluderingsdepartementets budsjettforslag for 2024	83	6.7.2	Det samlede pensjonssystemet	115
6.1	Et velfungerende arbeidsmarked med god utnyttelse av arbeidskraften	84	6.7.3	Pågående prosesser på pensjonsområdet	115
6.1.1	Formidling og arbeidsmarkedstiltak	84	6.8	Inkludering i samfunnet og gode levekår for de vanskeligst stilte	120
6.1.2	Motvirke langtidsledighet	85	6.8.1	De sosiale tjenestene i NAV-kontoret og forebyggende sosialt arbeid	120
6.1.3	Dagpengeordningen og permitteringsregelverket	85	6.8.2	Samarbeid med frivillig sektor og sosiale entreprenører	123
6.1.4	Arbeidsinnvandring	86	6.8.3	Tiltak mot fattigdom	123
6.2	Et sikkert og seriøst arbeidsliv	86	6.8.4	Hjelpemidler	125
6.2.1	Trygge rammer og et organisert arbeidsliv	87			
6.2.2	Forebyggende arbeidsmiljøarbeid	89			

<i>Programkategori 09.00 Administrasjon</i>	126	<i>Programkategori 09.70 Integrering og mangfold</i>	198
Kap. 600 Arbeids- og inkluderingsdepartementet	126	Kap. 670 Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	199
Kap. 601 Utredningsvirksomhet, forskning mv.	127	Kap. 3670 Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	201
<i>Programkategori 09.10 Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken</i>	136	Kap. 671 Bosetting av flyktninger og tiltak for innvandrere	202
Kap. 604 Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltningen	136	Kap. 3671 Bosetting av flyktninger og tiltak for innvandrere	214
Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten	138	Kap. 672 Opplæring i norsk og samfunns kunnskap for voksne innvandrere	215
Kap. 3605 Arbeids- og velferdsetaten	145	Kap. 3672 Opplæring i norsk og samfunns kunnskap for voksne innvandrere	219
Kap. 606 Trygderetten	146	<i>Programkategori 29.20 Enslige forsørgere</i>	220
<i>Programkategori 09.20 Tiltak for bedrede levekår mv.</i>	148	Kap. 2620 Stønad til enslig mor eller far	220
Kap. 621 Tilskudd til sosiale tjenester og sosial inkludering	148	<i>Programkategori 29.50 Inntektssikring ved sykdom og uførhet</i>	223
<i>Programkategori 09.30 Arbeidsmarked</i>	154	Kap. 2650 Sykepenger	224
Kap. 634 Arbeidsmarkedstiltak	154	Kap. 2651 Arbeidsavklaringspenger	229
Kap. 3634 Arbeidsmarkedstiltak	162	Kap. 2655 Uførhet	234
Kap. 635 Ventelønn	163	<i>Programkategori 29.60 Kompensasjon for merutgifter ved nedsatt funksjonsevne mv.</i>	243
Kap. 3635 Ventelønn mv.	163	Kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemidler mv.	243
<i>Programkategori 09.40 Arbeidsmiljø og sikkerhet</i>	164	<i>Programkategori 29.70 Alderdom</i>	249
Kap. 640 Arbeidstilsynet	166	Kap. 2670 Alderdom	249
Kap. 3640 Arbeidstilsynet	169	<i>Programkategori 29.80 Forsørgertap og eneomsorg for barn mv.</i>	254
Kap. 642 Petroleumstilsynet	170	Kap. 2680 Etterlatte	254
Kap. 3642 Petroleumstilsynet	170	Kap. 2686 Stønad ved gravferd	258
Kap. 5571 Sektoravgifter under Arbeids- og inkluderingsdepartementet	170	<i>Programkategori 29.90 Diverse inntekter</i>	260
Kap. 643 Statens arbeidsmiljøinstitutt	171	Kap. 5701 Diverse inntekter	260
Kap. 646 Pionerdykkere i Nordsjøen	172	<i>Programkategori 33.30 Arbeidsliv</i>	262
Kap. 648 Arbeidsretten, Riksmekleren mv. .	173	Kap. 2541 Dagpenger	262
<i>Programkategori 09.50 Pensjoner mv. under Statens pensjonskasse</i>	175	Kap. 5705 Refusjon av dagpenger	264
Kap. 611 Pensjoner av statskassen	177	Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.	265
Kap. 612 Tilskudd til Statens pensjonskasse	177	Kap. 2543 Midlertidige stønadsordninger for selvstendig næringsdrivende, frilansere og lærlinger	266
Kap. 613 Arbeidsgiveravgift til folketrygden	182	Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs	267
Kap. 2470 Statens pensjonskasse	182		
Kap. 5470 Statens pensjonskasse	187		
<i>Programkategori 09.60 Kontantytelser</i>	188		
Kap. 660 Krigspensjon	188		
Kap. 664 Pensjonsordningen for arbeidstakere til sjøs	190		
Kap. 665 Pensjonstrygden for fiskere	192		
Kap. 666 Avtalefestet pensjon (AFP)	193		
Kap. 667 Supplerende stønad	196		

Del III	Omtale av særlege tema	269	12	Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemdar – STAMI	304
7	Fordrivne frå Ukraina	271			
8	FNs berekraftsmål	276	13	Nye internasjonale standarder fra ILO	308
9	Likestilling og mangfald	286			
10	Samfunnssikkerheit	299		Forslag	317
11	Grunnbeløp, pensjon, trygd og stønader	301			

Figuroversikt

Figur 3.1	Utvikling i sysselsettingsandel, 15–74 år og 15–24 år. Sesong- og brotjusterte månadstal, AKU. Indeks januar 2013=100	25	Figur 3.12	Søknader og vedtak om mellombels kollektivt vern, talla på busette og tal som er på vei til å bli busett mai 2022–september 2023	38
Figur 3.2	Arbeidsløysa	26	Figur 3.13	Sysselsetting blant personar med opphav frå Ukraina februar 2022 til august 2023	39
Figur 3.3	Utførte timeverk årlig per sysselsatt, 2022	28	Figur 3.14	Andel mottakarar av helserelevante ytingar, pst. av befolkninga 20–64 år, 2017 eller seinaste år ...	44
Figur 3.4	Unge i alderen 15–29 år som verken er i jobb, utdanning eller annan opplæring. Pst. av alle i aldersgruppa. 2010–2022	29	Figur 3.15	Antal mottakarar av helserelevante ytingar 18–66 år (venstre akse) og mottakarar som andel av befolkninga 18–66 år (høgre akse). Tal i tusen. Andel i pst. Tal ved utgangen av året 2002–2022. Tala er korrigerert for at ein kan ta imot meir enn éi yting samtidig	45
Figur 3.5	Innvandring og arbeidsløysa for ulike landgrupper	30	Figur 3.16	Busette mottakarar av sjukepengar, arbeidsavklaringspengar og uføretrygd som andel av befolkninga (busette i Noreg) 18–66 år. Pst. Tal ved utgangen av året 2002–2022	46
Figur 3.6	Lønnstakarar etter alder. Pst. av befolkninga i same aldersgruppe. Busette 60–74 år. 2. kvartal 2010–2023	31	Figur 3.17	Mottakarar av helserelevante ytingar i alderen 18–29 år og 60–66 år som andel av befolkninga i desse aldersgruppene. Tala er korrigerert for at ein kan ta imot meir enn éi yting samtidig. Tal ved utgangen av året 2002–2022	48
Figur 3.7	Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre busette i Noreg 1970–2023. Antal	32	Figur 3.18	Mottakarar av helserelevante ytingar som andel av befolkninga i alderen 18–66 år. Busette personar født i Noreg og alle busette. 2002–2022. Pst.	49
Figur 3.8	Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre ved inngangen til 2023, etter landbakgrunn. 1.1.2023. Antal	32			
Figur 3.9	Ikkje-nordiske innvandringar etter innvandringsgrunn. 1990–2022. Antal	33			
Figur 3.10	Utdanningsnivå 16 år og eldre, etter innvandringskategori og innvandringsgrunn. 2022. Pst.	33			
Figur 3.11	Registrerte sysselsette, etter innvandringskategori og innvandringsgrunn. Pst. av personar 20–66 år. 4. kvartal	34			

Figur 3.19	Estimat på tapte årsverk knytte til mottak av helserelaterte ytingar som andel av befolkninga 18–66 år. Tapte årsverk i løpet av året for 2001, 2005, 2009–2022. Pst.	50	Figur 6.1	Sykefraværsprosenten. Sesongjustert og sesong- og influensajustert. 2. kvartal 2000–2. kvartal 2023	93
Figur 3.20	Estimat på fordelinga av tapte årsverk knytt til sjukefråvær, mottak av arbeidsavklaringspengar og uføretrygd som andel av totalt antal tapte årsverk	51	Figur 6.2	Folketrygdens utgifter til sykepenger til arbeidstakere. Mill. kroner. Januar 2018–juni 2023	227
Figur 3.21	Utviklinga i antal alderspensjonistar frå folketrygda, middelbestand. Tusen. Historiske tal 1980–2022. Framskrivningar 2023–2050	51	Figur 6.3	Mottakere av arbeidsavklaringspengar. Tall for desember 2013–2022. Antall mottakere (venstre akse) og andel av befolkninga som tar imot ytelsen (høyre akse)	231
Figur 3.22	Utgiftsverknad av pensjonsreforma målt i fast G. mrd. 2023-kroner (G = 116 239 kroner)	53	Figur 6.4	Avganger fra arbeidsavklaringspengar i 2022 – status 6 måneder etter avgang	233
Figur 3.23	Realvekst i median samla inntekt før og etter skatt for personar 60 år og eldre, 2011–2021. Pst.	54	Figur 6.5	Mottakere av uføretrygd. Antall mottakere (venstre akse) og mottakere som andel av befolkninga i aldersgruppen 18–66 år (høyre akse) ved utgangen av året. Antall i tusen. Andel i pst. 2013–2022	239
Figur 3.24	Utgifter til økonomisk sosialhjelp og antal stønadsmottakarar i løpet av året. Tal i tusen. Utgifter i mrd. i faste 2022-kroner. 2002–2022	59			

Oversikt over bokser

Boks 1.1	Mål for arbeids-, integrerings- og velferdspolitikken	13	Boks 3.1	Faktabok om arbeidsmiljø og helse	40
Boks 2.1	Regjeringa sine viktigaste tiltak i arbeids-, integrerings- og velferdspolitikken	17	Boks 3.2	Låginntekt som indikator på fattigdom og levekårsproblem	42
			Boks 6.1	Arbeidsmarkedstiltak	155



DET KONGELIGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2024

Utgiftskapitler: 600–672, 2470, 2541–2542, 2620–2686

Inntektskapitler: 3605–3672, 5470, 5701–5705

*Tilråding fra Arbeids- og inkluderingsdepartementet 21. september 2023,
godkjent i statsråd samme dag.
(Regjeringen Støre)*

Del I
Innleiande del

1 Innleiing

Arbeid til alle i eit trygt arbeidsliv og gode velferdsordningar er nøkkelen til meir rettferdig fordeling, integrering og fridom for den enkelte. Framveksten og utviklinga av velferdsstaten bygger på sterke fellesskap, høg tillit og små forskjellar.

Regjeringa legg arbeidslinja til grunn i arbeids- og velferdspolitikken. Alle som kan og vil jobbe, skal få moglegheit til å jobbe i eit sikkert og seriøst arbeidsliv.

Den norske arbeidslivsmodellen med høg organisasjonsgrad og godt partssamarbeid har gitt norsk arbeidsliv høg produktivitet, sterk konkurransekraft og stor omstillingsevne, og bidrar til eit samfunn med høg tillit og små forskjellar. Regjeringa legg stor vekt på trepartssamarbeidet i arbeidet med viktige samfunnsoppgåver.

I mange næringar er det stor etterspørsel etter arbeidskraft. I nokre av dei bransjane som slit mest med rekrutteringa, finn vi også dei største utfordringane når det gjeld seriøse og anstendige arbeidsvilkår. Regjeringa sin politikk for å ta vare på eit seriøst og anstendig arbeidsliv og styrke rettane til arbeidstakarane vil mellom anna bidra til at utsette bransjar blir tryggare og meir attraktive og derfor enklare å rekruttere til.

Regjeringa gjennomfører ei tillitsreform i offentleg forvaltning. Målet med reforma er å gi meir velferd og betre tenester til brukarane. Reforma skal utformast i samspel med brukarorganisasjonar, tillitsvalde og leiinga i alle store offentlege verksemdar.

Integreringspolitikken skal bidra til å få fleire til arbeid, bygge sterke fellesskap og gode fellesarenaer, fremme likestilling og ta opp kampen mot negativ sosial kontroll.

Russlands angrepskrig i Ukraina har ført til ein stor auke i talet på flyktningar til Noreg. Rekordmange er busett i kommunar over heile landet, og mange vil bli busett også i året som kjem. Regjeringa arbeider for at dei fordrivne frå Ukraina skal komme raskt i arbeid og aktivitet.

Arbeid til alle i eit inkluderande arbeidsliv

Arbeidskrafta er vår viktigaste ressurs, og den ressursen må vi forvalte godt. Arbeid gir inntekt

og betre levekår for den enkelte og for familiane. Høg sysselsetting er nødvendig for høg verdiskaping i samfunnet, og gjer at vi kan ha gode velferdsordningar. Arbeidsmarknadspolitikken til regjeringa skal også bygge bru mellom behovet for arbeidskraft hos arbeidsgivarane og dei som står utanfor. Mange av dei som står utanfor arbeid, treng kvalifisering og hjelp til å komme i jobb.

I året som kjem vil mange av dei fordrivne frå Ukraina bli klare for arbeid etter fullført introduksjonsprogram. Regjeringa sitt mål er at desse skal raskt i arbeid og aktivitet. Arbeid er det viktigaste verkemiddelet mot fattigdom, avlastar budsjetta til kommunane og legg til rette for integrering på arbeidsplassen og i kvardagslivet. Gode resultat avheng av at kommunane, Arbeids- og velferdsetaten og arbeidsgivarane samarbeider godt om blant anna arbeidsretta tiltak og fleksibel språkkopplæring.

Det er viktig for regjeringa at det skal bli lettere for folk med nedsett arbeidsevne og helseproblem å utnytte arbeidsevna si, og at det skal bli enklare å kombinere trygd med inntektsgivande arbeid. Det er særleg viktig å få unge menneske som i dag mottek trygdeytningar, i arbeid og aktivitet.

Regjeringa har innført ein ny ungdomsgaranti for å sikre at unge som treng hjelp til å komme i arbeid, får tidleg innsats, tett og individuelt tilpassa oppfølging så lenge det er nødvendig. Ei betre samordning av tenester frå arbeids- og velferdsforvaltninga, helsetenestene og utdanningssystemet skal motverke at ungdom og unge vaksne fell på utsida av skole og arbeid. Målet er at fleire skal fullføre utdanning og komme i jobb.

Regjeringa jobbar vidare med å utforme og iverksette eit forsøk med arbeidsorientert uføretrygd for nye unge uføre.

Regjeringa vil legge vekt på å gi NAV-kontora og tilsette i førstelinja større handlingsrom til å nyttiggjere seg av sin faglege kompetanse i arbeidet. Målet er at brukarane skal få betre tenester som er tilpassa ulike behov og livssituasjonar. Det betyr blant anna å utnytte det statleg-kommunale samarbeidet i NAV-kontora betre for å gi fagleg

gode og lokalt tilpassa tenester og at dei tilsette reelt skal vere med på å bestemme. Regjeringa meiner det er viktig å legge til rette for god brukarmedverknad både på individ- og systemnivå.

Styrking av rettane til arbeidstakarane i eit sikkert og seriøst arbeidsliv

Regjeringa fortsett arbeidet med å sikre trygge arbeidsforhold og styrke rettane til arbeidstakarane. I nært samarbeid med partane i arbeidslivet blir det ført ein politikk som stimulerer til høgare organisasjonsgrad og tariffavtaledekning, og for å sikre eit seriøst og organisert arbeidsliv. Blant anna inneber dette at arbeidet med å auke bruken av faste tilsettingar direkte i den verksemda der arbeidet blir utført, og arbeidet med å auke bruken av heile stillingar fortsett.

Useriøsitet, sosial dumping og arbeidslivskriminalitet utfordrar framleis deler av det norske arbeidslivet. Det er derfor viktig at Arbeidstilsynet er til stades og er synlege, og at det tverretatlege a-krimssamarbeidet blir oppretthaldt og vidareutvikla over heile landet. Regjeringa foreslår derfor både ei styrking av Arbeidstilsynet, i tillegg til ei styrking av det tverretatlege a-krimssamarbeidet i Innlandet fylke.

Integrering og mangfald

Regjeringa sin integreringspolitikk skal bidra til å få fleire i arbeid, bygge sterke fellesskap og gode fellesarenaer, fremme likestilling og kjempe mot negativ sosial kontroll. Integreringspolitikken skal legge vekt på raskare saksbehandling og arbeidslinja. Flyktningar skal bli busett raskt og treffsikkert i alle delar av landet. Alle innvandrarar skal bli møtt med dei same forventningane, og det skal vere mogleg for dei, som for alle andre, å kunne delta fullt ut på alle samfunnsområde.

Arbeidet med integrering vil også i året som kjem vere prega av Russlands invasjon av Ukraina. Millionar av menneske er ført på flukt, og rekordmange fordrivne har komme til Noreg. Regjeringa sette 11. mars 2022 i verk ei ordning med mellombels kollektivt vern for personar som har flykta frå Ukraina. Gjennom denne ordninga blir det gitt opphaldsløyve for eitt år, med høve til forlenging i inntil tre år. Regjeringa si integreringspolitikk omfattar med dette ei betydeleg gruppe fordrivne frå Ukraina.

Regjeringa vil at fordrivne skal ha eit godt opphald i Noreg med ein meningsfull kvardag, samtidig som utgangspunktet er at opphaldet er mellombels. Rask busetting er viktig for å komme

raskt i gang med livet i Noreg. Kommunane viser stor vilje og kapasitet til å busette mange flyktningar. Historisk mange fordrivne og andre flyktningar er i 2022 og 2023 busett i kommunar over heile landet, og busettinga går raskt.

Regjeringa har som mål at fordrivne frå krigen i Ukraina med mellombels kollektivt vern kjem raskt ut i arbeid eller anna aktivitet. Mange har behov for norskopplæring eller andre kvalifiserande tiltak før dei går ut i arbeid eller utdanning. Majoriteten av dei som er i målgruppa for introduksjonsprogram, har valt å delta i programmet. Det er eit mål å sikre vellukka arbeidsretting av programmet. Mange av dei som fekk mellombels kollektivt vern i 2022, vil vere ferdige med programmet i løpet av hausten 2023. Regjeringa arbeider for at desse skal komme raskt ut i arbeid. For å styrke arbeidslinja i norsk integreringspolitikk, er det viktig med godt samarbeid mellom integreringsmyndigheitene og andre statlege og kommunale aktørar, frivillige organisasjonar og partane i arbeidslivet.

Gapet mellom kompetansen den enkelte innvandrar har med seg og kompetansen arbeidslivet etterspør kan vere stort, særleg for flyktningar. Å investere i utdanning er viktig for at den enkelte skal få innpass i, og bli verande i, arbeidslivet. Fleire flyktningar skal få formell utdanning og betre norskferdigheiter innanfor ramma av introduksjonsprogrammet. Regjeringa ønsker også å styrke det arbeidsretta integreringsarbeidet i kommunane. Det er særleg behov for at fleire kvinner med innvandrarbakgrunn får tilbod om kvalifisering og kjem ut i arbeid eller ordinær utdanning. Regjeringa vil fortsette innsatsen for å auke kunnskap blant arbeidsgivarar om mangfald som ressurs gjennom ulike tiltak i regi av IMDi og i samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet og partane i arbeidslivet.

Sivilsamfunnet og særleg frivillige organisasjonar er viktige aktørar som bidreg til integrering. Regjeringa ønsker å styrke dei frivillige organisasjonane si rolle i integreringsarbeidet.

Rasisme og diskriminering er barrierar for integrering på alle samfunnsarenaer. Arbeidet mot rasisme og diskriminering er derfor ein viktig del av innsatsen for å få til ei vellykka integrering. Regjeringa jobbar med ein handlingsplan mot rasisme og diskriminering på grunnlag av etnisitet og religion. Planen skal leggast fram seinhausten 2023.

Negativ sosial kontroll og æresrelatert vald er også barrierar mot full deltaking og likestilling. I tillegg til ein eigen handlingsplan om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, arbeider

regjeringa også med ein ny opptappingsplan om vald og overgrep mot born og vald i nære relasjonar. Tiltak mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald inngår i planen.

Ekstremismekommisjonen som blei oppnemnd i 2022, skal ha ei brei tilnærming til ekstremismefeltet og innhente kunnskap som skal bidra til å gjere landet i stand til betre å førebygge radikaliserings- og framveksten av ekstremisme. Ekstremismekommisjonen sin rapport er venta våren 2024.

Gode velferdsordningar og mindre ulikskap i levekår

Det norske velferdssamfunnet har gode ordningar for inntektssikring og eit godt offentleg tilbod av tenester. Velferdsordningane er søkt utforma slik at dei kan bidra til velferd for den enkelte, jamn fordeling og god økonomisk vekst. Det er viktig for alle innbyggjarar. Gode inntektssikringsordningar og offentlege velferdstenester bidrar samtidig til å redusere økonomisk ulikskap og er særleg viktig for å betre levekåra for utsette grupper. Regjeringa vil ha eit samfunn med eit sterkt økonomisk og sosialt sikkerhetsnett for dei som treng det permanent eller i fasar av livet. Den økonomiske sikkerheita som gode velferdsordningar gir, er viktig både for den enkelte og for omstillingsevna i arbeidslivet.

Regjeringa er opptatt av å balansere omsynet til inntektssikring og omsynet til arbeidslinja på ein god måte. Det skal lønne seg for den enkelte å utnytte arbeidsevna si og forsørge seg sjølv. Samtidig skal også folk som av ulike grunnar ikkje er i arbeid, ha ein økonomi som gjer at dei kan leve verdige liv og delta på ulike arenaer i samfunnet. Regjeringa vil redusere dei økonomiske, sosiale og geografiske forskjellane i samfunnet. Mange som står utanfor arbeidslivet, har samansette

utfordringar når det gjeld mellom anna kompetanse, helse og bustad. Dei treng samordna bistand frå arbeids- og velferdsforvaltninga og andre tenester. Frivillige organisasjonar og sosiale entreprenørar er viktige aktørar som bidrar til å løyse sosiale utfordringar i samfunnet. Busetting av svært mange flyktningar på kort tid, gir press også på bustadpolitikken for utsette grupper i stort.

Kostnadsveksten den siste tida på mat, straum og drivstoff rammar i størst grad dei som har dårleg økonomi frå før. Regjeringa har gjennomført ei rekke tiltak for å motverke effekten av auka levekostnader i samfunnet, blant anna fleire tiltak for å betre situasjonen for utsette barnefamiljar, straumstøtte og endringar i bustøtteordninga. Frå 1. januar 2023 auka pensjonen for einslege minstepensjonistar. Vidare blei barnetillegga til mottakarar av arbeidsavklaringspengar, dagpengar og kvalifiseringsstønad oppjusterte frå 1. februar 2023. Frå 1. juli 2023 blei det gjort ei ekstraordinær prisjustering av statsbudsjettet, der blant anna tilskots- og stønadsatsar og dei statlege rettleiande satsane for økonomisk sosialhjelp blei oppjusterte. Sosialhjelpa er eit siste sikkerhetsnett for personar som ikkje kan sørge for sitt eige livsopphald gjennom arbeid, egne midlar eller ved andre økonomiske ytingar.

Gode og føreseielege pensjonar for dagens og framtidige generasjonar

Pensjonssystemet skal bidra til ein trygg og verdig alderdom for alle, men samtidig vere berekraftig over tid og stimulere til deltaking i arbeid. Hovudprinsippa i pensjonsreforma, slik som levealdersjusteringa, fleksibelt uttak av pensjon og høvet til å kombinere pensjon og inntekt frå arbeid, ligg fast. Samtidig kan det på enkelte område vere behov for justeringar. Eit politisk

Boks 1.1 Mål for arbeids-, integrerings- og velferdspolitikken

Dette er dei fastsette måla for Arbeids- og inkluderingsdepartementet sine ansvarsområde. Sjå nærmare omtale i del II, punkt 6.

1. Ein velfungerande arbeidsmarknad med god utnytting av arbeidskrafta
2. Eit sikkert og seriøst arbeidsliv
3. Redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet
4. God inkludering av utsette grupper i arbeidsmarknaden

5. God integrering av innvandrarar i arbeid og samfunn
6. Inntektssikringsordningar som gir økonomisk sikkerheit og samtidig stimulerer til arbeid
7. Gode og føreseielege pensjonar for dagens og framtidige generasjonar
8. Inkludering i samfunnet og gode levekår for dei mest vanskelegstilte

breitt samansett pensjonsutval foreslår i NOU 2022: 7 ein modell for ein gradvis auke av aldersgrensene i pensjonssystemet for å sikre gode pensjonsnivå også for framtidige generasjonar. Vidare foreslår utvalet at nivået på minsteytingane prinsipielt bør følge velstandsutviklinga i samfunnet, og at dei derfor skal regulerast med lønnsveksten. Regjeringa vil følge opp utgreiinga frå Pensjonsutvalet med sikte på eit nytt breitt politisk forlik om pensjon og involvere partane i arbeidslivet i dette arbeidet.

Det samla pensjonssystemet er no i hovudsak tilpassa prinsippa i pensjonsreforma og støttar opp under målet om å få fleire til å stå lenger i arbeid. Men på nokre område gjenstår det noko arbeid, blant anna å regelfeste den avtalte omlegginga av

AFP i offentleg sektor og regelfeste dei avtalte pensjonsreglane for personar med særaldersgrenser.

LO og NHO har greidd ut ei mogleg omlegging av AFP-ordninga i privat sektor, men det gjenstår for partane å bli einige om nivået på yttingane og finansieringa i ei reformert ordning. Regjeringa er innstilt på å gå i forhandling med partane med sikte på ei omlegging av ordninga.

Alderspensjon under utbetaling er frå 2022 regulert med gjennomsnittet av lønns- og prisveksten. Dei nye reglane gir ei jamnare utvikling i alderspensjonane, og ein unngår at pensjonistane får ein nedgang i realinntekta når lønnstakarar får reallønnsvekst.

2 Profil og satsingsområde

2.1 Samla budsjettforslag fordelt på programområde og programkategoriar

Nemning	Mill. kroner		
	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
<i>Programområde 09 Arbeid og sosiale formål</i>			
09.00 Administrasjon	717,6	780,9	8,8
09.10 Administrasjon av arbeids- og velferdspolitikken	13 707,4	14 877,5	8,5
09.20 Tiltak for bedrede levekår m.m.	395,9	402,4	1,6
09.30 Arbeidsmarknad	9 699,5	10 684,0	10,2
09.40 Arbeidsmiljø og sikkerheit	1 378,8	1 082,5	-21,5
09.50 Pensjonar m.m. under Statens pensjonskasse	10 199,4	10 536,1	3,3
09.60 Kontantytelser	4 220,4	4 685,0	11,0
09.70 Integrering og mangfald	19 369,7	28 790,3	48,6
Sum Arbeid og sosiale formål	59 688,8	71 838,8	20,4
<i>Programområde 29 Sosiale formål, folketrygda</i>			
29.20 Einslige forsørgarar	1 639,0	1 685,0	2,8
29.50 Inntektssikring ved sjukdom, arbeidsavklaring og uførhet	206 894,3	232 646,7	12,4
29.60 Kompensasjon for meirutgifter ved nedsatt funksjons- evne m.m.	11 718,2	13 045,0	11,3
29.70 Alderdom	289 622,0	316 740,0	9,4
29.80 Forsørgartap m.m.	2 380,2	3 643,6	53,1
Sum Sosiale formål, folketrygda	512 253,7	567 760,3	10,8
<i>Programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda</i>			
33.30 Arbeidsliv	10 116,8	13 683,0	35,3
Sum Arbeidsliv, folketrygda	10 116,8	13 683,0	35,3
Sum Arbeids- og inkluderingsdepartementet	582 059,3	653 282,1	12,2

Det samla budsjettforslaget for 2024 frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet er på 653,3 mrd. kroner. Budsjettforslaget inneber ein samla vekst i utgiftene på om lag 71,2 mrd. kroner, eller

12,2 pst., samanlikna med saldert budsjett for 2023. I tråd med at regjeringa i revidert nasjonalbudsjett for 2023 avgjorde å overføre det konstitusjonelle ansvaret for Petroleumstilsynet (Havin-

dustritilsynet frå 1. januar 2024) frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet til Olje- og energidepartementet, blir budsjetttramma til Arbeids- og inkluderingsdepartementet redusert med om lag 394,6 mill. kroner i 2024.

Budsjettforslaget for 2024 for dei G-regulerte ytingane inkluderer anslått effekt av reguleringa av grunnbeløpet i folketrygda per 1. mai 2024 og overhenget frå trygdeoppgjeret frå 2023. Som følge av dette aukar utgiftsanslaget for 2024 med til saman 23,2 mrd. kroner.

Endringane samanlikna med saldert budsjett for 2023 blir påverka av at utviklinga i 2023 har avvike frå det som låg til grunn for budsjettforslaget for 2023. Årsaka er blant anna at veksten i sjukefråvær og antalet mottakarar av arbeidsavklaringspengar blei høgare enn det som var lagt til grunn i budsjettet. For å illustrere dette samanliknar tabellen under forslaget til budsjett for 2024 med siste anslag på rekneskap for 2023 for utgifter til folketrygda og saldert budsjett for 2023. I tillegg aukar utgiftene til busetting og integrering av dei mange fordrivne frå Ukraina.

Utgifter under folketrygda i mill. kroner¹

Nemning	Saldert budsjett 2023	Anslag på rekneskap 2023	Pst. endr. 23/24		
			Forslag 2024	frå saldert budsjett	frå anslag på rekneskap
<i>Sosiale formål, folketrygda</i>					
Sjukepengar	51 815,3	60 007,5	62 237,5	20,1	3,7
Arbeidsavklaringspengar	36 569	40 930	44 709,2	22,3	9,2
Uførlaik	118 510	118 030	125 700	6,1	6,5
Alderspensjon	289 622	296 460	316 740	9,3	6,8
Anna ²	15 737,4	16 298	18 374,3	16,8	12,7
<i>Dagpengar</i>	9 361,8	10 680	12 818	36,9	20
Sum	521 615,5	542 406	580 579	11,3	7

¹ Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv. er ikkje inkludert i denne oversikta.

² «Anna» inkluderer stønad til einsleg mor og far, grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel mv., etterlatne og stønad ved gravferd. Bi-dragforskot er ikkje inkludert.

Ei oversikt over realveksten for sentrale ytingar i folketrygda under Arbeids- og inkluderingsdepartementet er gitt i tabellen *Utviklinga i ytingane frå folketrygda etter stønadstype 2009–2024* under punkt 3.8 Utvikling i utgiftene frå folketrygda.

2.2 Satsingar og hovudprioriteringar

Budsjettforslaget frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet bygger opp under ein velfungerande arbeidsmarknad og eit meir inkluderande arbeidsliv som skal stimulere til arbeid og sjølvforsøring.

Regjeringa sine tiltak og verkemiddel skal møte dei langsiktige utfordringane med å

- auke sysselsettinga
- skape eit sikkert, seriøst og meir inkluderande arbeidsliv

- utforme gode velferdsordningar
- bidra til god integrering og deltaking i arbeidslivet for flyktningar og fordrivne

Nedanfor følger ein overordna omtale av dei viktigaste satsingane og prioriteringane for 2024 på Arbeids- og inkluderingsdepartementet sine ansvarsområde.

2.2.1 Arbeidsmarknadspolitikken

Arbeidsmarknadspolitikken skal bidra til ein velfungerande arbeidsmarknad med god utnytting av arbeidskrafta. Det er sentralt å styrke jobbsjansane for personar som har problem med å skaffe seg arbeid på eiga hand. Det er vidare viktig å motverke utstøying og diskriminering og sikre eit tilrettelagt arbeidstilbod for grupper som treng det.

Boks 2.1 Regjeringa sine viktigaste tiltak i arbeids-, integrerings- og velferdspolitikken

- *Ungdomsgaranti* – Ungdomsgarantien blei iverksett 1. juli 2023. I 2024 vil garantien gjelde for heile året. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga til Arbeids- og velferdsetaten i 2024. Her inngår det også midlar til kompetansetiltak for å sikre god kvalitet i oppfølginga og utvikling av digitale tenester som er betre tilpassa unge sine behov.
- *Arbeidsmarknadstiltak* – Regjeringa foreslår at den samla løyvinga til arbeidsmarknadstiltak blir auka med 238 mill. kroner i 2024 slik at innsatsen kan vidareførast på om lag same nivå som hausten 2023.
- *Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser* – Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 6 mill. kroner i 2024.
- *Funksjonsassistanse i arbeidslivet* – Løyvinga blei auka i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2023, blant anna for å gi rom for fleire mottakarar. Det er viktig å gi rom for nye mottakarar også i 2024. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga med 30,7 mill. kroner i 2024.
- *Etterlatnereforma* blir iverksett frå 1. januar 2024. Ny barnepensjon har ein kostnad på 1 136 mill. kroner. Samla budsjetteffekt av reforma er anslått til 974 mill. kroner i 2024.
- *Vidareføre auka kapasitet i IMDi* med 55 mill. kroner til å handtere busetting og integrering av fordrevne frå Ukraina.
- *Meir fleksibel norskopplæring for flyktningar og fordrevne* ved å legge til rette for oppretting av eit nasjonalt tilbod for lærerstyrt digital norskopplæring – 30 mill. kroner.
- *Forsøk med arbeidsorientert uføretrygd for nye unge uføre* – Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 82,5 mill. kroner til forsøket.
- *Endringar i barnetillegg*. Regjeringa foreslår at barnetillegget for mottakarar av arbeidsavklaringspengar, dagpengar og kvalifiseringsstønad skal prisjusterast årleg – 36 mill. kroner. Regjeringa foreslår også ei endring slik at mottakarar av arbeidsavklaringspengar, uføretrygd og kvalifiseringsstønad får utbetalt barnetillegg sjølv om barnet har eiga inntekt – 6,2 mill. kroner.
- *Varig tilrettelagt arbeid (VTA)* – Regjeringa foreslår 500 fleire plassar i VTA i 2024 – 82,4 mill. kroner.
- *Styrkt innsats mot useriøsitet, sosial dumping og arbeidslivskriminalitet* – Regjeringa foreslår 20 mill. kroner til a-krimssamarbeid i Innlandet og auka løyving til Arbeidstilsynet -
- *Forsøk med tilrettelagt vidaregåande opplæring* – Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 25 mill. kroner i 2024.
- *Utprøving av modellar for samhandling mellom arbeids- og helsesektoren*, ein modell der NAV-rettleiari inngår i Rask psykisk helsehjelp-team (RPH) og ein modell der NAV-rettleiari inngår i eit samarbeid på fastlegekontoret – 18,7 mill. kroner (inkl. 7 mill. kroner over Helse- og omsorgsdepartementets budsjett).
- *Kvalitativt betre tolketenester i Arbeids- og velferdsetaten* ved ei styrking av driftsløyvinga til etaten til fleire fast tilsette tolkar – 12,3 mill. kroner.
- *Prosjekt 4 i IKT-moderniseringa i Arbeids- og velferdsetaten* blir ført vidare i 2024 for å tilby nye og gode tenester til både arbeidsgivarar og personbrukarar når det gjeld blant anna dagpengar, arbeidsavklaringspengar og dei arbeidsretta tenestene i etaten – 429 mill. kroner.
- *Styrke arbeidet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald* ved å auke talet på minoritetsrådgjevarar i skolane, styrke kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald og utvide bu- og støttetilbodet for personar over 18 år utsett for negativ sosial kontroll og æresrelatert vald – til saman 13,2 mill. kroner.
- *Styrke arbeidet for mangfald og mot rasisme og diskriminering* gjennom tilskot til kommunar som jobbar aktivt for mangfald og mot diskriminering over ordninga Utvikling av kommunale kvalifiserings- og integrerings tiltak – 10 mill. kroner.
- *Styrking av Trygderetten* som ein del av oppfølginga av NOU 2023: 11 *Raskt og riktig* – 9,4 mill. kroner i 2024.

Med unntak av ein topp våren 2022, har ikkje sysselsettinga vore høgare sidan hausten 2009. Arbeidsløysa er lågare enn gjennomsnittet dei siste 15 åra. Det er framleis mange ledige stillingar i arbeidsmarknaden. Med stor etterspørsel etter arbeidskraft har mange av dei som står utan arbeid, gode sjansar til å komme inn i arbeidsmarknaden. Samtidig er det mange som treng bistand for å komme i arbeid og som vil betre sine sjansar for å få jobb ved å delta i arbeidsmarknadstiltak.

Sjå også nærmare omtale i punkt 6.1 Et velfungerende arbeidsmarked med god utnyttelse av arbeidskraften, 6.4 God inkludering av utsatte grupper i arbeidsmarkedet og programkategori 09.30 Arbeidsmarked.

Arbeidsmarknadstiltak

Det er mange som treng bistand for å komme i arbeid og som vil betre sine sjansar for å komme i jobb ved å delta i arbeidsmarknadstiltak. Tal for registrerte ledige og tal for personar med nedsett arbeidsevne har auka det siste året og det er ikkje venta nokon nedgang i 2024. Løyvinga til arbeidsmarknadstiltak blei styrka i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2023. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til arbeidsmarknadstiltak for 2024 slik at innsatsen kan vidareførast på same nivå som hausten 2023. Forslaget vil også gi grunnlag for at Arbeids- og velferdsetaten kan tilby tiltak i eigenregi på fleire NAV-kontor.

Ordninga Individuell jobbstøtte (IPS) skal bidra til at personar med moderate til alvorlege psykiske lidningar og/eller rusproblem kjem over i ordinært, lønna arbeid gjennom tett og samtidig oppfølging frå Arbeids- og velferdsetaten og helse- og omsorgstenesta. Frå 2021 er det også sett i gang eit forsøk for unge i målgruppa, IPS ung, der målet er at fleire gjennomfører utdanning og kjem i jobb. Forslag til løyving i 2024 gir grunnlag for å styrke IPS. Satsinga har samanheng med Meld. St. 23 (2022–2023) Opptappingsplanen for psykisk helse og Prop. 1 S (2023–2024) frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Sjå nærmare omtale under kap. 634 Arbeidsmarkedstiltak.

Ungdomsgaranti

Ungdomsgarantien blei iverksett 1. juli 2023. Den gjeld for personar under 30 år som er registrert hos Arbeids- og velferdsetaten med behov for arbeidsretta bistand. Ungdomsgarantien skal sikre tidleg innsats og tett, individuelt tilpassa

oppfølging, og nødvendig hjelp opp mot andre relevante instansar, blant anna utdanningssektoren og helsetenesta. Målet er at fleire skal fullføre utdanning og komme i arbeid.

I 2024 vil garantien gjelde for heile året. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga til Arbeids- og velferdsetaten i 2024. Her inngår det også løyving til kompetansetiltak for å sikre god kvalitet i oppfølginga og utvikling av digitale tenester som er betre tilpassa unge sine behov.

Sjå nærmare omtale under kap. 605, post 01.

Fleire plassar i varig tilrettelagt arbeid (VTA)

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til VTA, inkludert personellressursar i Arbeids- og velferdsetaten, med 82,4 mill. kroner. Det vil gi rom for om lag 500 fleire plassar i 2024.

Regjeringa legg også fram ein fireårig opptappingsplan for VTA (2024–2027) som oppfølging av oppmodingsvedtak 605 av 18. april 2023. Sjå omtale av oppmodingsvedtak i punkt 4.

Sjå nærmare omtale under kap. 634, post 77.

Arbeids- og utdanningsreiser og funksjonsassistanse

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til tilskot til arbeids- og utdanningsreiser og funksjonsassistanse i arbeidslivet med 37 mill. kroner samla i 2024 samanlikna med Saldert budsjett 2023.

Sjå nærmare omtale under kap. 634, post 78 og 79.

Ferietillegg til dagpengar

For å styrke inntektssikringa ved ferie, innførte regjeringa eit ferietillegg til dagpengar i 2023. Dei som tek imot sjukepengar på grunnlag av dagpengar fekk eit tilsvarende ferietillegg. Regjeringa foreslår at ferietillegget til dagpengar slik det blei utforma for 2023, blir vidareført i 2024. Tilsvarende tilrår regjeringa at ferietillegget til mottakarar av sjukepengar på grunnlag av dagpengar blir vidareført i 2024.

Sjå nærmare omtale under kap. 2541, post 70.

2.2.2 Integrering av flyktingar og fordrivne

Integreringspolitikken skal bidra til å få fleire i arbeid, bygge sterke fellesskap og gode fellesarenaer, fremme likestilling og ta opp kampen mot negativ sosial kontroll. Regjeringa sitt hovudmål i integreringspolitikken er at fleire skal komme i arbeid.

Russland sin angrepskrig i Ukraina har ført til ein stor auke i talet på flyktingar til Noreg. Sidan krigsutbrotet har det komme over 57 000 fordrivne frå Ukraina, per 1. september 2023. Samtidig kjem det også fleire frå andre land, som frå Eritrea, Syria og Afghanistan. Også i 2024 er det venta at det vil komme svært mange flyktingar samanlikna med eit normalår. Busetting og integrering av desse vil prege arbeidet også i året som kjem.

Regjeringa sitt utgangspunkt er at dei fordrivne er i Noreg mellombels, og at dei skal raskt i arbeid eller anna aktivitet. Dei som blir busett og er mellom 18–55 år, får tilbod om introduksjonsprogram og språkopplæring i busettingskommunen. For dei med utdanning frå før skal tilbodet primært førebu flyktingane på arbeid. I tida som kjem, vil eit stort antal komme ut av introduksjonsprogram. Regjeringa vil jobbe for at desse skal komme raskt i arbeid og kunne forsørge seg sjølv. Det er bra både for den enkelte, for lokalsamfunnet og for kommunen. For å lykkast, er vi avhengige av innsats både frå kommunen, frå NAV, arbeidsgivarane og frå den enkelte flykting.

Regjeringa er samtidig opptatt av å ivareta den brede integreringspolitikken for alle grupper av innvandrarak og etterkommarane deira.

Fleksibel norskopplæring for flyktingar og fordrivne

Regjeringa ønsker at fordrivne frå Ukraina og andre flyktingar skal komme raskt ut i arbeid eller annan aktivitet. Samtidig har mange behov for å lære seg norsk. Den kommunale norskopplæringa skjer på dagtid i mange kommunar, noko som kan vere eit hinder for å komme raskt i arbeid. Regjeringa foreslår å løyve 30 mill. kroner for å legge til rette for etablering av eit nasjonalt tilbod om digital lærarstyrt norskopplæring. Målet er å betre tilgangen på fleksible tilbod for norskopplæring på kveldstid og helg der deltakarane kan kombinere opplæringa med jobb. Tilbodet kjem også andre nykomne innvandrarak til gode.

Sjå nærmare omtale under kap. 671, post 62.

Auka kapasitet i Integrerings- og mangfaldsdirektoratet for å handtere flyktingstraumen frå Ukraina

I 2022 og 2023 har IMDi fått mellombels auka løyving for å handtere den store flyktingstraumen frå Ukraina. IMDi vil framleis ha stor oppgåvemengde knytt både til høg busetting i 2024 og til å følge opp den rekordhøge busettinga frå dei føregåande åra. IMDi skal blant anna rettleie kommunane i

arbeidsretta integreringsarbeid og vere pådrivar og samordnar i integreringspolitikken. Regjeringa foreslår at den mellombels auken i løyvinga til IMDi blir vidareført med 55 mill. kroner.

Sjå nærmare omtale under kap. 670, post 01.

Arbeide mot rasisme og diskriminering i kommunane

Regjeringa foreslår 10 mill. kroner til tilskot til kommunar som jobbar aktivt med mangfald og ikkje-diskriminering, til tiltak og metodar av nasjonal interesse og med overføringsverdi til andre kommunar. Kommunane er sentrale aktørar i arbeidet med å forebygge og motarbeide rasisme og diskriminering. Tilskotet er eit tiltak i handlingsplanen mot rasisme og diskriminering, som regjeringa legg fram hausten 2023.

Sjå nærmare omtale under kap. 671, post 62.

Styrke arbeidet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

Regjeringa styrkar arbeidet mot negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse med til saman 13,2 mill. kroner gjennom tre tiltak i budsjettet for 2024. Minoritetsrådgjevarane har spisskompetanse om tematikken, og dei gjer eit viktig arbeid med å følge opp elever og tilsette på vidaregåande skoler og ungdomskolar rundt i heile landet. Regjeringa foreslår å styrke ordninga med seks årsverk i 2024. Vidare foreslår regjeringa å styrke kompetansteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald med to årsverk. Kompetansteamet er eit nasjonalt, tverretatleg team som rettleiar tilsette i hjelpetenestene som møter utsette personar i sitt arbeid, og enkeltpersonar som sjølv tar kontakt for å få hjelp. Dei siste åra har det vore ein auke i talet på saker til teamet. Regjeringa foreslår også å utvide det nasjonale bu- og støttetilbodet til personar over 18 år utsett for negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Utvidinga inneber både ein styrking av det eksisterande tilbodet, og ein pilot med eit nytt tilbod til personar som er utsett for ufrivillig opphald i utlandet.

Sjå nærmare omtale under kap. 670, post 01, kap. 671, post 62 og kap. 858, post 01.

2.2.3 Forsøk med arbeidsorientert uføretrygd

Regjeringa jobbar vidare med å utforme eit avgrensa forsøk med arbeidsorientert uføretrygd for uføre under 30 år, jf. Prop. 1 S (2022–2023), og har ein pågåande dialog med partane i arbeidsliv

vet om konkretisering og gjennomføring av forsøket. Dette blir også gjort i samråd med Arbeids- og velferdsdirektoratet. Det er framleis behov for ytterlegare dialog på ein del område. I forsøket skal ein kombinere to nye verkemiddel: at personar som har fått vedtak om (arbeidsorientert) uføretrygd skal få tett oppfølging frå Arbeids- og velferdsetaten, og at det blir avtalt mellom partane i arbeidslivet at lønna i desse tilfella kan settast lågare enn lønn fastsett på ordinære vilkår (trygdejustert lønn). Arbeidssøkarperioden skal inntektssikrast. Målgruppa for forsøket er ikkje dei som i dag kombinerer uføretrygd og ordinært arbeid, men unge under 30 år som elles ville fått 100 pst. uføretrygd. Utgiftene i 2024 vil vere knytt til systemendringar og drift av systemløyvinga, opplæring i Arbeids- og velferdsetaten, saksbehandling og oppfølging. Regjeringa foreslår å auke driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsetaten med 82,5 mill. kroner i 2024 for å dekke utgifter til igangsetting av forsøket. Forsøket skal også følgjast av ei prosess- og effektevaluering.

Sjå nærmare omtale i del II, under punkt 6.4 God inkludering av utsatte grupper i arbeidsmarkedet og programkategori 09.10, kap. 605, post 01.

2.2.4 Styrkt innsats mot useriøsitet, sosial dumping og arbeidslivskriminalitet

Styrkt a-krimssamarbeid i Innlandet

Konsekvensane av arbeidslivskriminalitet er alvorlege for dei arbeidstakarane som blir ramma. Det kan òg føre til dårlegare rekruttering til utsette yrke og næringar, og til svekt konkurranseevne for dei seriøse verksemdene.

Innlandet er eit område kor det har vore høg aktivitet i hyttebygging dei siste åra, og byggebransjen er ein bransje som erfaringsvis har vore svært utsett for arbeidslivskriminalitet. Andre utfordringar er til dømes utnytting av tilsette og manglande betaling av skatt og avgift i restaurantbransjen, og utfordringar rundt arbeidstid og underbetaling/lønnstyveri i landbruket.

Regjeringa foreslår å styrke a-krimssamarbeidet i Innlandet med 15 mill. kroner likt fordelt på Arbeidstilsynet, Skatteetaten, politiet og Arbeids- og velferdsetaten.

Sjå også omtale under punkt 6.2 Et sikkert og seriøst arbeidsliv, og kap. 640 Arbeidstilsynet.

Styrkt oppfølging av useriøsitet og sosial dumping

Dei fleste i Noreg arbeider under gode og forsvarlege arbeidsforhold, men det trygge, seriøse og

organiserte arbeidslivet blir utfordra av useriøse aktørar, sosial dumping og lav organisasjonsgrad i utsette bransjar og verksemdar. Regjeringa foreslår å styrke Arbeidstilsynet med 5 mill. kroner.

Arbeidstilsynet har ei særskild viktig rolle i å hindre at menneske blir utnytta og utsette for sosial dumping. Arbeidstilsynet sitt fremste verkemiddel mot useriøsitet og sosial dumping er fysiske tilsyn og å vera synlege på arbeidsplassar. Ei slik styrking vil gjere Arbeidstilsynet i stand til å gjennomføre fleire og meir målretta tilsyn.

Regjeringa sin handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet, og tiltaka i handlingsplanen får støtte av begge dei ovannevnte styrkingane. Dei støttar også opp under arbeidet med ein Noregsmodell og seriøsitetskrav i offentlege anskaffingar.

Sjå også omtale under punkt 6.2 Et sikkert og seriøst arbeidsliv, og kap. 640 Arbeidstilsynet.

2.2.5 Utprøving av modellar for samhandling mellom arbeids- og helsesektoren

Regjeringa foreslår ei satsing på å prøve ut to modellar for systematisk tenestehandling mellom Arbeids- og velferdsetaten og helsetenestene i kommunane:

- Modell der NAV-rettleiar inngår i Rask psykisk helsehjelp-team (RPH).
- Modell der NAV-rettleiar inngår i et samarbeid på fastlegekontoret saman med fastlege og ev. kognitiv terapeut.

Målet er å prøve ut tidleg og samtidig oppfølging av brukarar som har behov for oppfølging frå begge sektorar. Målgruppa er særleg personar med milde til moderate psykiske helseproblem og/eller rusproblem.

Forslaget gjeld ein forberedande fase med eit avgrensa antal pilotar. Kostnadene til personellressursar i Arbeids- og velferdsetaten, administrative ressursar i Arbeids- og velferdsdirektoratet og Helsedirektoratet og følgeforskning er anslått til 18,7 mill. kroner, og blir finansiert både over Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementets budsjett. Sjå nærmare omtale i del II under punkt 6.4 God inkludering av utsatte grupper i arbeidsmarkedet, programkategori 09.10, kap. 605, post 01 og Prop. 1 S (2023–2024) for Helse- og omsorgsdepartementet.

2.2.6 Endringar i barnetillegga

Rett til barnetillegg når barnet har eiga inntekt

I dag fell barnetillegga til arbeidsavklaringspengar, uføretrygd og kvalifiseringsstønad bort viss barnet har ei inntekt som overstig grunnbeløpet i folketrygda. Regjeringa foreslår ei endring slik at forsørgaren får utbetalt barnetillegget sjølv om barnet har eiga inntekt. Dersom retten til barnetillegg blir uavhengig av inntekta til barnet, blir det langt meir motiverande for unge å ta seg ein jobb. Det kan bidra til at barn og unge blir meir sjølvstendige, at dei kan få verdifull arbeidserfaring og at dei i større grad vil ha høve til å ivareta eigne interesser. Ei slik endring vil også gi desse familiane ein litt betre økonomi. Tiltaket er anslått å auke utgiftene for folketrygda med 6,2 mill. kroner.

Sjå nærmare omtale i del II under punkt 6.6 Inntektssikringsordningar som gir økonomisk trygghet og samtidig stimulerer til arbeid, programkategori 29.50, kap. 2651, post 70 og kap. 2655, post 70.

Prisjustering av barnetillegga

Regjeringa vil framover legge opp til at hovudregelen er ei årleg prisjustering av barnetillegga til dagpengar, arbeidsavklaringspengar og kvalifiseringsstønad i tråd med overslaget for konsumprisvekst. Formålet er å bidra til at stønadmottakarar held kjøpekrafta oppe knytt til dei ekstraavgiftene som følger med å ha barn. Prisjusteringa er anslått å auke utgiftene til folketrygda med 36 mill. kroner i 2024. Meirutgifta på 2 mill. kroner for prisjustering av barnetillegg til deltakarar i kvalifiseringsprogrammet blir dekt gjennom prisjusteringa av kommuneramma.

Sjå nærmare omtale i del II under punkt 6.6 Inntektssikringsordningar som gir økonomisk trygghet og samtidig stimulerer til arbeid, programkategori 29.50, kap. 2651, post 70 og kap. 2655, post 70.

Barnetillegg til begge forsørgarar på tiltakspengar

Regjeringa foreslår at det blir gitt barnetillegg til begge foreldre som får tiltakspengar, tilsvarande som for mottakarar av dagpengar, arbeidsavklaringspengar og kvalifiseringsstønad.

Sjå nærmare omtale i del II under punkt 6.6 Inntektssikringsordningar som gir økonomisk trygghet og samtidig stimulerer til arbeid og kap. 634, post 76.

2.2.7 Styrking av tolketenesta for høyrselshemma, døve og døvblinde

Tolking for høyrselshemma, døve og døvblinde blir utført både av fast tilsette tolkar ved NAV Hjelpe-middelsentral og av frilanstolkar. For å auke talet på fast tilsette tolkar, blei driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsetaten auka med 32 mill. kroner i 2023. Formålet var å legge til rette for kvalitativt betre tolketenester, at det i større grad skal vere høve til å vareta prioriterte oppdrag og meir føreseieleg for brukarane. For ytterlegare å styrke tolketenesta, foreslår regjeringa å auke driftsløyvinga til Arbeids- og velferdsetaten med 12,3 mill. kroner i 2024, som gir rom for å auke talet på fast tilsette tolkar med om lag 13 årsverk. Sjå programkategori 09.10 og 29.60 for nærmare omtale.

2.2.8 IKT-modernisering i Arbeids- og velferdsetaten

Ei modernisering av IKT-systema i Arbeids- og velferdsetaten er nødvendig for å skifte ut svært gamle system som ikkje tilfredsstillar krav til sikkerheit og brukarvennlege tenester. Systema medfører også unødvendig mykje manuell behandling i ytingsforvaltninga og gjer det vanskeleg å implementere politiske reformer. Målet er å utvikle gode sjølvbeteningsløysingar for brukarane, gi dei innsyn i eiga sak og gjere det mogleg for dei å ha digital kommunikasjon med forvaltninga.

IKT-moderniseringa inneber eit langsiktig utviklingsløp. Moderniseringa består i 2024 av Prosjekt 4

Prosjekt 4 skal legge til rette for å ta kritisk funksjonalitet ut av Arena og fase ut Abetal. Desse systema handterer i dag mellom anna vesentlege ytingsområde som dagpengar og arbeidsavklaringspengar. I prosjektet planlegg Arbeids- og velferdsetaten også å modernisere tenesteyting og forvaltning av arbeidsmarknadstiltaka.

For 2024 foreslår regjeringa ei løyving på 429 mill. kroner til Prosjekt 4 i IKT-moderniseringa i Arbeids- og velferdsetaten.

Sjå programkategori 09.10 for nærmare omtale.

2.2.9 Trygderetten

Trygderetten sitt budsjett auker som ein del av oppfølginga av NOU 2023: 11 *Raskt og riktig*. Dette skal gå til to formål: Å anskaffe eit nytt saks- og arkivsystem og å sette igang eit tidsavgrensa prosjekt over tre år (2024–2026) for å bygge ned

restansar. For 2024 foreslår regjeringa ein auke i løyvinga til Trygderetten på 9,4 mill. kroner. Sjå programkategori 09.10 for nærmare omtale.

2.2.10 Pensjonsreforma

For å styrke berekrafta i pensjonssystemet og sikre ei god fordeling av byrder og gode mellom generasjonar blei pensjonsreglane lagde om frå 2011. Pensjonsreforma vil i betydeleg grad bidra til å dempe utgiftsveksten som følger av ei aldrande befolkning, samtidig som dei nye reglane gir gode insentiv til arbeid. Pensjonsreforma er ei grunnleggande endring av det norske pensjonssystemet, der mange av endringane kjem gradvis, og der full effekt av reforma ligg langt fram i tid. Regjeringa vil trygge framtidens pensjonar gjennom ein ansvarleg økonomisk politikk, og held fram med å gjennomføre pensjonsreforma.

Sjølv om hovudprinsippa i pensjonsreforma ligg fast, kan det på enkelte punkt vere behov for justeringar for å sikre at pensjonssystemet gir ein trygg og verdig alderdom for alle. Samtidig må pensjonssystemet vere berekraftig over tid. For å sikre berekrafta er det sentralt at fleire står lenger i jobb, slik at aldringa av befolkninga blir møtt med lengre yrkesliv. I tillegg var òg eit viktig mål at pensjonssystemet er sosialt berekraftig, der pensjonssystemet er og blir opplevd som rettferdig, og der byrder og gode blir jamt fordelte over generasjonane.

Regjeringa Solberg sette ned eit utval som skulle beskrive pensjonssystemet og evaluere om det er mogleg å nå dei langsiktige måla i reforma. Utvalet var breitt samansett, med medlemmer som var peikte ut av dei partia som har stilt seg bak pensjonsreforma gjennom tidlegare forlik og/eller regjeringsdeltaking. Utvalet leverte utgreiinga si (NOU 2022: 7 *Et forbedret pensjonssystem*) i juni 2022 med konkrete forslag til justeringar av pensjonssystemet, og utgreiinga har vore på høyring.

Pensjonsreforma har styrkt den økonomiske berekrafta betydeleg og sikrar ei betre fordeling av byrder og gode mellom generasjonar enn det som ville vore tilfellet dersom det gamle pensjonssystemet hadde blitt vidareført. Men reforma er likevel ikkje berekraftig dersom grupper av pensjonistar får urimeleg låge pensjonsnivå eller det blir urimeleg store forskjellar mellom ulike grupper pensjonistar. Regjeringa vil gå gjennom rapporten og høyringsinnspel og komme tilbake til Stortinget med eventuelle forslag til endringar i systemet. Regjeringa vil arbeide for breie forlik i

pensjonspolitikken, med mål om gode og føreseielege pensjonar for både dagens og framtidens generasjonar.

2.2.11 Budsjetteffekt av etterlatnereforma

Som eit ledd i oppfølginga av pensjonsreforma, har regjeringa vidareført arbeidet med etterlatnereforma som blei vedtatt av Stortinget i desember 2020. Nye reglar skal gjelde frå 1. januar 2024. Dagens gjenlevendepensjon blir erstatta av ei tidsavgrensa omstillingsstønad, og gjenlevendefordelane i alderspensjon og uføretrygd skal fasast ut. Barnepensjonen blir samtidig styrka. Avviklinga av dagens gjenlevendepensjon har små budsjetteffektar dei første åra etter omlegginga, og utgjer om lag 7 mill. kroner i mindreutgifter i 2024. Utfasinga av gjenlevendefordelane i alderspensjon og uføretrygd gir mindreutgifter på om lag 155 mill. kroner i 2024. Styrkinga av barnepensjonen betyr ein auke i utgiftene til denne ytinga. Barnepensjonen vil bli gitt med faste satsar til alle barn, satsane aukar, og alle barn vil få barnepensjon fram til dei fyller 20 år. Budsjetteffekten for 2024 er 1 136 mill. kroner. Samla budsjetteffekt av etterlatnereforma er anslått til 974 mill. kroner i 2024.

2.2.12 Administrative førebuingar i Statens pensjonskasse for innføring av ny offentlig tenestepensjon

Stortinget har vedtatt ny tenestepensjon i offentlig sektor, jf. Prop. 87 L (2018–2019), Innst. 314 L (2018–2019) og Lovvedtak 72 (2018–2019). Den nye tenestepensjonen vil få verknad for utbetalt pensjon når 1963-kullet fyller 62 år, dvs. frå 2025. Som følge av dette gjennomfører Statens pensjonskasse (SPK) administrative førebuingar. I 2023 er det gjennomført ei ekstern kvalitetssikring (KS2) av kostnadsrammer og usikkerheit for fase tre.

Departementet orienterte Stortinget om resultatet av KS2 våren 2023. På bakgrunn av KS2-rapporten tilrådde regjeringa overfor Stortinget i Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggslovingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2023* at Pro 25 fase tre startar opp i 2023, med ei kostnadsramme på 391 mill. 2023-kroner inkl. mva. På bakgrunn av Innst. 490 S (2022–2023) blei dette vedtatt av Stortinget, jf. romartalfullmakt XIV. Departementet og SPK vil følge opp merknader og tilrådingar frå kvalitetssikringa.

Sjå nærmare omtale under programkategori 09.50.

2.2.13 Nytt system for bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse

Statens pensjonskasse (SPK) administrerer bustadlånsordninga for medlemmer i SPK. I hovudtariffavtalane i staten går det fram at bustadlån kan ytast med inntil 2,3 mill. kroner. Ordninga er eit arbeidsgivarpolitisk verkemiddel som sorterer under Kommunal- og distriktsdepartementets (KDD) sektoransvar. Ordninga blir administrert av SPK etter KDDs *Instruks for forvaltning av boliglånsordningen i Statens pensjonskasse*. Ved utgangen av 2022 var utlånsporteføljen i overkant av 45 mrd. kroner fordelt på om lag 39 000 lånekundar.

Dagens lånesystem har ein høg driftsrisiko, og det er derfor nødvendig å investere i eit nytt system innan relativt kort tid. Dagens lånesystem er over 20 år gammalt, og har avgrensa funksjonali-

tet når det gjeld å vareta personvernlovgivinga og andre regulatoriske føringar.

I 2023 blei løyvinga til SPK auka med 40 mill. kroner for å dekke kostnadene med å anskaffe eit nytt lånesystem for 2023. I 2024 blir det foreslått løyvd 22 mill. kroner slik at SPK kan dekke kostnadene i 2024 med å anskaffe eit nytt lånesystem. Eit nytt system vil bidra til at staten også framover kan vareta forpliktingane dei har ifølge hovudtariffavtalane. I tillegg vil eit nytt system bidra til betre brukarvennlegheit for lånekundane, mellom anna ved at SPK kan ta i bruk digitale fellesløysingar for innhenting av offentleg tilgjengelege data.

Det er lagt opp til at det månadlege termingebyret låntakarane betaler, blir auka med ti kroner, frå 50 kroner til 60 kroner, frå det budsjettåret avskrivingskostnadene inntreffer, truleg frå slutten av 2024 eller frå 2025.

3 Sysselsetting, levekår, integrering og utvikling i sentrale inntektssikringsordningar

3.1 Innleiing

Høg sysselsetting og høg samla produktivitet er grunnlaget for god verdiskaping. Ein omfattande offentlig finansiert velferdsstat er avhengig av høg yrkesdeltaking. For den enkelte betyr det å ha ein jobb både stabil inntekt, personleg utvikling og deltaking på ein sosial arena. At mange er i arbeid, er ei viktig årsak til den relativt jamne inntektsfordelinga i Noreg.

Situasjonen i den norske arbeidsmarknaden er framleis god, sjølv om veksten i sysselsettinga har vore meir avdempa i første halvår 2023 enn i fjor. Samtidig er det mange som står utanfor arbeidsmarknaden.

Samanlikna med mange andre land i Europa er yrkesdeltakinga blant kvinner og seniorar høg, mens sysselsettinga blant menn i alderen 25–54 år er som gjennomsnittet for EU og under nivået i blant anna Sverige og Tyskland. Gjennomsnittleg arbeidstid i Noreg per sysselsatt er om lag som gjennomsnittet i EU, mens målt per innbyggjar er arbeidstida i underkant av gjennomsnittet i EU-landa.

Den demografiske utviklinga påverkar utgiftene til dei rettsbaserte ordningane i folketrygda. Vi lever stadig lenger. Befolkningsframskrivingar peiker i retning av at mens det no er fire personar i yrkesaktiv alder per person over 67 år, kan dette talet vere nesten halvert i 2060. Det har betydning for berekrafta i velferdsstaten. Ein stadig større del av ressursane i samfunnet vil i åra framover gå til å sikre ein trygg og verdig alderdom, noko som vil stille offentlege finansar, pensjonssystemet og dei andre velferdsordningane overfor store utfordringar. Ein auke i arbeidsinnsatsen òg blant eldre vil bidra til å styrke berekrafta i velferdsordningane.

God velferd i framtida er avhengig av god tilgang på arbeidskraft. Sjølv om arbeidsinnvandring har bidratt til høg aktivitet når etterspørselelen har vore stor, kan ikkje det vere ei løysing på varig basis. Dei fleste europeiske land har dei same demografiske utfordringane knytte til aldring. Derfor må dei innanlandske arbeidskraftre-

servane mobiliserast først og fremst. I tillegg til å få fleire til å jobbe lenger er det viktig å inkludere fleire i arbeid og sørge for god bruk av den arbeidskrafta som allereie er i jobb, blant anna ved å legge til rette for at fleire kan jobbe heiltid.

I dag er det for mange i yrkesaktiv alder som står utanfor arbeidslivet. Andelen mottakarar av helserelaterte ytingar er høg samanlikna med andre OECD-land. Denne andelen har halde seg relativt stabil dei siste tiåra. Mange stønadsmottakarar kan dels vere eit uttrykk for at Noreg har ein godt utbygd velferdsstat med mål om økonomisk og sosial utjamning. Personar med låg formell kompetanse, personar med helseproblem, unge og nokre innvandrargrupper er overrepresenterte blant dei som har problem med å få eller halda på ein jobb. Unge utan vidaregåande opplæring risikerer å få ein ustabil yrkeskarriere med lengre periodar utan jobb og med låg pensjonsopptening.

Det store fleirtalet i den norske befolkninga har høg levestandard og gode levekår. Ein godt fungerande arbeidsmarknad med høg sysselsetting og eit velorganisert arbeidsliv med koordinert lønnsdanning og små lønnsforskjellar utgjer eit viktig grunnlag for velferd og utjamning. Ein sterk velferdsstat med gode offentlege tenester og velferdsordningar som omfattar alle, er viktig for alle innbyggjarar, men betyr ekstra mykje for utsette grupper. Også eit omfordelende skattesystem bidrar til å utjamne forskjellar i levekår. Det er tendensar til aukande inntektsforskjellar og ein større andel med vedvarande låginntekt, sjølv om forskjellane og førekomsten av låginntekt er mindre i Noreg enn i andre land.

Arbeidsmiljøstandarden i Noreg er høg. I enkelte bransjar og yrke er det likevel utfordringar når det gjeld helse og sikkerheit. Sosial dumping, useriositet og arbeidslivskriminalitet er framleis eit stort problem, med negative konsekvensar for arbeidstakarane det angår, seriøse verksemder og samfunnet elles. Ei utvikling med aukande inntektsforskjellar, bruk av atypiske tilknytingsformer i enkelte bransjar og at dei som utfører arbeid, ikkje får del i nødvendig kompetanseutvikling, kan

bidra til eit meir todelt arbeidsliv og vil slik sett vere ein trussel mot den norske arbeidslivsmodellen. Målretta og kunnskapsbaserte tiltak, tilpassa regulering, kontroll og samarbeid mellom myndighetene og partane i arbeidslivet bidrar til å redusere utfordringane i arbeidslivet.


3.2 Situasjonen i arbeidsmarknaden

Stabil utvikling i arbeidsmarknaden

Etter den sterke gjeninnhentinga etter koronapandemien i mesteparten av 2022, er sysselsettinga no på eit høgt nivå, og arbeidsløysa er låg. Sjølv om etterspørselen etter arbeidskraft framleis er god, har oppgangen i sysselsettinga dempa seg, og vore moderat så langt i år. Antalet registrerte lønntakarar har auka med 2 000 personar i gjennomsnitt per månad gjennom første halvår. Tal for 2. kvartal viser at alle fylke har hatt vekst i sysselsettinga det siste året, og prosentvis har oppgangen vore om lag like sterk i privat og offentlig sektor. Det har også vore ei oppgang i alle næringer med unntak av forretningsmessig tenesteyting, der utleie av arbeidskraft inngår, sjå nærare omtale nedanfor.


I overkant av 70 pst. av befolkninga i yrkesaktiv alder er sysselsette i 2. kvartal når ein justerer for sesongvariasjonar. Med unntak av ein topp våren 2022, har ikkje nivået vore høgare sidan hausten 2009. Sysselsettingsandelen har auka mest blant dei yngste det siste året, sjå figur 3.1, eit mønster som er typisk frå tidlegare konjunkturoppgangar. Sjølv om sysselsettinga har auka klart i Noreg i perioden etter koronakrisa, har auka i mange andre europeiske land vore enda sterkare.

Høg etterspørsel etter arbeidskraft bidrog til eit rekordhøgt antal ledige stillingar i 2022. I 2. kvartal 2023 var det 117 800 ledige stillingar, ifølge tal frå Statistisk sentralbyrå. Omfanget av ledige stillingar har gått ned med om lag 10 pst. frå fyrste kvartal, men er framleis på et høgt nivå. Statistikk over nye ledige stillingar meldt til Arbeids- og velferdsetaten viser at omfanget hittil i 2023 er noko lågare enn i fjor. Bedriftene i Norges Bank sine regionale nettverk stadfester også at knappleik på arbeidskraft har avtatt noko. Likevel melder framleis ein del bedrifter om historisk stor mangel på kvalifisert arbeidskraft.



Figur 3.1 Utvikling i sysselsettingsandel, 15–74 år og 15–24 år. Sesong- og brotjusterte månedstal, AKU. Indeks januar 2013=100

Den registrerte arbeidsløysa har i hovudsak vore stabil det siste året. Det har likevel vore ei lita auke gjennom 1. halvår 2023. Ved utgangen av august var det registrert 54 600 heilt arbeidslause, som utgjer 1,9 pst. av arbeidsstyrken. Det er 0,3 prosentpoeng eller 6 700 personar høgare enn i august 2022. Samla var om lag 87 700 personar registrerte som arbeidssøkarar, dvs. heilt og delvis arbeidslause samt arbeidssøkarar på tiltak, ved utgangen av august 2023. Blant dei arbeidslause er det framleis mange særleg utsette grupper, blant anna unge under 30 år, enkelte innvandrergrupper, personar utan særleg utdanning og personar som har vore arbeidslause over lengre tid. Arbeidsløysa har auka i dei fleste yrke, fylke og aldersgrupper. Aktiviteten i bygge- og anleggsbransjen har vist svakare utvikling den seinaste tida, og arbeidsløysa har auka mest blant bygge- og anleggsarbeidarar i denne perioden. Samtidig bidrar fleire arbeidslause frå Ukraina til å trekke opp den samla arbeidsløysa. Videre er det no færre som har vore arbeidssøkarar i over eit år samanlikna med august 2022. Eldre arbeidssøkarar er overrepresentert blant dei som har vore arbeidslause i lang tid.



Figur 3.2 Arbeidsløysa

¹ Sesong- og brotjustert serie for AKU-tal. Siste observasjon er juli for registrert arbeidsløyse.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Arbeids- og velferdsetaten.

Arbeidsløysa målt i Arbeidskraftundersøkinga (AKU) er normalt høgare enn andelen som er registrert som heilt arbeidslause og personar på tiltak i Arbeids- og velferdsetaten, blant anna fordi AKU fangar opp fleire nykommarar i arbeidsmarknaden. Blant desse er til dømes dei som ikkje har opparbeidd seg dagpengerettar og som derfor ikkje melder seg som arbeidslause hos Arbeids- og velferdsetaten. Arbeidsløysa i AKU har vore stabil sidan årsskiftet, men har auka noko frå same tid i 2022, sjå figur 3.2 A. Ifølge AKU var arbeidsløysa 3,4 pst. av arbeidsstyrken i juli 2023.

Tal frå AKU viser at over 80 pst. av alle i alderen 20-66 år var i arbeidsstyrken (dvs. sysselsette

eller arbeidslause) i 2022. Motstykket til at mange deltar i arbeidslivet er at det er færre som står utanfor arbeidsstyrken. Andelen utanfor arbeidslivet har gått ned dei siste åra. Ein analyse frå Arbeids- og velferdsetaten viser at mens 19,7 pst. i alderen 20-66 år stod utanfor arbeid ved utgangen av desember 2022, utgjorde denne andelen 21,5 pst. i 2017. Analysen beskriv utviklinga som eit døme på at fleire kjem i jobb, og at andelen som står utanfor arbeid har blitt redusert. Fordrivne frå Ukraina trekk opp tala, og utanom desse ville andelen vore 19,3 pst. ved utgangen av 2022.


Personar som er registrert med nedsett arbeidsevne og har behov for ekstra oppfølging frå NAV-kontoret for å få eller behalde arbeid, utgjer hovuddelen av utanforskapet slik det er definert i analyser frå Arbeids- og velferdsetaten. Ved utgangen av 2. kvartal 2023 var det 212 000 personar, tilsvarande 6,1 pst. av befolkninga i alderen 18-66 år, som var registrerte med nedsett arbeidsevne. Av desse mottok 67 pst. arbeidsavklaringspengar, mens 10 pst. mottok uføretrygd. Ytterlegare 6 pst. mottok ein annan form for statleg yting, og dei fleste av desse var registrerte med sjukemelding.

Mobiliteten i arbeidsmarknaden er stor, uavhengig av konjunktursituasjonen. Tal frå AKU viser at sysselsettinga auka med 22 000 personar frå 1. til 2. kvartal i 2023. Bak dette talet er det store personbevegelsar mellom ulike statusar. Nokre gjekk frå å vere arbeidslause til sysselsette (47 000). Andre gjekk frå å vere sysselsette til å bli arbeidslause (21 000). Mange personar utanfor arbeidsstyrken (truleg mange studentar) blei sysselsette (100 000), og mange gjekk motsett frå å vere sysselsett til å falle utanfor arbeidsstyrken (69 000), blant anna grunna alder, utdanning, permisjonar og sjukdom. Desse straumane gir eit bilete av dynamikken og mobiliteten i arbeidsmarknaden. Samtidig gir slike jobbstraumar uttrykk for ei kontinuerleg omstilling i arbeidsmarknaden. Også tal for nye og avslutta jobbar illustrerer ei slik omstilling. Bak ein auke på 48 000 jobbar frå 2. kvartal 2022 til 2. kvartal 2023, skjuler det seg ein bruttovekst på nesten 320 000 nye jobbar, og eit opphøyr på vel 270 000 jobbar, viser registertal frå SSB.

Arbeidstid

Om lag tre av fire jobbar heiltid (74 pst.), og det har vore små endringar frå kvartal til kvartal dei siste par åra. Etter ein klar auke i heiltidsandelen i 2022, var det ein nedgang frå 2. kvartal 2022 til 2. kvartal 2023. I enkelte næringar og yrker er deltidsandelen særleg høg. Det er langt fleire kvinner enn menn som jobbar deltid, men forskjellen har avtatt. Blant kvinner er det klart fleire som jobbar heiltid no enn for to år sidan, mens det er motsett for menn. I 2. kvartal jobba 82,3 pst. av mennene heiltid og 64,8 pst. av kvinnene. Samtidig har undersyssettinga, det vil seie deltids-syssette som har forsøkt å få ei lengre avtalt arbeidstid, avtatt frå 2,7 til 2,0 pst. frå 2. kvartal 2022 til 2. kvartal 2023. Det er fleire kvinner enn menn som er undersyssette.

Deltid er meir vanleg blant innvandrarak, personar med låg utdanning og blant dei yngste og eldste i befolkninga. Høg deltidsandel blant unge skuldast i hovudsak at ein stor andel har utdanning som sin hovudaktivitet, og særleg gjeld det kvinner. Blant dei eldste er helsesituasjonen og moglegheitene til å kombinere pensjon og arbeid viktige forklaringsar. Den relativt høge deltidsandelen i Noreg saman med lågare tariffbestemt arbeidstid, bidrar til at antalet arbeidde timar per sysselsett i Noreg er låg samanlikna med mange andre land, sjå figur 3.3. Deltidsarbeid inneber ei avgrensing i utnyttinga av arbeidskraftressursane, og det ligg eit betydeleg arbeidskraftpotensial i å få fleire til å jobbe heiltid.



Figur 3.3 Utførte timeverk årlig per sysselsatt, 2022

Gjennomsnittleg utførte timeverk. Utførte timeverk svarar til antal faktiske arbeidstimar utført av alle sysselsatte personar i løpet av eit år, og inkluderer tillegg for utført overtid og frådrag for fråvær pga. sjukdom, permisjon og ferie.

Kjelde: OECD.

Tilknytingsformer

Andelen mellombels tilsette har halde seg forholdsvis stabil i fleire år, sjølv om brot i statistikken gjer det vanskeleg å samanlikne nivå før og etter 2021. Frå og med 2021 skal arbeidsgivarar rapportere i a-ordninga om ei tilsetting er mellombels. Dette gjer at ein fangar opp fleire slike tilsettingar i statistikken. Tal frå den registerbaserte sysselsettingsstatistikken viser at over 330 000 personar hadde ei mellombels tilsetting i 4. kvartal 2022. Det utgjorde 12 pst. av dei sysselsatte. Andelen med ei mellombels stilling var høgast innan undervisning, helse- og sosialtenester og overnatting og servering.

AKU viser færre mellombels tilsette enn den registerbaserte sysselsettingsstatistikken. Dette er ei intervjuundersøking der arbeidstakarar blir spurt om tilsettinga er fast eller mellombels. I 2. kvartal 2023 var 9,2 pst. av dei sysselsatte mellombels tilsett. Det var ein auke på 1 prosentdel frå 2. kvartal 2022. Blant menn var 7,3 pst. tilsett i ei mellombels stilling i 2. kvartal, mens det same gjaldt 9,8 pst. av kvinnene. Andelen mellombels tilsette blir redusert med alder. Blant unge under 25 år er vel 26 pst. mellombels tilsett, mens andelen er 12 pst. i gruppa 25–29 år, og berre 3,6 pst. i aldersgruppa 40–54 år. Overnatting og serveringsverksemd, jordbruk, undervisning og helse- og sosialtenester er blant næringane med størst omfang av mellombels tilsettingar.


SSB har starta med å publisere kvartalsvis statistikk over jobbar i verksemdar som leiger ut arbeidskraft. Utleige utgjorde 56 200 jobbar i 2. kvartal, ein nedgang på 9,4 pst. frå året før. Nedgangen var størst innanfor kontor- og handverksyrker. Samtidig har det vore ein auke i sysselsettinga i andre næringar. Ifølge SSB må nedgangen sjåast i samanheng med regelverksendringa for innleige av arbeidskraft som trådte i kraft 1. april 2023. Dei vanlegaste yrka for tilsette i utleigenæringa er barnehage- og skolefritidsassistent, kontormedarbeidar og tømrrar/snikkar. Utanlandske pendlarar, det vil seie arbeidstakarar som ikkje er busett i Noreg, står for om lag ein firedel av jobbane i utleigenæringa. Det ligg ikkje føre eigen statistikk om kva verksemdar som leiger inn arbeidskraft frå utleigefirma.

Nærmare om situasjonen i arbeidsmarknaden for unge

Mange unge har ei lausare tilknytning til arbeidsmarknaden, og sysselsettinga blant unge svingar derfor normalt meir med konjunkturane enn for andre aldersgrupper. I periodar med høg økonomisk vekst kjem fleire unge i arbeid, gjerne i deltidstillingar i kombinasjon med utdanning. I periodar med mindre etterspørsel etter arbeidskraft er unge meir utsett enn grupper med meir arbeidslivserfaring, sjå figur 3.1. Andelen sysselsatte i alderen 15–24 år var på eit rekordhøgt nivå

i juni 2023, med 59,1 pst. Over halvparten av oppgangen i sysselsettinga blant unge det siste året har komme innan overnattings- og serveringsbransjen og i varehandelen. Sysselsettinga blant dei yngste har auka mykje meir enn aukinga i timeverka dei representerer. Det kan vere ein indikasjon på at jobbane har komme i form av deltid. Blant 19–24-åringar har veksten i timeverk vore lågare enn veksten i antal sysselsette, mens i eldre aldersgrupper har det vore større grad av likskap mellom utviklinga i antal sysselsette og veksten i timeverk. Unge har i likskap med eldre aldersgrupper opplevd ei auke i den registrerte arbeidsløysa det siste året. Ved utgangen av august var den registrerte arbeidsløysa 2,7 pst. i aldersgruppa 20-24 år og 2,4 pst. i aldersgruppa 25-29 år.

Arbeidsmarknaden for unge er samla sett god, men det gjeld ikkje for alle. Antal unge med nedsett arbeidsevne har auka, og i juni 2023 var om lag 5 pst. unge under 30 år registrert med nedsett arbeidsevne hos Arbeids- og velferdsetaten, ein auke på 1 800 personar eller 4 pst. frå same månad i 2022. NEET-raten («Not in Employment, Education or Training»), som fortel noko om unge under 30 år som verken er under utdanning eller i arbeid, er høgast for dei eldste i aldersgruppa og lågast blant dei under 20 år. Over tid har det vore forholdsvis stor stabilitet i NEET-nivåa, sjå figur 3.4. I 2022 var 9,7 pst. i aldersgruppa 15-29 år utanfor arbeid og utdanning, ifølgje registerbasert statistikk. Særleg er det mange unge med innvandrarakgrunn eller helseutfordringar som står utanfor arbeid og aktivitet. Andelen unge med innvandrarakgrunn utgjorde i 2022 om lag 30 pst. av NEET-gruppa. Arbeidsløysa blant ungdom i Noreg er forholdsvis låg i internasjonal samanheng. Det gjeld også for NEET-gruppa. Men tidlegare analyser har vist at andelen i NEET-gruppa som mottek helserelevante ytingar, og som dermed kan ha ein lengre veg tilbake til jobb, er høgare i Noreg enn i mange andre land.




Figur 3.4 Unge i alderen 15–29 år som verken er i jobb, utdanning eller annan opplæring. Pst. av alle i aldersgruppa. 2010–2022

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Innvandring og nærmare om situasjonen i arbeidsmarknaden for innvandrarakgrunn

Innvandringa tok seg opp i 2022, men har falle litt hittil i 2023. I 2. kvartal 2023 var det ei netto innvandring på 6 344 personar, 11 324 færre enn same kvartal i 2022. Tala for 2. kvartal 2022 var særleg høge, noko som må sjåast i samanheng med krigen i Ukraina og flyktningane derfrå.

Arbeidsinnvandringa har auka blant ikkje-busette lønnsakarar. I 2. kvartal 2023 var det 2 757 fleire korttidsinnvandrarakgrunn enn i 2. kvartal 2022, ein oppgang på 3,4 pst. Personar frå EU-land i Aust-Europa står for meir enn halvparten av oppgangen. Antalet ikkje-busette lønnsakarar er likevel framleis noko lågare no enn i tida før pandemien.



Figur 3.5 Innvandring og arbeidsløyse for ulike landgrupper

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Arbeids- og velferdsetaten.

Samanlikna med resten av befolkninga, deltar innvandrarar i mindre grad i arbeidsmarknaden. Forskjellen har likevel blitt mindre dei siste åra. Innvandrarar hadde den sterkaste oppgangen i sysselsetting frå 2. kvartal 2022 til 2. kvartal 2023, og andelen innvandrarar blant alle lønnstakarar auka frå 17,4 pst. i 2022 til 18 pst. i 2023. Ved utgangen av 2022 var sysselsettingsandelen 68,9 pst. blant innvandrarar i aldersgruppa 20–66 år, og om lag 77,4 pst. i befolkninga elles.


Det er store variasjonar i sysselsettinga blant innvandrarar, avhengig av landbakgrunn, kjønn og butid i Noreg. Andelen i jobb er forholdsvis høg blant innvandrarar frå land i Europa og Nord-Amerika, som i stor grad har komme som arbeidsinnvandrarar. Andelen er lågare blant dei frå land i Afrika og Asia, som primært har komme som flyktningar eller familiegjenforente. Sysselsettinga er særleg låg blant kvinner i denne gruppa.

Arbeidsløysa blant innvandrarar har auka noko det siste året. Den registrerte arbeidsløysa blant innvandrarar var 4,7 pst. ved utgangen av august 2023, det vil seie opp 0,7 prosentpoeng frå same tid i fjor. For befolkninga elles var auka 0,1 prosentpoeng i same periode. Arbeidsløysa er klart høgare blant innvandrarar enn i befolkninga elles, men det er store forskjellar mellom ulike landgrupper, sjå figur 3.5.C. Innvandrarar utgjer no om lag 47 pst. av alle registrerte heilt arbeidslause.

Noreg står overfor ein situasjon kor historisk mange med fluktbakgrunn skal ut i det norske arbeidslivet. Samanlikna med andre europeiske land, er det relativt få fordrivne frå Ukraina som er sysselsett i Noreg så langt. Til tross for at deltaking i introduksjonsprogrammet er frivillig for personar med mellombels kollektivt vern, er erfaringa at mange takkar ja til å delta i programmet framfor å gå rett ut i arbeid. Ved utgangen av juli 2023 var om lag 4 000 fordrivne frå Ukraina i arbeid. 61 pst. hadde ei avtalt arbeidstid på minst 30 timer i veka. Arbeids- og velferdsdirektoratet antar at det vil vere ein betydeleg auke av fordrivne frå Ukraina som vil registrere seg som arbeidssøkarar og treng arbeidsretta oppfølging og tiltak frå Arbeids- og velferdsetaten. Arbeids- og velferdsforvaltninga og kommunane vil ha ei viktig rolle i å integrere målgruppa i arbeidsmarknaden.

Nærmare om situasjonen i arbeidsmarknaden for eldre

Eldre har i stadig større grad tatt del i arbeidslivet. Andelen lønnstakarar har auka for alle årskulla i alderen 60–74 år frå 2010 til 2023, sjå figur 3.6. Etter pandemien har det vore ein kraftig auke i sysselsettinga blant eldre arbeidssøkarar i aldersgruppa 55–74 år. Sysselsettingsandelen er no på 51,4 pst., det høgaste nivået som er målt i denne statistikken nokon gang. Kombinasjonen av betre helse, høgare utdanning og ein gjennomgåande god arbeidsmarknad er viktige forklaringar i tillegg til pensjonsreforma frå 2011. Dei første åra etter 2010 var auka spesielt stor for aldersgruppa 62–66 år. Frå 2015 har aldersgruppa 67–68 år stått for den største auka, relativt sett. Dei siste åra har det også vore ein auke i gjennomsnittleg avtalt arbeidstid for dei eldste aldersgruppene. Sysselsettingsandelane er no gjennomgåande høgare enn før pandemien, og arbeidsløysa blant eldre har falt til låge nivå. Vidare byter eldre arbeidstakarar jobb i mindre grad enn yngre, og eldre som er arbeidslause har større vanskar enn yngre med å komme tilbake i jobb. Norsk seniorpolitisk barometer viser at eldre arbeidssøkarar gjennomgåande blir vurdert som mindre attraktive enn yngre arbeidssøkarar. Samtidig viser undersøkinga at arbeidsgivarane si grense for når ein kompetent arbeidssøkar er å betrakte som eldre, og derfor blir vurdert som mindre aktuell for å bli innkalla til intervju, har økt noko det siste tiåret.




Figur 3.6 Lønnstakarar etter alder. Pst. av befolkninga i same aldersgruppe. Busette 60–74 år. 2. kvartal 2010–2023

Kjelde: Statistisk sentralbyrå. Aa-registeret og a-ordninga.

3.3 Innvandrere og integrering


I Noreg bur det litt over 1 mill. innvandrere og norskfødde med to innvandrereforeldre, høvesvis 16 og 3,9 pst. av befolkninga. Dei har bakgrunn frå over 200 land. Ved inngangen til 2023 er det

flest innvandrere og norskfødde med innvandrereforeldre frå Polen, Litauen, Somalia, Syria, Pakistan, Sverige, Ukraina, Irak, Eritrea og Tyskland. Personar med flyktningbakgrunn utgjer 5,1 pst. av totalbefolkninga og nær 32 pst. av alle innvandrere i Noreg.



Figur 3.7 Innvandrere og norskfødde med innvandrereforeldre busette i Noreg 1970–2023. Antal

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.




Figur 3.8 Innvandrere og norskfødde med innvandrereforeldre ved inngangen til 2023, etter landbakgrunn. 1.1.2023. Antal

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.


Innvandrarar er komne til landet av ulike årsaker. Rundt 65 000 ikkje-nordiske statsborgarar innvandra til Noreg i 2022. Krigen i Ukraina har endra innvandringstilstanden, og flukt var i 2022 den vanlegaste grunnen til innvandring. I 2022 kom i alt 8 900 arbeidsinnvandrarar til Noreg, og 16 300

personar innvandra av familiære årsaker. I alt 35 700 flyktingar fekk opphald på grunn av behov for vern, dei langt fleste fordrivne frå Ukraina (mellombels kollektiv vern), og om lag 4 200 personar fekk opphald på grunn av utdanning.



Figur 3.9 Ikkje-nordiske innvandringar etter innvandringsgrunn. 1990–2022. Antal

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.



Figur 3.10 Utdanningsnivå 16 år og eldre, etter innvandringskategori og innvandringsgrunn. 2022. Pst.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.


Blant dei som sjølve har innvandra, er det relativt fleire som manglar utdanning eller berre har utdanning på grunnskolenivå, samanlikna med resten av befolkninga. Utdanningsnivået til ein del

innvandrarar er ikkje kjent, og derfor kan det vere ei utfordring å komme med eksakte tal. I 2022 hadde 29 pst. av innvandrarar grunnskole som høgaste fullførte utdanning, mot 24 pst. i resten av

befolkninga. På den andre sida er også delen som har utdanning på universitets- eller høgsolenivå, noko høgare blant innvandrare enn i resten av befolkninga, høvesvis 41 pst. og 37 pst.

Samtidig er det betydelege forskjellar i utdanningsnivå blant innvandrare, avhengig av innvandringsgrunn og landet dei kjem frå. Over halvparten av flyktningane i Noreg manglar utdanning på

vidaregåande nivå sjølv etter mange års butid. Til forskjell har fire av fem av de kartlagte fordrivne frå Ukraina utdanning utover vidaregåande skole. Tre av fire som har innvandra for å studere, har utdanning på universitets- eller høgsolenivå. Blant arbeidsinnvandrare er det 45 pst. som har høgare utdanning, noko som er ein relativt høg del.



Figur 3.11 Registrerte sysselsette, etter innvandringskategori og innvandringsgrunn. Pst. av personar 20–66 år. 4. kvartal

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Innvandrare har i gjennomsnitt lågare sysselsettingsgrad enn resten av befolkninga. I 2022 var 69 pst. av innvandrarene sysselsette, mot 80 pst. i resten av befolkninga.

Det er store variasjonar i sysselsettinga blant innvandrare, avhengig av landbakgrunn, kjønn og butid i Noreg. Andelen i jobb er forholdsvis høg blant innvandrare frå land i Europa og Nord-Amerika, som i stor grad har komme som arbeidsinnvandrare, og låg blant innvandrare frå land i Afrika og Asia som har komme som flyktningar. Sysselsettinga er særleg låg blant kvinner i denne gruppa. Sjå også nærmare omtale i pkt. 3.2 Situasjonen på arbeidsmarknaden.

Integrering er ein prosess som tek tid. For dei fleste innvandrare som busett seg i Noreg, vil det ta tid å tileigne seg relevant kompetanse, finne

jobb, lære norsk og knyte sosiale band i samfunnet. Det er ein positiv samheng mellom butid og ei rekke indikatorar for integrering. I 2022 hadde kvar femte innvandrare budd i Noreg i under fem år, og litt under halvparten av alle innvandrare hadde budd i landet i mindre enn ti år (SSB, 2022).

Både sysselsetting og deltaking i frivillige organisasjonar aukar i løpet av dei første åra i Noreg, og innvandrare med lengre butid har både høgare inntekt og betre buforhold (IMDi – Indikator for integrering, Status og utviklings-trekk i 2022). Det er likevel store variasjonar mellom innvandrargruppene. Nokre grupper peikar seg ut ved å ha ein stor del med vedvarande lavinntekt sjølv etter lang butid (SSB, 2022).

Busetting

Utviklinga i talla på busette dei siste åra

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Per 1. september 2023
Busetting av flyktningar							
Busette totalt	11 078	4 903	4 822	2 819	4 489	31 258	19 255
Av desse: overføringsflyktningar	2 838	2 480	2 806	1 523	3 641	3 146	1 512
Av desse: fordrivne frå Ukraina						27 058	16 700

Overføringsflyktningar og personar som får opphald i Noreg på bakgrunn av søknad om vern, er omfatta av tilbodet om busetting med offentlig hjelp. Busetting med offentlig hjelp for nykomne flyktningar er ikkje ein lovregulert rett eller plikt. Busettinga er frivillig og skjer etter avtale mellom staten ved Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) og ein kommune.

I 2022 og 2023 har krigen i Ukraina ført til eit betydeleg auka busettingsbehov. I 2022 blei over 31 000 flyktningar busett, derav 27 000 fordrivne frå Ukraina. I 2023 er kommunane bedd om å busette ytterlegare 38 000 flyktningar og fordrivne. Det er forventa at busettingsbehovet vil bli ekstraordinært høgt også i 2024. Samtidig er situasjonen i Ukraina uføreseieleg, og det er svært usikkert kor mange som vil søke opphald i Noreg framover.

I 2022 og 2023 har det vore ein historisk vilje til å busette flyktningar i kommunar over heile landet. Fleire tiltak er sett i verk for å gjere det enklare for kommunane å busette fleire flyktningar på kort tid. Mellombelse regelverksendringar har vore viktige for å gi kommunane handlingsrom og fleksibilitet i ein ekstraordinær situasjon til blant anna å sikre rask etablering av mottak, omsorgssenter, barnehagar og skoler, og raskare tilgang på bustader. Husbankens tilskot til utleigebustader er mellombels innført att i 2023, og inkluderer kjøp og istandsetting av bustader. I 2023 får òg kommunane eit ekstratilskot på 50 000 kroner for kvar flyktning dei busett utover det talet kommunen opphavleg er bedd om av IMDi.

Busettinga har gått mykje raskare enn tidlegare år. I snitt har det i 2023 for busette per 1. september teke om lag 2,6 månader frå ein flyktning får vedtak om opphald til han er busett i ein kom-

mune. For fordrivne frå Ukraina er snittet 2,3 månader. Ventetida for overføringsflyktningar er 4,6 månader og for andre asylsøkarar er den i snitt 3,7 månader. Sjølv om busettinga samla sett går raskt, er det likevel krevjande for kommunane å bygge opp kapasitet, kompetanse og tenester for å busette det talet flyktningar det er behov for. Enkelte kommunar melder om kapasitetsutfordringar i bustadmarknaden, og at det blir meir krevjande å finne eigna bustader til busetting. I tillegg opplever fleire eit generelt press på det kommunale tenestetilbodet, som i flyktningtenesta og vaksenopplæringa, barnehagar og skolar, og fastlege- og helsetenester.

Nokre flyktningar med alvorleg nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar ventar lenger enn ønskeleg på å bli busett ein kommune etter at dei har fått vedtak om opphald. For å bidra til raskare busetting er tilskotsordninga kommunane kan søke på ved busetting av personar som krev særskild oppfølging, styrka. Frå 2022 kan kommunane få tilskot i inntil 10 år for personar som blir busett frå UDIs særskilde buløysingar. Frå 2023 er maksbeløpet for ekstratilskotet ved busetting av personar busett frå to av UDIs særskilde buløysingar auka frå 1,52 mill. kroner til 2,5 mill. kroner. Auken gjeld personar som blir busett frå særskild bu- og omsorgsløysing for valdelege og utagerande bebuarar (Særbol) og særskild pleie- og omsorgsløysing for bebuarar med omfattande helse- og omsorgsbehov (Særpleie).

Kvalifisering og opplæring av nykomne innvandrarar

Ferdigheiter i norsk er viktig for å få tilgang til arbeid og utdanning, men også for å delta på andre samfunnsarenaer.

Talet på deltakarar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap i løpet av eit gitt år

År	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022 ¹
Deltakarar i opplæring med rett og plikt	33 431	35 039	39 858	42 227	38 479	31 672	24 009	20 230	17 254
Deltakarar med berre plikt	1 671	1 908	1 542	1 836	1 766	2 060	2 163	2 106	2 120
Deltakarar med berre rett	251	574	626	488	370	296	81	48	26
Deltakarar med kollektivt vern med rett til norskopplæring	-	-	-	-	-	-	-	-	9 382
Totalt	35 353	37 521	42 026	44 551	40 615	34 028	26 253	22 384	28 782

¹ Førebelse tal.

I 2022 deltok 28 782 innvandrarar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne.

Tilbodet om opplæring skal vere på plass så snart som mogleg og seinast innan tre månader etter folkeregistrering i kommunen. Tala for 2022 viser, som åra før, at det er stor variasjon mellom kommunane når det gjeld oppstart av norskopplæring. Ein relativt stor del av dei med rett og plikt eller berre rett til opplæring fekk ikkje oppstart innan fristen. Norskprøveresultata er tilnærma uendra frå 2021 til 2022, i underkant av 50 pst. oppnådde B1/B2 på delprøvene i munnleg, lytting, lesing og skrivning.

Fordrivne frå Ukraina har i utgangspunktet rett til opplæring i norsk i inntil eit år, men frå

1. juli 2023 kan kommunen og fylkeskommunen gi utvida norskopplæring til dei som har behov for det, for å oppnå eit minimumsnivå i norsk. Formålet med utvidinga er blant anna å legge til rette for at deltakarane kan bli fasa inn i arbeidslivet ved å lære norsk og jobbe samtidig.

Introduksjonsprogram blir i all hovudsak tilbydd flyktningar og familiemedlemmane deira som er busette i ein kommune etter avtale med IMDi. Introduksjonsprogrammet skal gi deltakarane grunnleggande ferdigheiter i norsk og grunnleggande innsikt i norsk samfunnsliv og førebu dei til arbeid eller utdanning.

Utviklinga i talet på deltakarar i introduksjonsprogram dei siste åra

År	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Deltakarar i alt	24 074	28 944	27 141	20 968	13 942	10 595	17 879
Av dei deltakarar med rett og plikt	23 961	28 811	27 067	19 262	12 727	9 716	8 906
Av dei deltakarar som kan få tilbod om program	113	133	74	1 706	1 215	879	626
Deltakarar med kollektivt vern og rett til program							7 861
Deltakarar med kollektivt vern som kan tilbys program							486
Nye deltakarar	9 903	9 672	4 419	3 072	2 227	2 246	11 166
Deltakarar som avslutta	4 790	6 391	8 310	8 207	4 820	3 292	2 757

Kjelde: SSB og IMDi/NIR.

I 2022 var det 17 879 personar som deltok i introduksjonsprogrammet, mot 10 595 deltakarar året før. Tal for 2022 viser at 52 pst. gjekk over til arbeid eller utdanning direkte etter avslutta program, ein auke frå 49 pst. i 2021. I 2022 gjekk 24 pst. direkte over i arbeid og 28 pst. gjekk over til utdanning.

Det har sidan innføringa av programmet i 2004 vore stor variasjon mellom kommunane i innhaldet i introduksjonsprogrammet. Det har vist seg at programmet ikkje dekkjer gapet mellom den kompetansen flyktingane har med seg, og det som krevst i den norske arbeidsmarknaden. Med integreringsloven er det tatt fleire grep for å redusere dette gapet. Det er sentralt å følge med på korleis endringane i lova blir etterlevd. Fafo si evaluering av etterlevelsen, som kjem ultimo 2023, vil gi viktig kunnskap for den vidare utviklinga av programmet. I dette arbeidet spiller IMDi og HK-dir ei viktig rolle med si rettleiing og oppfølging av den nye lova.

Det er gjort forenklingar og reduksjon i minstekrava til introduksjonsprogrammet for personar med mellombels kollektivt vern. Varigheita av programmet er langt på veg den same som for andre deltakarar i programmet. Programmet skal bestå av arbeids- eller utdanningsretta element og eit språktilbod og vera tilpassa individuelle behov. Deltakarar som har eller får barn i løpet av programmet skal gjennomføre foreldrerettleiing. Det blei frå juli 2023 opna for at kommunen kan gjera unntak frå krava om talet på rettleiingsmøte og rettleiingssamtalar dersom kapasitetsomsyn i kommunen gjer det nødvendig. Minstekrava til programmet er redusert, og det er gjort unntak frå krava om at programmet skal innehalde opplæ-

ring i samfunnskunnskap og kurs i livsmeistring. Unntaka er ikkje til hinder for at kommunane likevel kan tilby dette som del av programmet dersom dei har kapasitet. Programmet er noko meir fleksibelt enn for andre deltakarar, ved at personar med mellombels kollektivt vern har rett, men ikkje plikt til program. Vidare er det opna for introduksjonsprogram på deltid for denne gruppa. Dei som har gått ut i arbeid og derfor tidlegare avvist eller avbroten deltaking i programmet, har òg rett til å delta i program. Statsforvaltarane har eit særskilt oppdrag med å rettleie kommunane og fylkeskommunen om dei mellombelse reglane for personar med mellombels kollektivt vern.

Deltaking i samfunnslivet

Integrering handlar også om deltaking i det norske samfunnslivet, gjennom sterke fellesskap og gode fellesarenaer. Innvandrarar med lengst butid opplever meir tilhøyrse til Noreg, og dei deltek i større grad i samfunnslivet.

I 2022 fekk 39 000 personar innvilga norsk statsborgarskap. Syrarar, polakkar og eritrearar utgjorde dei største landgruppene. Det har vore ein markert auke i overgangar til norsk statsborgarskap dei siste åra. Dette heng saman med lovendringa 1. januar 2020, som tillét eitt eller fleire statsborgarskap i tillegg til norsk statsborgarskap.

Frivillige organisasjonar er viktige arenaer for integrering og deltaking i samfunnet. Undersøkingar tyder likevel på at innvandrarar i mindre grad deltar i politiske verv og i frivilligheita enn resten av befolkninga. Lågare norskkunnskapar og dårlegare økonomi blir trekt fram som noko av forkla-

ringa på dette. Barn og unge med innvandrarbakgrunn deltek også sjeldnare i fritidsaktivitetar enn unge i befolkninga ellers, og deltakinga er lågast blant innvandrarjenter.


Friheten til å bestemma over eige liv er grunnleggjande, og negativ sosial kontroll og æresrelatert vald er vedvarande utfordringar som truar deltaking i samfunnslivet og høvet til å gjere sjølvstendige val om eige liv og framtid. Derfor er arbeid mot negativ sosial kontroll eit stadig viktigare tema i norsk integreringspolitikk.

Diskriminering og negative haldningar hindrar også inkludering av innvandrarakar i norsk samfunnsliv. Sidan 2013 har undersøkingar vist ein auke i positive haldningar til innvandring og mottak av flyktningar i den norske befolkninga. Denne auken heldt fram både under covid-19-pan-

demien og etter utbrotet av krigen i Ukraina i februar 2022. Likevel opplever personar med innvandrarbakgrunn framleis at dei blir møtt med fordommar og forskjellsbehandling.

Fordrivne frå Ukraina

Sidan mars 2022 har fordrivne frå krigen i Ukraina fått mellombels kollektivt vern i Noreg. Per 1. september har over 57 000 søkt om mellombels kollektivt vern sidan fullskalainvasjonen, og om lag 52 500 har fått innvilga søknadene sine. Personar som har fått innvilga mellombels kollektivt vern, er omfatta av tilbudet om å bli busett med offentlig hjelp. Per 1. september 2023 har om lag 43 500 fordrivne frå Ukraina blitt busett, og over 4 000 er på veg til å bli busett i ein kommune.




Figur 3.12 Søknader og vedtak om mellombels kollektivt vern, talla på busette og tal som er på vei til å bli busett mai 2022–september 2023

Det skal leggast til rette for at personar som har fått innvilga mellombels kollektivt vern, kjem raskt ut i arbeid eller annan aktivitet. Samtidig treng mange ukrainske flyktningar noko kvalifisering og språkopplæring før dei er klare for arbeidsmarknaden. Regjeringa har derfor lagt til grunn at tilbudet til denne gruppa i stor grad bør samsvare med tilbudet til andre flyktningar. Sjå omtale over for detaljar om tilbudet.

Ein stor del av dei fordrevne frå Ukraina har valt å nytte seg av retten til introduksjonsprogram og språkopplæring før dei går ut i arbeid. Per 1. september 2023 var det 19 779 personar med mellombels kollektivt vern som hadde rett til introduksjonsprogram. Av desse var 14 423 registrert

som deltakarar i program. På same tid var 14 739 fordrevne av dei 21 613 med rett til opplæring, registrert som deltakarar i norskopplæring. At så mange vel å takke ja til introduksjonsprogram og norskopplæring, er ei viktig årsak til at ein relativt liten del har blitt sysselsett så langt. Samanlikna med tidlegare flyktninggrupper i Noreg har ukrainarane ein høg del sysselsette med butid under eitt år. Samanlikna med andre land i Norden og Europa, er delen sysselsette derimot låg.

Ifølge tal frå Arbeids- og velferdsetaten har omtrent 4 600 fordrevne frå krigen i Ukraina fått jobb i Noreg sidan Russlands fullskalainvasjon 24. februar 2022.



Figur 3.13 Sysselsetting blant personar med opphav frå Ukraina februar 2022 til august 2023

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

For å få ein overordna analyse av arbeidet med å få ukrainske fordrivne sysselsett, og for å få innspel og forslag til tiltak som ved behov kan bidra til å styrke arbeidet, sette regjeringa 22. mai ned ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe. Grappa leverte rapporten sin til Arbeids- og inkluderingsdepartementet i midten av august 2023.

Arbeidsgruppa har vurdert behovet for nye tiltak som kan bidra til rask overgang til arbeid for ukrainske flyktingar. I rapporten foreslår arbeidsgruppa tiltak retta mot kommunikasjon, samarbeid, norskopplæring og tilbod frå NAV for å auke arbeidsdeltakinga blant fordrivne frå Ukraina. Grappa meiner det ikkje er behov for vesentlege politikkenringar eller nye innsatsar, og har i sin rapport lagt vekt på korleis eksisterande tiltak, verkemiddel og pågåande prosessar kan justerast og supplerast.

For ein samla omtale av regjeringa si handtering av fordrivne frå Ukraina, sjå del III 1 Fordrivne frå Ukraina.

3.4 Arbeidsmiljøtilstanden

Dei fleste i Noreg arbeider under gode og forsvarlege arbeidsforhold. Analysar av europeiske arbeidsmiljødata viser at norske arbeidsforhold er jamt over betre enn i dei fleste land vi kan samanlikne oss med.¹ Statens arbeidsmiljøinstitutt *Faktabok om arbeidsmiljø og helse 2021* viser at ni av ti arbeidstakarar er tilfredse med jobben sin. Men sjølv om det store biletet er bra, er det ikkje alltid samanfall mellom høg trivsel og godt arbeidsmiljø eller risikofritt arbeid. Det er framleis utfordringar i fleire bransjar og yrke, og delar av arbeidslivet er prega av høgt sjukefråvær og tidleg avgang.

I løpet av dei siste åra har digitaliseringa av arbeidslivet skote fart, med mange positive følger, men også endringar som for mange kan vere utfordrande. Organiseringa av arbeidet har i fleire verksemdar endra seg betydeleg, med det utfallet at også arbeidsmiljøa er i endring.² Den tydelegaste trenden er bruken av meir fleksible måtar å organisere arbeidet på. Arbeid som tidlegare har vore fysisk lokalisert til ei stasjonær eining og eit nettverk på eit einekontor til fastsette arbeidstider,

¹ Arbeidsmiljøet i Norge og EU – ein sammenlikning (2023). STAMI-rapport, årgang 24, nr. 3, Oslo: Statens arbeidsmiljøinstitutt.

² Faggrupperapport 2022: Målene om et mer inkluderende arbeidsliv – status og utviklingstrekk. Rapport 2022. Rapportering frå faggruppa for IA-avtalen.

blir no utfordra av mobile einingar og nettverk, digitale møteplassar og arbeid innanfor meir fleksible arbeidstider, noko som kan gjere det vanskeleg å planlegge og setje grenser mellom jobb og privatliv. Dette er pågåande endringar som kan påverke arbeidsmiljøet på kort og lang sikt og som vi treng meir kunnskap om.³

Mykje tyder på at arbeidsinnhald og måten å jobbe på kan endre seg vidare framover. Ny teknologi og arbeidsmetodar kan hjelpe til å redusere eksponeringa for farlege stoff og fysiske belastningar forbunde med manuelle arbeidsoperasjonar, samtidig som dei kan føre til nye utfordringar knytt til avansert utstyr, utvikling av nye materiale og handtering av avfall og resirkulering i samband med det pågåande grøne skiftet. Veksten i tenesteytande sektor, spesielt innan helse- og sosialsektoren, har ført til auka mengde yrke prega av kunde-, brukar- og pasientrelasjonar. Dette medfører utfordringar knytt til emosjonelle krav, rollekonfliktar, samt vald og truslar i enkelte yrkesgrupper. Fleire av dei tradisjonelle fysiske, kjemiske og mekaniske arbeidsmiljøeksponeringane er framleis utbreidd i mange yrke. I ei tid der kvalifikasjonskrava i arbeidslivet aukar, blir høva for kompetanseutvikling og læring på arbeidsplassen stadig viktigare. Det er sentralt å sikre medverknad og tilstrekkeleg opplæring for dei tilsette, spesielt når det gjeld innføring av ny teknologi og korleis dette påverkar arbeidsmiljøet.

Dei siste tiåra har merksemda rundt helse og tryggleik i samband med atypiske tilsetjings- og tilknytingsformer auka blant forskarar, arbeidsmiljøforvaltningar og arbeidslivet sine partar. Mellombelse tilsetjingar, deltidsarbeid, bemanningsbyrå og plattformøkonomi er eksempel på slike tilknytingsformer som kan innebere spesifikke utfordringar når det gjeld opplæring, helse og tryggleik. Sjølv om omfanget av slike ordningar i Noreg har vore relativt lågt og stabilt dei siste tiåra, er det viktig å fortsetje å vere merksame på utviklinga og effektane av ulike tilknytingsformer til arbeidslivet. Eit godt arbeidsmiljø har tradisjonelt vore ein konkurransefordel og ein av berejlkane i eit berekraftig norsk arbeidsliv. Det har gitt grunnlaget for blant anna stort jobbengasjement og høve til å kunne stille høge krav i arbeidet. Det er viktig å oppretthalde ein høg arbeidsmiljøstandard også i den vidare utviklinga av arbeidslivet.

³ Fløvik, L., et al. Arbeid hjemmefra, helse og arbeidsmiljø. En systematisk kunnskapsoppsumming. STAMI-rapport nr. 3, 2021. Oslo: Statens arbeidsmiljøinstitutt.

Dei største helseutfordringane blant yrkesaktive

Dei største helseutfordringane blant norske yrkesaktive, både når det gjeld omfang og kostnader i form av redusert helse, sjukefråvær og uførleik, er muskel- og skjelettplager og lettare psykiske plager som angst og depresjon. Førekosten av sjølvrapporterte muskel- og skjelettplager har vist ein svak auke blant sysselsette dei siste 20 åra. Også førekosten av psykiske plager har auka noko sidan 2009.

Det finst omfattande forskingslitteratur som knyter psykiske plagar til psykososiale arbeidsmiljøfaktorar. Muskel- og skjelettplager på si side kan ha samband med både psykososiale faktorar og mekaniske belastningar. Luftvegslidingar, som astma og kols, kan ha samband med innånding av partiklar, røyk, gassar og damp, mens hudkontakt med vatn, vaskemiddel, skjereoljar, løysemiddel mm. kan gi sjukdomar i hud og underhud. Årleg blir fleire hundre tilfelle utgreidde for mogeleg arbeidsbetinga luftvegs- og hudsjukdomar ved dei arbeidsmedisinske avdelingane i landet.

Også enkelte kreftformer er knytt til yrkeseksponering. Det er vurdert at rundt 3 pst. av alle krefttilfella blant menn kan tilskrivas kreftframkallande stoff på arbeidsplassen.⁴ For enkelte kreftformer er denne delen betydeleg høgare.

Arbeidsforholda har betydning for ytterlegare sjukdomsgrupper som har stor innverknad på helsestanden i befolkninga. Til dømes er høyrskade nært knytt til støyeksponering, men støy kan også knytast til hjarte- og karsjukdom. Her kan også organisatoriske faktorar, som lange arbeidsveker, spele inn. Skift- og nattarbeid kan vere ein risikofaktor for utvikling av diabetes. Overvåkingsdata frå Statens arbeidsmiljøinstitutt

Boks 3.1 Faktabok om arbeidsmiljø og helse

Faktabok om arbeidsmiljø og helse 2021, utgitt av Statens arbeidsmiljøinstitutt, gir ei oversikt over status og utviklingstrekk på det norske arbeidsmiljøområdet. Ei ny faktabok skal etter planen komme medio 2024. Parallelt med dette vil datagrunnlaget utvidast, noko som vil gjere tilgjengeleg meir finmaska analysar på yrkes- og bransjenivå.

⁴ Faktabok om arbeidsmiljø og helse 2021. Status og utviklingstrekk. STAMI-rapport (2021).

indikerer at om lag 34 pst. av dei med minst eitt sjukefråvær på meir enn 14 dagar siste år oppgir at fråværet heilt eller delvis kjem av forhold på arbeidsplassen.⁵ Tidlegare vitskaplege studiar baserte på overvakingsdata indikerer at ein betydeleg andel av det legemelde fråværet som overstig 40 dagar i løpet av eit år, kan tilskrivast mekaniske eksponeringar⁶ og psykososiale risikofaktorar⁷ på arbeidsplassen.

Arbeidsskadar er antatt å utgjere om lag 11 pst. av alle skadetilfelle i Noreg, og det er særleg høg skaderisiko blant unge menn og utanlandske arbeidstakarar. Datagrunnlaget for arbeidsskadar er framleis noko usikkert, blant anna på grunn av underrapportering. Talet på registrerte arbeidsskadedødsfall har gått betydeleg ned i eit lengre tidsperspektiv, men det har vore nokså stabilt dei siste åra. I 2022 registrerte Arbeidstilsynet 28 arbeidsskadedødsfall, mot 31 i 2021 og 28 i 2020.

3.5 Utviklinga for låginntektsgrupper

Det store fleirtalet i den norske befolkninga har høg levestandard og gode levekår. Sett under eitt har inntektene til norske hushaldningar fått eit betydeleg løft dei siste 30 åra. Samtidig er inntektsfordelinga blitt skeivare, og dei økonomiske forskjellane mellom folk har auka. Inntektsutviklinga for tidelen av befolkninga med lågast inntekt har vore svakare enn for andre grupper, mens utviklinga i inntektene for tidelen med høgast inntekt har vore sterkare. Inntektsveksten i hushaldningane har vore svak dei siste åra.

Noreg er blant landa med lågast målt ulikskap i inntekt. Høg grad av likskap i Noreg og dei andre nordiske landa blir gjerne sett i samheng med gode oppvekstvilkår for barn og unge, gratis utdanning, koordinert lønnsdanning og små lønnsforskjellar, eit omfordelende skattesystem og eit velorganisert arbeidsliv. Offentleg finansierte velferdstenester som barnehage, skole og utdanning og helse- og omsorgstenester er viktige for alle innbyggjarar, og bidrar også til å fremme like moglegheiter. Verdien av offentlege tenester

utgjer ein større del av inntekta for personar med låg inntekt enn for dei med høg inntekt. Offentleg finansierte velferdstenester bidrar dermed til å redusere forskjellar i levekår.

Det er forholdsvis høg grad av sosial mobilitet i Noreg, og tendensen til at ulikskap går i arv, er mindre enn i mange andre land. Samtidig ser vi at mobiliteten er størst blant dei som er i midten av inntektsfordelinga. Den sosiale mobiliteten blant dei lågaste inntektsgruppene har gått tilbake over tid.

Omfanget av låginntekt

Ein del av befolkninga har økonomiske ressursar som avvik betydeleg frå det generelle inntektsnivået i samfunnet. Nokre har så låg inntekt og levestandard at det avgrensar deltakinga i samfunnet.

Inntekt er ein sentral indikator på fattigdom, men det er også andre levekårsfaktorar som ikkje blir fanga opp av inntektsmålet aleine. Eit reint inntektsomgrep inkluderer kontantinntekter og stønader, men fangar blant anna ikkje opp verdien av offentlege tenester. Ein mykje brukt indikator på fattigdom og levekårsproblem er likevel andelen av personar i befolkninga med inntekt under eit gitt nivå. Kor stor andel av befolkninga som har låginntekt, og samansetninga av låginntektsgruppa, blir i stor grad påverka av korleis ein definerer låginntekt, sjå boks 3.2.

Det har over tid blitt fleire personar i Noreg med vedvarande låginntekt, og andelen har auka sidan 2010. Inntektene til låginntektsgruppa har også vakse noko mindre enn veksten i medianinntekta. Dei siste tilgjengelege tala viser likevel ein nedgang i siste treårsperiode. I treårsperioden 2019–2021 hadde 9,9 pst. av befolkninga, ca. 499 400 personar, ei inntekt under 60 pst. av medianinntekta. Dette var 0,2 prosentpoeng lågare enn i perioden før (2018–2020), ein nedgang på om lag 7 600 personar. Førekosten av vedvarande låginntekt er større blant yngre som bur aleine, einslege forsørgarar, barnerike familiar, personar med innvandrarbakgrunn og aleinebuande minstepensjonistar enn i befolkninga elles. Samansetninga av låginntektsgruppa har endra seg over tid. Endra familiemønster, med fleire aleinebuande, har isolert sett bidratt til større førekomst av låginntekt, ettersom hushaldningar med berre ei inntekt er meir utsette for låginntekt enn hushaldningar med to inntekter. Andelen med låginntekt har over tid auka blant barnefamiljar med små barn og einslege forsørgarar, og dette må sjåast i samheng med inntektsutviklinga for desse gruppene og auken i talet på personar med innvandrarbakgrunn. Føre-

⁵ Faktabok om arbeidsmiljø og helse (2021). STAMI-rapport, årgang 22, nr. 4, Oslo: Statens arbeidsmiljøinstitutt.

⁶ Sterud, T., Work-related mechanical risk factors for long-term sick leave: a prospective study of the general working population in Norway. *Eur J Public Health*, 2014. 24(1): p. 111-6.

⁷ Aagestad, C., et al., Work-related psychosocial risk factors for long-term sick leave: a prospective study of the general working population in Norway. *J Occup Environ Med*, 2014. 56(8): p. 787-93.

komsten av låginntekt blant ungdom og unge vaksne har også auka. Utviklinga kjem av at fleire unge har fått ei svakare tilknytning til arbeidsmarknaden.

Låginntekt blant innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre

Førekomsten av vedvarande låginntekt blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre ligg framleis på eit høgt nivå, sjølv om andelen har gått noko ned både i 2020 og 2021. 27,2 pst. av alle innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre hadde, målt ut frå EU-60, vedvarande låginntekt i treårsperioden 2019–2021, ein nedgang på 1,3 prosentpoeng frå førre treårsperiode.

Omfanget av vedvarande låginntekt varierer betydeleg etter landbakgrunn, innvandringsgrunn og butid. Andelen er høgast for personar med landbakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa. I denne gruppa var andelen på 35,9 pst. Inntektsnivået heng tett saman med deltaking i arbeid. Innvandrarar med låge sys-

selsettingsandelar har også større risiko for å hamne under låginntektsgrensa. Medianinntekta er lågast blant flyktningar og høgast blant arbeidsinnvandrarar. Sysselsettinga blant kvinner med innvandrarbakgrunn er noko lågare (61,7 pst.) enn blant menn med innvandrarbakgrunn (68,3 pst.). Mens 47 pst. av alle innvandrarar med kort butid (tre år) tilhørde hushaldningar med vedvarande låginntekt i 2021, var den tilsvarende andelen 20 pst. for dei med lang butid (ti år eller meir).

Barn i familiar med låginntekt

Det har over tid vore ein auke i andelen barn i hushaldningar med vedvarande låginntekt. Utviklinga er blant anna forklart av eit større innslag av barnefamiliar med svak yrkestilknytning. Mange av desse har innvandrarbakgrunn. Det har også vore ein auke i låginntekt blant barn i befolkninga elles, hovudsakleg blant barn som lever med einsleg forsørgar. Barn med bakgrunn frå landgrupper der familiane er store og yrkesaktiviteten blant

Boks 3.2 Låginntekt som indikator på fattigdom og levekårsproblem

Det er vanleg å bruke relativ låginntekt som ein indikator på fattigdom. Det blir da tatt utgangspunkt i det generelle inntektsnivået i befolkninga. Låginntektsgrensa blir sett i eit bestemt forhold til medianinntekta, vanlegvis 60 pst. eller 50 pst. av medianinntekta. Medianinntekta er den inntekta som deler befolkninga i to like store delar, der den eine halvparten har lågare inntekt enn medianinntekta og den andre halvparten har høgare inntekt. EU bruker 50 pst. eller 60 pst. (EU-50 og EU-60), og OECD 50 pst. (OECD-50), av medianinntekta som indikator på fattigdom. EU og OECD vektar stordriftsfordelar ulikt. Noreg har inga fastsett låginntektsgrense, og OECDs og EUs grenser for låginntekt blir derfor ofte brukt når omfanget av låginntekt skal kartleggast. EU-60-målet er mest brukt i Noreg, og er ein indikator på andelen personar i risiko for fattigdom («at-risk-of-poverty»).

Inntektsomgrepet omfattar dei fleste kontante inntekter hushaldningane tar imot, dvs. summen av alle yrkesinntekter, kapitalinntekter og offentlege stønader, fråtrekt skatt. Det er som nemnt ein del faktorar som påverkar dei økonomiske ressursane i hushaldninga, men som ikkje er omfatta av inntektsomgrepet. Det gjeld blant anna verdien av offentlege tenester, heime-

produksjon og verdien av eigen bustad. Utgiftsnivå og prisvekst er også forhold ved økonomien i hushaldet som ikkje blir fanga opp av eit inntektsbasert mål.

Studenthushaldningar blir ofte haldne utanfor, både fordi studietida er ein forbigåande fase, og fordi studielån ikkje blir rekna som inntekt i inntektsundersøkinga.

For å kunne samanlikne inntekta til hushaldningar med ulik størrelse og samansetning blir hushaldningsinntekta justert ved hjelp av ein såkalla ekvivalensskala for å ta høgde for stordriftsfordelar. Ifølge EUs ekvivalensskala treng ein familie med to vaksne og to barn ei inntekt som svarer til 2,1 gonger inntekta til ein einsleg for å ha same levestandard.

Det er vanleg å ta utgangspunkt i låginntekt over tid for å unngå at kortsiktige svingingar i inntekta slår ut i indikatorane. Langvarig låginntekt aukar risikoen for fattigdom og levekårsproblem. Som ein indikator på fattigdom blir det i Noreg ofte tatt utgangspunkt i vedvarande låginntekt målt som at gjennomsnittsinntekta i ein treårsperiode ligg under ei låginntektsgrense sett ved 60 pst. av medianinntekta med EUs ekvivalensskala (EU-60).

mødrene er låg, er klart overrepresenterte i låginntektsgruppa. Av alle barn i hushaldningar med vedvarande låginntekt har seks av ti innvandrarbakgrunn.

I 2019–2021 var det for første gong sidan 2011 ein nedgang i talet på barn i hushaldningar med vedvarande låginntekt. I alt levde om lag 11,3 pst. av alle barn (110 700 barn) i hushaldningar med vedvarande låginntekt målt med EU-60. Dette er 0,4 prosentpoeng lågare enn dei to føregåande treårsperiodane (11,7 pst., om lag 115 000 barn). Dette er den første nedgangen i talet på barn i låginntektsfamiliar sidan 2011. Det er for tidleg å seie om nedgangen er ei mellombels endring eller ikkje. Nedgangen heng truleg saman med auken i barnetrygd for dei yngste barna, og lågare innvandring til Noreg i denne perioden. På tross av nedgangen er andelen framleis høg. Andelen i 2021 er på same nivå som i 2018.

Låginntekt blant alderspensjonistar og uføretrygda
Låginntekt i andre grupper, blant anna alderspensjonistar, har gått betydeleg ned over tid. Pensjonistar har hatt relativt god inntektsvekst dei seinare åra. Årsaka er blant anna større yrkesaktivitet blant eldre og høgare pensjonsopptening blant nye pensjonistkull. Vidare er minste pensjonsnivå for einlege alderspensjonistar auka i fleire omgangar. Etter ein lengre periode med klar nedgang i andelen alderspensjonistar med vedvarande låginntekt, har andelen halde seg relativt stabil dei siste åra og er i dag på om lag åtte pst. Aleinebuande minstepensjonistar er framleis sterkt overrepresenterte i låginntektsgruppa. Om lag 69 pst. av aleinebuande minstepensjonistar hadde vedvarande låginntekt i perioden 2019–2021.

Andelen uføretrygda med vedvarande låginntekt auka i 2019–2021 og var på 13,4 pst., ein auke samanlikna med dei to føregåande treårsperiodane, der andelen var 11,3 pst. (2017–2019) og 12,3 pst. (2018–2020).

Levekår blant personar med låginntekt

Levekårsundersøkingane viser at låginntektshushaldningar i større grad enn andre hushaldningar rapporterer om materielle og sosiale manglar. Personar med låginntekt har oftare dårleg helse, bur oftare aleine og har mindre sosial kontakt enn andre. Barn i låginntektshushaldningar opplever oftare enn andre barn at dei ikkje har tilgang til dei same sosiale goda i form av fritidsaktivitetar, skoleaktivitetar og ferie som andre barn.

Eurostat har utvikla ein indikator for risiko for fattigdom og sosial ekskludering («at-risk-of-poverty» or social exclusion, AROPE) som dekker fleire levekårsfaktorar. Indikatoren fangar både opp dei som bur i hushaldningar med (årleg) låginntekt, dei som tilhøyrrer hushaldningar med låg arbeidsintensitet, og dei som av økonomiske grunnar har betydelege materielle manglar. Ifølge AROPE-indikatoren er andelen av befolkninga med risiko for fattigdom og sosial ekskludering i Noreg blant dei lågaste i Europa. Om lag 16 pst. av befolkninga i Noreg var i risikosona for fattigdom eller sosial ekskludering i 2020, mot i overkant av 21 pst. i gjennomsnitt i EU.

Det er stor forskjell på å ha ei gitt kontantinntekt i eit land der sentrale velferdstenester er gratis eller subsidierte, og å ha den same inntekta i eit land der slike tenester må kjøpast i den private marknaden. Som følge av eit generelt høgt inntektsnivå er dessutan låginntektsgrensa høgare i Noreg enn i dei fleste andre land, og låginntektsgruppa vil ha ein høgare levestandard enn i land med eit lågare gjennomsnittleg inntektsnivå. Det kan likevel vere utfordrande å ha låg inntekt i eit land som Noreg, der store delar av befolkninga har høg levestandard og gode levekår.

Ved å inkludere verdien av offentlege tenester i inntektene til hushaldningane blir anslaga for ulikskap og fattigdom lågare enn det som er kjent frå den offisielle statistikken. Studiar har vist at ulikskapen i inntekt (basert på inntekt etter skattar og overføringar) i Noreg blir redusert med om lag 20 pst., dersom verdien av statlege og kommunale tenester blir lagt til inntektene til hushaldningane.⁸ Det er også anslått at andelen med låginntekt blir nærmare halvert dersom ein reknar med verdien av kommunale tenester.

Dei siste åra har det vore ein høg prisvekst på viktige varer som mat, straum og drivstoff. Det har òg vore ein auke i utlånsrenter og leigepreisar. Dei som har ein pressa økonomi frå før, er òg dei som blir hardast råka av dei auka kostnadane.

3.6 Utviklinga i helserelevante ytingar

Mange mottakarar samanlikna med andre land


Andelen mottakarar av helserelevante ytingar i Noreg ligg høgt samanlikna med dei fleste andre land.⁹ Helserelevante ytingar omfattar her sjuke-

⁸ Aaberge, R., Langørgen, A., & P. Lindgren (2017). The distributional impact of public services. Aaberge, R., et al. (2010). The distributional impact of public services when needs differ.

pengar, arbeidsavklaringspengar og uføretrygd. Ifølge OECD er både sjukefråværet og den samla

andelen mottakarar av arbeidsavklaringspengar og uføretrygd høgare i Noreg enn i samanliknbare land, jf. figur 3.14.

⁹ NOU 2021: 2 *Kompetanse, aktivitet og inntektssikring – Tiltak for økt sysselsetting.*



Figur 3.14 Andel mottakarar av helserelaterte ytingar, pst. av befolkninga 20–64 år, 2017 eller seinaste år

Panel A. I figuren inkluderer helserelaterte ytingar arbeidsavklaringspengar og uføretrygd for Noreg.

Panel B. Antal sjukefråværsdagar er basert på tal frå AKU som måler om intervjuobjekta var borte frå jobben delar av eller heile referanseuka grunna sjukdom eller skade. Tala i figuren er ikkje korrigerert for at AKU-tal som regel undervurderer sjukefråværet samanlikna med administrative data. Nivået på sjukefråværsdagane avviker dermed frå tala OECD nyttar i sin landrapport om Noreg (OECD Economic Survey – Norway 2019), der OECD gjer slike korrigeringar.

Kjelde: OECD.

At Noreg har mange mottakarar av helserelaterte ytingar, er dels eit uttrykk for eit godt utbygd velferdssystem med mål om sosial og økonomisk utjamning. Vidare fører ein høg andel sysselsette

til at fleire har rett til innteksrelaterte ytingar, og det påverkar også kva nivå dei kan få på ytingane.


Stabil andel mottakarar

Frå 2002 til 2010 låg andelen mottakarar av helse-relaterte ytingar¹⁰ forholdsvis stabilt på rundt 18 pst., jf. figur 3.15. Andelen avtok så fram til 2019, men har dei siste tre åra auka og passerte i

2022 igjen 18 pst. Auken etter 2019 må sjåast i samanheng med koronapandemien. Talet på mottakarar av helse-relaterte ytingar¹¹ var ved utgangen av 2022 på knapt 630 000, som er rundt 120 000 fleire enn 20 år tidlegare.


¹⁰ I pst. av befolkninga i alderen 18 til 66 år.

¹¹ Busette i Noreg.



Figur 3.15 Antall mottakarar av helse-relaterte ytingar 18–66 år (venstre akse) og mottakarar som andel av befolkninga 18–66 år (høgre akse). Tal i tusen. Andel i pst. Tal ved utgangen av året 2002–2022. Tala er korrigert for at ein kan ta imot meir enn éi yting samtidig

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.



Figur 3.16 Busette mottakarar av sjukepensar, arbeidsavklaringspenger¹ og uføretrygd som andel av befolkninga (busette i Noreg) 18–66 år. Pst.² Tal ved utgangen av året 2002–2022

¹ Arbeidsavklaringspenger inkluderar forløparane rehabiliteringspenger, attføringspenger og tidsavgrensa uførestønad.

² Summane av andelane i figuren vil avvike noe frå figur 3.15 sidan det er mogleg å ta imot fleire av ytingane samtidig.

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Andelen av befolkninga som mottar sjukepensar, har vore forholdsvis stabil sidan 2004, bortsett frå ein auke i 2020 som må sjåast i samanheng med koronapandemien, og ein ytterlegare auke i 2022 som kan skuldast etterverkingar av pandemien. I løpet av pandemiåra har det vore ein markant auke i det legemelde sjukefråværet, ein vekst som i stor grad kan tilskrives auka antal lengre sjukefråvær.¹² Andelen av befolkninga som mottar arbeidsavklaringspenger, har gått ned frå 2011¹³ fram til utbrotet av pandemien, sjå figur 3.16. Andelen med uføretrygd gjekk klart ned frå 2004 til 2009, etter innføringa av tidsavgrensa uførestønad. I dei påfølgande åra var andelen forholdsvis stabil, men har auka sidan 2016. Auken i uføretrygd må blant anna sjåast i samanheng med nedgangen i mottak av arbeidsavklaringspenger fram til 2019.¹⁴ Dei siste par åra har andelen mottakarar av arbeidsavklaringspenger igjen auka, og andelen mottakarar av uføretrygd har flata ut.

Overgang mellom ytingane

Det er ein nær samanheng mellom utviklinga i dei ulike helserelaterte ytingane. Blant dei som starta å ta i mot arbeidsavklaringspenger i 1. kvartal 2023, tar i underkant av 64 pst. i mot sjukepensar to månader tidlegare. Blant dei som slutta å ta i mot arbeidsavklaringspenger i 2. kvartal 2022, mottar i overkant av 32 pst. uføretrygd seks månader seinare (utan å kombinere dette med arbeid). Den reelle overgangen til uføretrygd var likevel større, ettersom det i tillegg var 12 pst. som kombinerte arbeid og uføretrygd. Statistikk for nye mottakarar av uføretrygd i 1. kvartal 2023 viser dessutan at 65 pst. av desse var registrerte som mottakarar av arbeidsavklaringspenger to månader forut for uføretrygd.

Mange kombinerer ei helserelatert yting med arbeid. Å ta i mot ei helserelatert yting er ikkje nødvendigvis det same som å stå utanfor arbeidslivet. Fleire av dei som mottar ei helserelatert yting, har eit arbeidsforhold som dei har mellombels fråvær frå. Andre kombinerer arbeid med ei gradert (delvis) trygdeyting. Mange mottar dessutan ei yting berre delar av året, og mange går tilbake til arbeid etter ei stund. Dette gjeld særleg tidleg i stønadsforløpet. Talet på mottakarar av helserelaterte

¹² Nossen, J.P. (2022) «Legemeldt sykefravær før og under koronapandemien: Hva driver utviklingen?», Arbeid og velferd 3/2022.

¹³ Arbeidsavklaringspenger inkluderer forløparane rehabiliteringspenger, attføringspenger og tidsavgrensa uførestønad.

¹⁴ Kalstø, Å.M. og Kann, I.C. (2018) «Færre på helserelaterte ytelser – friskere befolkning?», Arbeid og velferd 4/2018.

ytingar speglar derfor ikkje antalet personar som står utanfor arbeidslivet.

Tilknyttinga til arbeidslivet varierer mellom ordningane og speglar utforminga av desse. I sjukepengeordninga er gjennomstrøyminga av mottakarar stor.¹⁵ Dei aller fleste sjukepengemottakarar er også i eit arbeidsforhold. Nesten halvparten (49 pst.) av alle som var sjukmelde utover arbeidsgivarperioden på 16 dagar i 2022, kombinerte arbeid og sjukepengar gjennom bruk av gradert sjukmelding på eitt eller fleire tidspunkt av sjukepengeperioden. Av alle avslutta sjukefråværsstilfelle med varigheit over 16 dagar i 2022 var meir enn ni av ti registrerte i arbeid seks månader etter ein avslutta sjukmeldingsperiode (enten berre i arbeid eller i arbeid kombinert med ei yting).

Også for mottakarar av arbeidsavklaringspengar er gjennomstrøyminga forholdsvis stor. Gjennomsnittleg tid ein mottar ytinga er om lag to år. Nær en av tre (31 pst.)¹⁶ av mottakarane av arbeidsavklaringspengar var i arbeid på eitt eller fleire tidspunkt i løpet av 2022. Av dei som slutta å ta i mot arbeidsavklaringspengar i løpet av 2022, var rundt 43,5 pst. i arbeid seks månader seinare. Av dei var drygt halvparten berre i arbeid, enten på heiltid eller deltid, mens resten kombinerte arbeid med ei yting – i mange tilfelle uføretrygd.

Det er svært få som sluttar å ta i mot uføretrygd og begynner å jobbe full tid, men ein del mottakarar av uføretrygd vil i periodar arbeide noko ved sida av uføretrygda. I løpet av 2022 var ein av fem (20 pst.) av alle som har tatt i mot uføretrygd, både gradert og full uføretrygd, i arbeid på eitt eller fleire tidspunkt.¹⁷

Nokre faktorar bak utviklinga

Forklaringa på utviklinga i bruken av helserelevante ytingar over tid er samansett. Etersom det er store forskjellar i mottak av desse ytingane mellom kjønn, aldersgrupper og befolkningsgrupper, vil endringar i befolkningsamansetninga på lengre sikt kunne påverke utviklinga i andelen mottakarar. I kva grad det er tilgjengeleg arbeid for personar med nedsett arbeids- eller inntektsevne, har

¹⁵ Brage, S., Kann, I.C. og Thune, O. (2013) «Er det slik at få individer står for det meste av sykefraværet?», *Arbeid og velferd* 3/2013.

¹⁶ Andelen er berekna ut frå alle som mottok arbeidsavklaringspengar gjennom heile kalenderåret. Arbeid er definert som at vedkommande har registrert arbeid på meldekortet.

¹⁷ Andelen er berekna ut frå alle som mottok uføretrygd gjennom heile kalenderåret. Arbeid er definert som at vedkommande er registrert i Aa-registeret, og at avtalt arbeidstid er minst fire timar i veka.

også betydning for kor mange som tar i mot ytingane. Den høge andelen som mottar ei helserelevante yting, er dermed i nokon grad eit uttrykk for at personar med helseproblem har utfordringar med å få innpass i arbeidslivet. På kortare sikt kan også konjunktursituasjonen påverke utviklinga i bruken av ytingane. I tillegg kan regelendringar påverke både den samla bruken av ytingane og fordelinga mellom dei.

Ei rekke analysar utførte av Arbeids- og velferdsdirektoratet viser at situasjonen og utviklinga i arbeidsmarknaden kan ha betydning for bruken av helserelevante ytingar i befolkninga. Ein analyse av utviklinga i legemeldt sjukefråvær i perioden 2000–2012 viser for det første ein tendens til at færre nye sjukefråvær blei påbegynte ved høg arbeidsløyse. For det andre auka den gjennomsnittlege varigheita av sjukefråvær som starta i periodar da antal nye arbeidsledige auka.¹⁸ Andre analysar viser at ein auke i arbeidsløysa trekker i retning av ein auke i antal personar med oppbrukte sjukepengerettar¹⁹ og redusert sannsyn for overgang til arbeid for mottakarar av arbeidsavklaringspengar.²⁰ Det ligg også føre analysar som peiker på at antal nye mottakarar av arbeidsavklaringspengar aukar når arbeidsløysa aukar.²¹ For ungdom i gråsona mellom arbeidsløyse og helseproblem som får innvilga arbeidsavklaringspengar i staden for dagpengar eller økonomisk sosialhjelp, er det påvist større risiko for overgang til varig uføretrygd.²² Nedgangskonjunkturar kan derfor gi uheldige langtidseffektar.

Vidare viser fleire analysar at utviklinga i sjukefråværet har stor betydning for antal nye mottakarar av andre helserelevante ytingar. Når antalet som bruker opp sjukepengerettane går ned, blir overgangen til meir langvarige helserelevante ytingar isolert sett også redusert.²³

¹⁸ Nossen, J.P. (2014) «Utviklingen i sykefraværet: betydningen av arbeidsmarkedet, gradering og regelendringer», *Arbeid og velferd* 2/2014.

¹⁹ Lima, I.A.Å. (2016) «Hvordan har økt ledighet påvirket bruken av helserelevante ytelser og økonomisk sosialhjelp?», *Arbeid og velferd* 2/2016. Auken er noko mindre enn befolkningsutviklinga skulle tilseie.

²⁰ Kann, I.C., Yin, J. og Kristoffersen, P. (2016) «Fra arbeidsavklaringspenger til arbeid», *Arbeid og velferd* 2/2016.

²¹ Kann, I.C., Yin, J. og Kristoffersen, P. (2016) «Arbeidsavklaringspenger – utviklingen i hvem som kommer inn», *Arbeid og velferd* 2/2016, og Kann, I.C., Yin, J. og Kristoffersen, P. (2016) «Hvordan har økt ledighet påvirket bruken av helserelevante ytelser og økonomisk sosialhjelp?», *Arbeid og velferd* 2/2016.

²² Schreiner, R. (2019) «Unemployed or Disabled? Disability Screening and Labor Market Outcomes of Youths», *Memoandum* 5/2019, Universitetet i Oslo, Økonomisk institutt.

Sidan 2001 har det blitt fleire i dei eldste aldersgruppene i arbeidsdyktig alder i Noreg. Ettersom helse blir dårlegare med alderen, bidrar dette isolert sett til at fleire mottar helserelaterte ytingar. I dei eldste aldersgruppene har samtidig ein stadig lågare andel tatt i mot helserelaterte ytingar frå 2002 og fram til koronapandemien slo inn i 2020, jf. figur 3.17. Ein studie har undersøkt betydninga av endringar i alderssamansetning og utdanningsnivå for veksten i helserelaterte ytingar frå 1994 til 2006. Studien finn at sjølv om ein aukande andel eldre isolert sett har bidratt til veksten, har høgare utdanningsnivå i befolkninga isolert trekt veksten ned. Det blir konkludert med at desse faktorane langt på veg utliknar kvarandre, slik at dei samla kan forklare svært lite, om noko,

²³ Kann, I.C., Brage, S., Kolstad, A., Nossen, J.P. og Thune, O. (2012) «Har gradert sykmelding effekt på sykefraværet?», *Arbeid og Velferd* 2/2012.

Kann, I.C., Bragstad, T. og Thune, O. (2013) «Stadig flere på trygd?», *Arbeid og velferd* 3/2013.

Kann, I.C. og Lima, I.Å. (2015) «Tiltak i NAV Hedmark ga færre nye mottakere av arbeidsavklaringspenger», *Arbeid og Velferd* 3/2015.


Kann, I.C., Thune, O. og Galaasen, A.M. (2013) «Gir lavere sykefravær færre på langtidsytelser?», *Arbeid og Velferd* 3/2013.

av endringa i mottak av helserelaterte ytingar i perioden.²⁴ Utviklinga dei siste 20 åra må derfor forklarast med andre forhold.

Eksempel på slike forhold kan vere endringar i helse til befolkninga og forhold på arbeidsmarknaden. Sidan 2002 har den forventta levealderen auka betydeleg, og høgare levealder er det tydelegaste målet på betra helsetilstand i befolkninga. Dette trekker isolert sett i retning av redusert mottak av helserelaterte ytingar. Dersom det er blitt lettare å vere i arbeidslivet med redusert helse samanlikna med tidlegare, vil også dette trekke i retning av ein lågare andel på helserelaterte ytingar.²⁵ Endringar i regelverk, inkludert større satsing på aktivitetskrav, større vekt på kontakt med arbeidslivet i sjukdomsperioden, endringar i vilkår for stønadene og maksimale stønadsperioder, og endringar i regelverket for tilgrensande ordningar som alderspensjon, påverkar også utviklinga.

²⁴ Bratsberg, B. og Røed, K. (2011) «Kan demografi forklare veksten i uførhet?», *Søkelys på arbeidsmarkedet* nr. 1–2 2011, s. 3-21.

²⁵ Kalstø, Å.M. og Kann, I.C. (2018) «Færre på helserelaterte ytelser – friskere befolkning?», *Arbeid og velferd* 4/2018.




Figur 3.17 Mottakarar av helserelaterte ytingar i alderen 18–29 år og 60–66 år som andel av befolkninga i desse aldersgruppene. Tala er korrigert for at ein kan ta imot meir enn éi yting samtidig. Tal ved utgangen av året 2002–2022

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

For unge i alderen 18–29 år har andelen mottakrar av helserelevante ytingar vore forholdsviss stabil og variert mellom 6,6 pst. og 7,2 pst. i perioden 2002 og fram til koronapandemien, jf. figur 3.17. Andelen unge mottakrar av sjukepengar er redusert, samtidig som den samla del av unge som mottar enten arbeidsavklaringspengar eller uføretrygd, har auka. Andelen unge uføretrygda står for mesteparten av auken. Noko av auken i denne andelen kjem av at fleire barn med alvorlege helseproblem veks opp og når vaksen alder. I tillegg har avviklinga av den tidlegare ordninga med tidsavgrensa uførestønad (2004–2010) ført til at fleire unge får innvilga uføretrygd på eit tidlegare tidspunkt i staden for først å gå på den mellombelse stønaden.²⁶ Innføringa av arbeidsavklaringspengar med ei fast varigheit har bidratt til at avklarings skjer raskare enn tidlegare. Sannsynet for at personar under 30 år får innvilga uføretrygd ti år etter å ha starta i eit oppfølgingsforløp på arbeidsavklaringspengar, har derfor auka i perioden 2012–2022 samanlikna med dei som starta i eit forløp med ei mellombels helseytning i perioden mellom 1993–2008.²⁷ Dette auka sannsynet for uføretrygd har gitt færre som ti år seinare deltar i arbeidsstyrken utan helserelevante trygdeytningar, men nokon fleire som kombinerer uføretrygd med arbeid. Det er også færre som er registrerte med nedsett arbeidsevne og ei mellombels helseytning ved start etter 2010; altså ein større andel som er endeleg «avklart».

Eit særtrekk ved den demografiske utviklinga er høg arbeidsinnvandring frå midten av 2000-talet fram til 2011. Den høge arbeidsinnvandringa har bidratt til å trekke ned andelen som mottar helserelevante ytingar, fordi innvandringa har vore særleg stor i aldersgrupper med låg trygdetilbøyelegheit. I tillegg har nykomne innvandrarakar i mindre grad opparbeidd seg trygderettar. Figur 3.18 viser at andelen mottakrar av helserelevante ytingar blant busette som er fødte i Noreg, i heile perioden har vore større enn andelen blant alle busette. Differansen mellom gruppene auka fram t.o.m. 2014, og har deretter vore uendra fram t.o.m. 2019. I dei tre siste åra har differansen vore noko lågare.



Figur 3.18 Mottakrar av helserelevante ytingar som andel av befolkninga i alderen 18–66 år. Busette personar født i Noreg og alle busette. 2002–2022. Pst.

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Studiar har vist at fleire innvandrargrupper på lengre sikt har hatt fallande sysselsettingsandelar og auka overgang til helserelevante ytingar.²⁸ I den grad innvandrarakar buset seg permanent i Noreg, vil effekten av innvandringa på mottak av helserelevante ytingar i befolkninga dermed kunne endre seg over tid.

Mange potensielle årsverk går tapt


Den samfunnsmessige betydninga av mottak av helserelevante ytingar i befolkninga kan illustrerast ved å sjå på tapte årsverk som følge av mottak av desse ytingane. Figur 3.19 viser utviklinga i denne størrelsen. Med tapte årsverk knytt til mottak av helserelevante ytingar meiner ein her kor mange ekstra årsverk det ville utgjort dersom alle som hadde legemeldt sjukefråværet eller tok i mot arbeidsavklaringspengar eller uføretrygd, i staden hadde vore i heiltidsarbeid. Tala gir eit mål på ein teoretisk arbeidskraftreserve, og kan ikkje tolkast som eit realistisk anslag over kor mange som kan komme i arbeid.

²⁶ Bragstad, T. (2018) «Vekst i uføretrygding blant unge», Arbeid og velferd 2/2018.

²⁷ Bragstad, T. (2023) «Unge i NAV: Fra arbeidsavklaringspengar til uføretrygd», Arbeid og velferd 2/2023.

²⁸ Bratsberg, B., Raaum, O. og Røed, K. (2011) «Yrkesdeltaking på lang sikt blant ulike innvandrargrupper i Norge», Rapport 1/2011, Frischsenteret.

Bratsberg, B., Raaum, O. og Røed, K. (2017) «Immigrant labor market integration across admission classes», Nordic Economic Policy Review – Labour Market Integration in the Nordic Countries 2017.



Figur 3.19 Estimat på tapte årsverk knytte til mottak av helserelaterte ytingar som andel av befolkninga 18–66 år. Tapte årsverk i løpet av året for 2001, 2005, 2009–2022. Pst.

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

I motsetning til statistikken over talet på mottakarar (sjå omtale over) tar berekninga av tapte årsverk omsyn til kor stor andel av ei full yting kvar person mottar, og kor stor del av året personen mottar ei yting. Dette gjer at talet på potensielle årsverk som går tapt som følge av mottak av helserelaterte ytingar, er lågare enn andelen mottakarar av helserelaterte ytingar. Utviklinga over tid er likevel forholdsvis lik for dei to størrelsane.


Det er mange personar som står bak dei tapte årsverka som er presenterte i figur 3.19. I 2022

stod 1,6 millionar unike personar bak 582 000 tapte årsverk.²⁹ Det inneber eit gjennomsnitt på 2,7 personar per tapte årsverk. Sidan det er store forskjellar i graderinga og varigheita på mottak av dei ulike ytingane, er det tilsvarende forskjellar i kor mange personar som står bak kvart tapte årsverk i dei ulike ordningane. Ettersom dei fleste sjukefråvæer er korte, står det 9,1 personar bak kvart tapte årsverk i kategorien sjukefråvæer. For personar som tar imot arbeidsavklaringspengar, står det 1,5 personar bak kvart tapte årsverk, mens det i kategorien uføretrygd står 1,1 personar bak kvart tapte årsverk.

Andelen tapte årsverk som har samanheng med mottak av helserelaterte ytingar, har variert lite over år. Frå 2001 til 2010 auka andelen noko, men har avtatt eller vore om lag uendra kvart år frå 2010 til 2019. Dei siste tre åra har andelen igjen auka noko. Alle dei tre ytingane har medverka til aukinga. Utviklinga i tapte årsverk blir påverka av dei same forholda som utviklinga i dei helserelaterte ytingane, jf. omtale over.

Sjølv om andelen tapte årsverk knytt til helserelaterte ytingar har vore om lag uendra over lengre tid, er samansetninga mellom dei ulike ytingane endra. Dagens fordeling er likevel om lag den same som i 2001. Figur 3.20 viser fordelinga av tapte årsverk knytt til sjukepengar, arbeidsavklaringspengar og uføretrygd som andel av totalt antal tapte årsverk i 2012 og 2022. Uføretrygd står for fleire tapte årsverk i 2022 enn i 2012. Dette er ei gruppe som generelt står lengre unna arbeidsmarknaden enn mottakarar av dei to andre ytingane.

²⁹ Til samanlikning var det i overkant av 2,6 millionar sysselsette årsverk i heile befolkninga ved utgangen av 2022.



Figur 3.20 Estimat på fordelinga av tapte årsverk knytt til sjukefråvær, mottak av arbeidsavklaringspengar og uføretrygd som andel av totalt antal tapte årsverk


Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

3.7 Pensjon

Figur 3.21 viser den historiske utviklinga i antal mottakarar av alderspensjon frå folketrygda i perioden 1980–2022 og framskrivingar til 2050. Ved utgangen av 2022 var det 1 018 000 mottakarar av alderspensjon frå folketrygda.

Antalet har auka sterkt etter 2011 som følge av at ein da kunne ta ut alderspensjon frå 62 år, men

veksttakten har vore fallande fram mot 2022. Fram mot 2025 er det anslått ein vekst i antal alderspensjonistar på om lag to pst. per år. Frå 2025 er det forventa noko større vekst som følge av innfasing av ny AFP i offentlig sektor. Etter 2030 fell veksttakten i framskrivingane gradvis til om lag ein pst. per år i 2050.



Figur 3.21 Utviklinga i antal alderspensjonistar frå folketrygda, middelbestand. Tusen. Historiske tal 1980–2022. Framskrivingar 2023–2050

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Frå 2022 til 2030 er utgiftene til alderspensjon frå folketrygda anslått å auke frå om lag 288 mrd. kroner til om lag 336 mrd. kroner. Det er ein vekst på 48 mrd. kroner, eller 17 pst. Berekingar frå SSB anslår at auken frå 2018 til 2060 vil vere 50 pst., 128 mrd. kroner målt i faste 2021-lønnin- gar, og at auken ville vore dobbelt så stor utan ei pensjonsreform.³⁰

Utover framskriving av utgifter til alderspen- sjon frå folketrygda over statsbudsjetta kan framti- dige forpliktingar til pensjon også illustrerast ved berekingar av verdien av allereie opparbeidde pensjonsrettar. Ved inngangen til 2023 utgjorde opparbeidde rettार til alderspensjon frå folke- trygda om lag 10 200 mrd. kroner. Det utgjer om lag 286 pst. av BNP for Fastlands-Noreg.

Levealderen i befolkninga aukar stadig, og dette bidrar til veksten i tal på mottakarar av alderspensjon. I 1980 var forventa levealder for menn 72 år og for kvinner 79 år.

I 2022 hadde den forventa levealderen for menn og kvinner auka til høvesvis 81 år og 84 år. Forventa levealder er i middelalternativet i SSBs befolkningsframskrivingar frå 2022 anslått å auke vidare til 89 år for menn og 91 år for kvinner i 2060.

Som følge av at fleire tar høgare utdanning, kjem mange seinare ut i yrkeslivet enn tidlegare. Talet på yrkesaktive per alderspensjonist og uføre- trygda har sokke frå 3,5 da folketrygda blei eta- blert i 1967, til 2,1 i 2022³¹ og er forventa å bli ytterlegare redusert til 1,5 i 2060. Denne utvik- linga stiller offentlege finansar overfor store utfor- dringar i dei kommande åra, og pensjonsreforma frå 2011 er eit viktig bidrag til å sikre framtidens velferdsstat.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har anslått verknader av pensjonsreforma på utgiftene til alderspensjon frå folketrygda samla og fordelte på ulike komponentar i perioden 2011–2022. I figur 3.22 er dei ulike komponentane definerte slik:

- Skjermingstillegg er effekten av delvis skjer- ming av uføres alderspensjon mot levealders- justeringa.
- Fleksibel pensjon er dei samla endringane i utgifter som heng saman med at den enkelte sjølv kan velje når pensjonen skal takast ut mel- lom 62 og 75 år. Dette inkluderer følgande effektar:

- Meirutgiftene til personar som tar ut pen- sjonen før den gamle pensjonsalderen på 67 år, og dei seinare innsparingane etter 67 år ved at denne gruppa får livsvarig lågare alderspensjon.
- Innsparinga som følge av at enkelte utset pensjonsuttaket til etter den gamle pen- sjonsalderen på 67 år, og seinare meirutgif- ter som følge av at denne gruppa får livsva- rig høgare alderspensjon.
- Levealdersjustering inneber at alderspensjo- nen blir justert ut frå forventa levealder for kvart årskull. Effekten angir innsparinga som følge av levealdersjusteringa under føresetnad av uttak av alderspensjon ved 67 år.
- Endra indeksering er innsparinga som følge av at pensjonar under utbetaling blir regulerte lågare enn lønnsveksten.

Reforma har samla anslagsvis bidratt til å redu- sere utgiftene til alderspensjon i folketrygda med 5,2 mrd. kroner i 2022. Innsparingselementa i pen- sjonsreforma får aukande betydning over tid, blant anna som følge av levealdersjusteringa.

Frå 2015 er det anslått at veksten i utgiftene til alderspensjon har vore lågare med pensjonsre- forma enn han ville vore utan reforma. 2021 er det første året pensjonsutgiftene er anslått å ha vore lågare med pensjonsreforma enn utan.

Effekten av fleksibel pensjon har til no blitt klart dominert av uttak av alderspensjon før 67 år. Meirutgiftene til alderspensjon frå folketrygda på grunn av fleksibel pensjonering har auka gradvis frå 2011 til 2016. Frå 2017 har desse meirutgiftene minka og er anslått til 13,4 mrd. kroner i 2022. Omfanget av tidleg uttak ser no ut til å stabilisere seg, og som følge av dei nøytrale uttaksreglane der tidleg uttak gir lågare årleg pensjon, vil dei auka utgiftene som følger av tidleg uttak, på kort sikt bli motverka av reduserte utgifter på lengre sikt. Denne effekten, kalla nøytralt uttak, vil komme gradvis, slik at dei auka utgiftene i form av tidleg uttak framleis vil dominere dei nærmaste åra. Få personar har førebels utsett uttaket av pen- sjon til etter 67 år.


Levealdersjusteringa ved 67 år har førebels hatt avgrensa effekt, da justeringa berre gjeld nye mottakarar av alderspensjon frå 2011. Innsparinga som følge av levealdersjusteringa blir redusert av at dei første årskulla er delvis skjerma for effekten av levealdersjusteringa. Innsparinga ved ei leveal- dersjustering ved 67 år er anslått til 8,3 mrd. kro- ner i 2022. Effekten av levealdersjusteringa vil bli sterkare over tid, og yngre årskull vil i betydeleg grad bidra til innsparing gjennom levealdersjuste-

³⁰ Fredriksen D., Holmøy E., Strøm B. og Stølen N.M. (2019) «Betydningen av pensjonsreformen for arbeidstilbud og offentlige finanser». Søkelys på arbeidslivet 04/2019.

³¹ Talet blir påverka av at relativt mange alderspensjonistar og uføretrygda samtidig er yrkesaktive.

ring. Innsparingar som følge av pensjonsreforma dei første åra er særleg knytte til ny regulering av pensjon under utbetaling, som gjeld alle alderspensjonistar. Ny regulering er isolert sett anslått å ha bidratt til innsparingar på 10,8 mrd. kroner i 2022 samanlikna med om alderspensjonen hadde vore lønnsregulert frå 2011. Innsparinga må sjåast i lys av den sterke auken i utgiftene til alderspensjon som følge av auken i talet på eldre.

Pensjonsreforma tar sikte på å etablere eit berekraftig pensjonssystem som gir ei rimeleg byrdefordeling mellom generasjonane. Mens levealdersjusteringa vil bidra til betydelege innsparingar frå yngre generasjonar, har bidraget frå dagens eldre i hovudsak samanheng med dei nye reglane for regulering av pensjon under utbetaling. Med dei utfordringane vi står overfor med finansiering av velferdsordningane, er det rimeleg at også dagens eldre bidrar til å sikre eit berekraftig pensjonssystem.



Figur 3.22 Utgiftsverknad av pensjonsreforma målt i fast G. mrd. 2023-kroner (G = 116 239 kroner)

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Frå 2022 er reglane for regulering av alderspensjon under utbetaling lagde om, slik at pensjonane blir regulerte årleg med gjennomsnittet av lønns- og prisveksten, jf. Prop. 41 L (2021–2022), Innst. 194 L (2021–2022) og Lovvedtak 50 (2021–2022). Dei nye reglane gir ei jamnare utvikling av pensjonane enn tidlegare, og ein unngår at alderspensjonistane får nedgang i realinntekta når lønnskarakterane får reallønnsvekst, slik tilfellet har vore fleire gonger dei siste åra.

Figur 3.23 viser realveksten i median samla inntekt etter skatt for ulike aldersgrupper i perioden 2011–2021. For aldersgruppa 60 år og eldre sett under eitt har realveksten i samla inntekt etter skatt vore om lag 8 pst. Veksten har vore


særleg sterk for aldersgruppa 62–66 år. Mykje av dette kjem av større yrkesaktivitet og at mange under 67 år tar ut pensjon mens dei framleis er i jobb. For dei over 66 år er særleg høgare pensjonar som følge av auka pensjonsopptening ei viktig årsak. I tillegg har pensjonane auka meir enn prisveksten i perioden. Det tekniske berekningsutvalet (TBU) viser i NOU 2023: 12 blant anna at veksten i gjennomsnittleg alderspensjon var relativt høg i årene 2012–2014. Veksten minka noko i åra 2015–2020 for deretter å auke igjen i 2021 og 2022.

Gjennomsnittleg alderspensjon har historisk auka meir enn grunnbeløpet ved at pensjonistar med høg opptening har komme til og erstatta pensjonistar med låg opptening som har falle frå. I

perioden 2018–2022 har likevel veksten i gjennomsnittleg alderspensjon vore svakare enn veksten i grunnbeløpet.

Skattereglane behandlar pensjon gunstigare enn yrkesinntekt. For eksempel er trygdeavgifta lågare, og det er eit frådrag i inntektsskatt og trygdeavgift for pensjonistar opp til eit visst beløp på pensjonsinntekta som er dimensjonert slik at min-

stepensjonistar ikkje betaler skatt. Skattefrådraget blir trappa ned med størrelsen på pensjonen. Dette, kombinert med eit progressivt skattesystem der progressiviteten i skattereglane for pensjon er ekstra sterk, gjer at veksten i inntekt før og etter skatt varierer noko mellom dei ulike aldersgruppene.



Figur 3.23 Realvekst i median samla inntekt før og etter skatt for personar 60 år og eldre, 2011–2021. Pst.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

3.8 Utvikling i utgiftene til folketrygda

Her følger ei oversikt over utviklinga i realveksten for dei sentrale stønadene på Arbeids- og inkluderingsdepartementets ansvarsområde og ei oversikt over utviklinga i talet på mottakarar og gjennomsnittleg yting.

Tabellen *Utviklinga i utgiftene til folketrygda etter stønadstype 2009–2024* under viser utviklinga i utgiftene til folketrygda i nominell verdi og realvekst i pst. Dagpengar mv. er ikkje inkludert i tabellen. Beløpa for perioden 2009–2022 er baserte på rekneskapstal, mens beløpa for 2023 er anslag på rekneskap. For 2024 blir utgiftsanslag som følger av regjeringa sitt budsjettforslag i Gul bok 2024, brukte.

Tal for realvekst i tabellen under illustrerer utgiftsendringar utover endringar som kjem av generell prisvekst, lønnsvekst eller andre faste reguleringar som gjeld for dei ulike stønadene. Endringar i sjukepengeutgiftene kjem blant anna av endringar i fráværstilbøyelegheita og antal selselsette. Auken i utgiftene til alderspensjon kjem

av ein auke i antal pensjonistar og at nye pensjonistar i gjennomsnitt har høgare pensjon enn dei som fell frå. For uføretrygd og andre stønader illustrerer tala hovudsakleg endringar i antal mottakarar.

For sjukepengar kjem realveksten fram ved at utgiftene blir justerte for lønnsutviklinga. Utgiftene til arbeidsavklaringspengar, uføretrygd, einselege forsørgarar og etterlatne blir justerte for utviklinga i grunnbeløpet (G) i folketrygda, mens det for alderspensjon i åra etter 2011 er tatt omsyn til at dei fleste pensjonar under utbetaling har blitt justerte med G fråtrekt 0,75 pst.³² Realveksten viser dermed ikkje effekten av at alderspensjon i hovudsak har blitt regulert med ein lågare sats enn f.eks. arbeidsavklaringspengar og uføretrygd. Dette går fram av dei nominelle tala.

³² Tilsvarande justering er brukt også for 2021–2024 sjølv om reguleringsreglane har blitt endra for desse åra. Effektar av endringar i reguleringsreglane for desse åra, som har gitt høgare pensjonsregulering kvart av åra, vil dermed inngå som ein del av realveksten.

Samla sett har det vore ein realvekst i utgiftene til folketrygda kvart år sidan 2009. Utgiftsveksten i desse rettsbaserte ordningane har avgrensa handlingsrommet i budsjettpolitikken i

betydeleg grad, og dette er forventa å gjelde også i dei kommande åra ved ei vidareføring av dagens regelverk.

Utviklinga i utgiftene til folketrygda etter stønadstype¹ 2009–2024. I nominelle mrd. kroner og gjennomsnittleg årleg realvekst²

Stønadsutgifter	Nominell verdi				Gjennomsnittleg årleg realvekst i pst.		
	2009	2013	2023	2024	2009–2013	2013–2023	2023–2024
Sjukepengar	36,3	36,6	60,0	62,2	-3,6	1,8	-1,1
Arbeidsavklaringspengar	30,5	36,5	40,9	44,7	0,5	-2,1	3,9
Uførlaik	59,5	71,6	118,0	125,7	0,7	1,8	1,3
Alderspensjon	112,8	164,6	296,5	316,7	6,2	3,4	2,3
Stønad til einsleg forsørgar og etterlatne	5,6	5,6	3,8	5,0	-3,8	-7,0	26,3
Stønad til meirutgifter ³	8,7	8,7	12,4	13,3	-1,4	0,5	2,8
Sum	253,5	323,7	531,6	567,6	2,4	2,1	2,0

¹ Det er korrigert for større tekniske endringar i perioden. For eksempel er utgiftene til uførepensjon i 2014 og tidlegare år justerte slik at dei er samanliknbare med bruttoutgiftene til ny uføretrygd frå 2015. Utgifter til bidragsforskott er ikkje medrekna (heller ikke for 2022 og tidligare), ettersom ansvaret for ordninga blei overført til Barne- og familiedepartementet frå 2023.

² Stønadsutgiftene følger kapittelstrukturen.

³ Stønad til meirutgifter består av Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel mv. (kap. 2661, fråtrekt inntekter på 5701.88 Hjelpemiddelsentralar mv.) og Stønad ved gravferd (kap. 2686).

Hovudtrekka i utviklinga som ligg til grunn for realveksttabellen, er:

Sjukepengar

I tillegg til sjukepengar, omfattar utgiftskapitlet også pleie-, opplærings og omsorgspengar. Sysselsettingsvekst bidrar til å trekke realveksten opp. Regelendringar som auka kompensasjonsgrad for sjukepengar til sjølvstendig næringsdrivande i 2017 og 2019 og pleiepengereforma frå 2017 bidrar også til auka vekst.

Realveksten var negativ i dei fleste av åra i perioden 2010–2018, som følge av nedgang i det trygdefinansierte sjukefråværet per sysselsett, før utviklinga snudde til ei oppgang i 2019. I 2020–2022 var realveksten i utgiftene sterkt prega av koronapandemien og mellombelse regelendringar for både sjukepengar og omsorgspengar. Dette bidrog til ein realvekst i utgiftene på 15,3 pst. i 2020, ein nedgang på 3,5 pst. i 2021 og ein ny vekst på 1,9 pst. i 2022. I 2023 er det forventa ein auke i utgiftene på 6,4 pst. Sterk vekst i både det trygdefinansierte sjukefråværet og i bruken av pleiepengar er skyld i dette. Realveksten i 2024 er

anslått til -1,1 pst. Det svarer til ein reduksjon på om lag 0,7 mrd. 2024-kroner.

Arbeidsavklaringspengar

1. mars 2010 blei rehabiliteringspengar, attføringspengar og tidsavgrensa uførestønad erstatta av den nye ytinga arbeidsavklaringspengar. Auke i talet på mottakarar førte til realutgiftsvekst i åra 2010–2011, mens reduksjon i mottakarar førte til utgiftsnedgang i perioden 2012–2019. Mellombelse regelendringar, generelle forseinkingar i avklaringsløpa og ein lengre periode med ein auke i arbeidsløysa i samband med koronapandemien bidro til lav avgang frå ordninga og vekst i talet på mottakarar i perioden 2020–2022, og til realutgiftsvekst i åra 2021–2022. Talet på mottakarar har fortsatt å auke i 2023, noko som blant anna heng saman med at nye regler frå 1. juli 2022 i større grad enn før gir moglegheit til å ta imot ytinga utover varighetsgrensa på tre år, eller å få innvilga ein ny stønadsperiode. Realveksten i utgiftene til arbeidsavklaringspengar i 2023 er anslått til 5,8 pst. Veksten i talet på mottakarar er venta å flate ut i løpet av 2024, men det gir likevel

ein anslått realvekst på 3,9 pst., tilsvarande ein auke på om lag 1,6 mrd. 2024-kroner.

Uførleik

Utviklinga i antal uføre heng særleg saman med befolkningsutviklinga og utviklinga på arbeidsavklaringspengar, sidan dei fleste nye uføre kjem frå arbeidsavklaringspengar. Det har vore ein realutgiftsvekst i alle åra frå 2010, unntatt i 2013 og 2014. Utgiftsveksten var særleg stor i 2018 og 2019, med 3,3 og 4,4 pst., som følge av regelendringane for arbeidsavklaringspengar i 2018. I perioden 2020–2022, og særleg i 2021 og 2022, var det lågare vekst som følge av mellombelse regelverksendringar for arbeidsavklaringspengar ifm. koronapandemien, i tillegg til at pandemien førte til forseinkingar i avklaringsløpa for mottakarar av arbeidsavklaringspengar. At det også etter pandemien har vore låg avgang frå arbeidsavklaringspengar, bidrar til å trekke ned utgiftsveksten for uføretrygd. I både 2023 og 2024 er det forventa ein realvekst på 1,3 pst. I 2024 svarer det til ein auke på om lag 1,6 mrd. 2024-kroner.

Alderspensjon

Høvet til å ta ut alderspensjon frå 62 år, mot tidlegare 67 år bidrog til at utgiftene til alderspensjon auka sterkt i åra etter 2010. Dei siste åra har det vore ein nedgang i delen som vel å ta ut alderspensjon før 67 år, og talet på alderspensjonistar under 67 år har gått ned etter 2018. Etter å ha bidratt til høgare utgifter dei første ti åra har pensjonsreforma sidan 2021 samla sett bidratt til å redusere utgiftene til alderspensjon. I 2024 er det anslått at pensjonsreforma isolert sett vil redusere utgiftene til alderspensjon med om lag 10 mrd. kroner.

Regelendringar som auka grunnpensjon og fleire aukingar av minste pensjonsnivå har trekt veksten opp dei siste åra, og i perioden 2021–2024 bidrar også endra reguleringsreglar til større vekst. Utgiftene til alderspensjon vil auke betydeleg også i åra som kjem, hovudsakleg som følge av at det blir fleire alderspensjonistar over 67 år. I

2023 er det anslått at realveksten i utgiftene til folketrygda til alderspensjon vil vere på 3,5 og her bidreg høg prisvekst til auka vekst. I 2024 blir realveksten for alderspensjon anslått til 2,3 pst., tilsvarande ein auke på om lag 7,2 mrd. 2024-kroner.

Stønader til einslege forsørgarar og etterlatne

Utgiftene til overgangsstønad og etterlatnepensjon har vore reelt avtakande i heile perioden. Nedgangen for overgangsstønad kan ha samanheng med større barnehagedekning, at fleire har delt omsorg, og at regelverket for å ta imot overgangsstønad har blitt stramma inn og gjort meir arbeidsretta. For etterlatnepensjon, som ein kan få til fylte 67 år, er årsaka til nedgangen høgare levealder og at stadig fleire enker og enkemenn er i arbeid. Frå 2024 vil etterlatnereforma føre til at nedgangen snur til ein betydeleg vekst som følge av større satsar og høgare øvre aldersgrense for barnpensjon. Realveksten i utgiftene til folketrygda til einslege forsørgarar og etterlatnepensjon mv. er anslått til 26,3 pst. frå 2023 til 2024, tilsvarande ein auke på om lag 1,0 mrd. 2024-kroner

Stønader til å dekke meirutgifter

Stønader til å dekke meirutgifter inkluderer grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel mv. og stønad til gravferd. Frå 2010 til 2019 var det omtrent null realvekst, men med noko variasjon over tid. Fleire eldre har trekt veksten noko opp, mens blant anna regelendringar har bidratt til noko lågare vekst. I 2020 var det ein realnedgang på 3,3 pst., hovudsakleg fordi koronapandemien førte til mindre etterspørsel etter hjelpemiddel og relaterte tenester. I 2021 og 2022 var det ein årleg realvekst på høvesvis 1,6 og -1,1 pst. I 2023 og 2024 er realveksten anslått til 4,8 og 2,8 pst. Årsaka er fleire eldre, auka tilgang av mottakarar på grunn- og hjelpestønad og innføringa av ei ny ordning med brillestøtte til barn frå 1. august 2022.

Mottakarar¹ av sentrale ytingar 2017–2024. Gjennomsnittstal for året (utvalde stønadsgupper)

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Pst.vis endring frå 2017 til 2024
<i>1. Varig inntektssikring</i>									
Alders- pensjon	906 700	928 200	948 800	971 700	993 100	1 010 600	1 028 700	1 050 600	15,9
Uføretrygd	322 400	332 500	346 800	356 500	360 200	362 900	366 800	373 100	15,7
Etterlatne- pensjonar ²	27 600	26 800	26 000	25 300	24 900	24 600	24 500	26 600	-3,8
I alt	1 256 800	1 287 600	1 321 700	1 353 400	1 378 100	1 398 200	1 420 000	1 450 300	15,4
<i>2. Mellombels inntektssikring</i>									
Sjuke- pengar	129 800	125 500	134 400	130 000	128 400	125 800	133 300	130 800	0,7
Arbeidsav- klarings- pengar	144 200	132 700	118 600	119 800	130 300	136 700	144 500	148 300	2,8
Overgangs- stønad til einslege forsørgarar	13 300	11 800	10 800	10 500	10 300	9 800	9 100	9 000	-32,7
Dagpengar til arbeids- ledige ³	65 900	53 200	46 100	109 200	109 400	40 700	37 700	43 200	-34,4
I alt	353 300	323 100	309 800	369 500	378 400	313 000	324 600	331 300	-6,2
<i>3. Kompensasjon for meirutgifter</i>									
Grunn- stønad	118 100	117 400	119 500	125 200	127 300	129 200	132 100	136 100	15,2
Hjelpe- stønad	71 800	65 900	61 100	62 200	63 000	64 900	68 200	69 600	-3,1
I alt	189 900	183 200	180 600	187 400	190 300	194 100	200 400	205 700	8,3

¹ Ein person kan ha fleire stønader. Summen av antal stønadsmottakarar i denne tabellen vil derfor vere høgare enn det reelle antalet personar som får stønad. Tal for 2023 og 2024 er anslag.

² Etterlatnepensjonar inkluderer mottakarar av pensjon til gjenlevande ektefellar, barnpensjon og pensjon til tidlegare familiepleiarar.

³ Talet for dagpengemottakarar i 2020 vil vere misvisande fordi berre personar med løpande dagpengeutbetalingar inngår i tala kvar månad. Lang saksbehandlingstid medførte eit stort omfang av etterbetalingar som ikkje inngår i tala.

Gjennomsnittleg yting¹ for mottakarar av sentrale ytingar, 2017–2024. Tal i 2024-kroner²

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Pst.vis endring frå 2017 til 2024
<i>1. Varig inntektssikring</i>									
Alderspensjon	305 200	303 900	302 400	300 900	302 000	300 100	303 100	301 500	-1,2
Uføretrygd	337 200	337 600	338 100	337 900	336 800	337 100	338 000	336 600	-0,2
Etterlatne- pensjonar ³	98 900	96 700	96 000	95 600	94 600	93 100	91 900	125 100	26,6
<i>2. Mellombels inntektssikring</i>									
Sjukepengar	372 800	376 100	359 700	416 500	412 600	428 200	428 200	428 200	14,9
Arbeidsavklarings- pengar ⁴	310 100	312 100	307 400	304 300	297 100	293 200	293 700	293 700	-5,3
Overgangsstonad til einslege forsørgarar	202 000	197 800	196 100	193 400	184 500	180 900	174 900	174 900	-13,4
Dagpengar til arbeidsledige ⁵	279 300	262 800	249 400	384 100	292 300	285 000	272 700	274 300	-1,8
<i>3. Kompensasjon for meirutgifter</i>									
Grunnstonad	20 400	20 300	17 600	15 400	14 300	13 300	13 000	13 000	-36,1
Hjelpestonad	29 200	30 000	31 000	31 100	30 700	30 100	30 400	31 600	8,1

¹ Gjennomsnittleg yting er berekna som rekneskapstal for året dividert med gjennomsnittleg antal mottakarar. Tal for 2023 og 2024 er anslag. For dei fleste ytingane vil dette tilsvare årleg yting, gitt at ein mottar ytinga eit heilt år. For sjukepengar og arbeidsavklaringspengar er gjennomsnittleg antal mottakarar berekna som det gjennomsnittlege antalet som har fått ei utbetaling for kvar av månadene i året. Ettersom utbetalingane ikkje alltid gjeld heile månader, vil tala undervurdere årleg yting noko for desse to ytingane.

² Alderspensjon, uføretrygd, etterlatnepensjonar, arbeidsavklaringspengar og overgangsstonad til einslege forsørgarar er deflaterede med veksten i grunnbeløpet i folketrygda (G). For sjukepengar og dagpengar blir gjennomsnittleg årslønnsvekst nytta, mens det for grunnstonad og hjelpestonad blir omrekna med konsumprisindeksen.

³ Etterlatnepensjonar inkluderer pensjon til gjenlevande ektefellar, barnpensjon og pensjon til tidlegare familiepleiarar.

⁴ Omfattar kap. 2651, post 70 (arbeidsavklaringspengar utan tilleggsstonader).


⁵ Talet for 2020 vil vere misvisande og kunstig høgt. Det er berekna som rekneskapstal dividert med antal dagpengemottakarar, men der berre personar med løpande dagpengeutbetalingar inngår i antal mottakarar. Lang saksbehandlingstid medførte eit stort omfang av etterbetalingar som inngår i rekneskapstala, men ikkje i talet på mottakarar.

3.9 Kommunale stønader

Økonomisk sosialhjelp

Figur 3.24 viser utviklinga i antal stønadsmottakarar og utgiftene til økonomisk sosialhjelp i løpet av

året for perioden 2003–2022. Talet på sosialhjelpsmottakarar auka vesentleg i 2022 etter å ha gått ned dei tre føregåande åra. Det blei utbetalt totalt 7,4 mrd. kroner i økonomisk sosialhjelp i 2022. Dette var ein auke på 4,5 pst. i faste prisar samanlikna med 2021.



Figur 3.24 Utgifter til økonomisk sosialhjelp og antal stønadsmottakarar i løpet av året. Tal i tusen. Utgifter i mrd. i faste 2022-kroner. 2002–2022¹

1 Tal for 2003 og 2004 inkluderer mottak av introduksjonsstønad for nykomne innvandrere. Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

I løpet av 2022 mottok i alt 131 100 personar økonomisk sosialhjelp. Dette var 11 700 fleire enn i 2021, ein auke på nesten 10 pst. Antalet omfattar personar som mottar stønad i minst ein månad i løpet av året, og gjeld både personar som mottar økonomisk sosialhjelp i tillegg til anna inntekt eller stønad, og personar som har stønaden som hovudkjelde til forsørging. Sidan tala i figur 3.24 illustrerer talet på mottakarar som mottar sosialhjelp minst ein gong i løpet av året, kan desse tala ikkje samanliknast med behaldningstal for antal mottakarar av helserelevante ytingar eller dagpenge. Ein analyse frå Arbeids- og velferdsdirektoratet³³ syner at auken i antalet mottakarar i 2022 kom mot slutten av året, og at denne auken i særskilt grad kan knytast til nyankomne fordrevne frå Ukraina og i nokon grad til den høge prisveksten. I 2022 var 29 pst. av sosialhjelpsmottakarane under 30 år. Det er 1,5 prosentpoeng lågare enn nivået i 2021. Frå 2021 til 2022 auka likevel talet på mottakarar under 30 år med nærmare 400, ein

auke på 1 pst. Talet har gått ned dei fem tidlegare åra.

I 2022 var andelen innvandrere³⁴ blant sosialhjelpsmottakarane på drygt 49 pst. Andelen har auka frå 46 pst. i 2021. Dette er ei fortsetjing av ein lengre trend, og andelen var rundt 31 pst. i 2010. Auken over tid må sjåast i samanheng med ei større innvandringsbefolkning. I tillegg er innvandrere overrepresenterte blant dei som ikkje har opptente rettar i folketrygda, blant anna når det gjeld dei helserelevante ytingane. I 2022 auka talet på innvandrere med sosialhjelp med 10 100 personar. Dette er ein sterk auke på 18,5 pst., etter at talet gjekk ned dei tre tidlegare åra. Einslege utan barn utgjer ein stor andel av sosialhjelpsmottakarane. I 2022 var 36 pst. av mottakarane av økonomisk sosialhjelp einslege menn utan barn, mens 25 pst. var einslege kvinner utan barn. Drygt 26 pst. av mottakarane forsørgde barn under 18

³³ Lima, I. (2023) «Få mottakere av sosialhjelp i 2022 – men økning mot slutten av året», Arbeid og velferd 2/2023.

³⁴ I statistikken definerer SSB innvandrere som utanlandsfødde med to utanlandsfødde foreldre, og inkluderer ikkje norskfødde med innvandringsbakgrunn. Den sistnemnde gruppa utgjorde i 2022 om lag 2 pst. av alle sosialhjelpsmottakarar.

år. Rundt 13 pst. av mottakarane var par utan barn. Desse andelane har vore ganske stabile over fleire år.

Eit fleirtal av sosialhjelpsmottakarane har eit mellombels og forbigåande hjelpebehov. Likevel er det ein ikkje ubetydeleg andel av sosialhjelpsmottakarane som mottar stønad over lang tid, som er gjengangarar eller i høg grad avhengige av stønad. 38 pst. av mottakarane hadde stønad i seks månader eller meir i 2022, mens 19 pst. av mottakarane mottok stønad i ti til tolv månader. Dette omfattar både personar med sosialhjelp som supplerer til anna inntekt og personar som hadde sosialhjelp som viktigaste inntekt. I gjennomsnitt fekk sosialhjelpsmottakarane stønad i 5,1 månader i løpet av 2022. Dette er 0,3 månader mindre enn i 2021, og må sjåast i samanheng med at auka i antal mottakarar i 2022 kom mot slutten av året. Yngre mottakarar har gjennomgåande kortare stønadsperiodar enn eldre.

For alle sosialhjelpsmottakarar sett under eitt var det 36 pst. av mottakarane i 2022 som hadde sosialhjelp som viktigaste inntekt ved siste mottak av stønaden. Dette var same andel som i 2021. Ein stor andel av sosialhjelpsmottakarane mottar økonomisk sosialhjelp som supplement til ytingar frå folketrygda. Om lag 30 pst. av mottakarane hadde trygd eller pensjon som hovudinntekt i 2022. Dette er ein reduksjon på 1 prosentpoeng frå 2021. Vidare hadde i underkant av 6 pst. av mottakarane introduksjonsstønad som hovudinntekt

ved siste mottak av sosialhjelp. Det er ein auke med om lag 2 prosentpoeng frå 2021, og kan forklarast med dei mange fordrivne frå Ukraina som har komme til Noreg. Om lag 2 pst. av sosialhjelpsmottakarane hadde kvalifiseringsstønad som hovudinntekt i 2022.

I 2022 var det 17 pst. av sosialhjelpsmottakarane som heilt eller delvis var i arbeid ved det siste mottaket av stønaden det året. Denne andelen har auka noko dei siste åra. Halvparten av desse arbeidde heiltid, resten arbeidde deltid. Avhengig av størrelsen på arbeidsinntekta, vil stønaden då enten vere eit supplement eller vere den viktigaste inntekta.

Kvalifiseringsstønad

Kvalifiseringsprogrammet med tilhøyrande kvalifiseringsstønad er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunar.

Ved utgangen av 2022 var det i overkant av 6 800 deltakarar i kvalifiseringsprogrammet, ein auke frå om lag 6 300 ved utgangen av 2021. Av dei som gjennomførte eller planmessig avvikla programmet i 2022, gjekk 51 pst. til arbeid (heiltid, deltid, med eller utan lønnstilskot) ved programslutt, 4 prosentpoeng fleire enn i 2021. Andelen deltakarar i kvalifiseringsprogrammet som er under 25 år, har dei siste åra lege på rundt 12 pst. Andelen deltakarar som er fødte i utlandet, har auka dei seinare åra og er no i overkant av 60 pst.

4 Oppmodningsvedtak

Oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak

Nedanfor er ein oversikt over oppfølginga av oppmodings- og utgreiingsvedtak under Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Oversikta inkluderer alle vedtak frå stortingssesjonen 2022-2023, og dei vedtaka frå tidlegare stortingssesjonar som kon-

troll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 186 S (2022–2023) mente ikkje var kvittert ut. Tabellen nedanfor visar også om departementet reknar med at rapporteringa om oppmodningsvedtaket no er avslutta eller om departementet vil rapportere konkret om vedtaket også i budsjettproposisjonen neste år.

Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avsluttes (Ja/Nei)
2022 – 2023	37	Endringar i folketrygdlova mv. (synleggjering av folkerettslege forpliktingar til trygdekoordinering)	Nei
2022 – 2023	59	Representantforslag om å betre ME-sjuka sine trygderettar	Ja
2022 – 2023	60	Representantforslag om å betre ME-sjuka sine trygderettar	Ja
2022 – 2023	61	Oppheve Arbeidstilsynet sin øvre gebyrgrense	Nei
2022 – 2023	63	Eit meir tilgjengeleg Nav	Ja
2022 – 2023	344	Utbetaling av eingongsbeløp til mottakarar av minstesats på uføretrygd	Ja
2022 – 2023	491	Representantforslag om meir fridom til å jobbe der du vil	Nei
2022 – 2023	493	Endringar i arbeidsmiljølova mv. (arbeidstakaromgrepet og arbeidsgivaransvar i konsern)	Nei
2022 – 2023	530	Representantforslag om ein tillitsreform i Arbeidstilsynet	Nei
2022 – 2023	531	Representantforslag om ein tillitsreform i Arbeidstilsynet	Nei
2022 – 2023	532	Representantforslag om ein tillitsreform i Arbeidstilsynet	Nei
2022 – 2023	533	Representantforslag om å hindre urimeleg tilbakebetaling for uføre som får seg jobb	Nei
2022 – 2023	580	Betre og raskare integrering i hele landet	Ja
2022 – 2023	604	Menneskerettar for personar med utviklingshemming – regelendringar for å gi personar med utviklingshemming i VTA-O varig oppfølging	Nei

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avsluttes (Ja/Nei)
2022 – 2023	605	Menneskerettar for personar med utviklingshemming – plan for fleire VTA-plasser	Ja
2022 – 2023	627	Endringar i folketrygdlova (tilgang til å sjukmelde etter e-konsultasjon)	Nei
2022 – 2023	727	Representantforslag om å styrke a-krimsentera	Nei
2022 – 2023	728	Representantforslag om å styrke a-krimsentera	Nei
2022 – 2023	730	Representantforslag om å styrke a-krimsentera	Nei
2022 – 2023	937	Vurdering av omlegging av fribeløpet i uføretrygda	Nei
2021 – 2022	35, punkt 55	Varig ordning for ferietillegg for dagpengar	Ja
2021 – 2022	409	Utvikle betre modeller for oppfølging i VTA-O kor også andre kan vere ansvarleg for oppfølging	Ja
2021 – 2022	456	Utgreie om sjølvstendige næringsdrivande og frilansarar skal opparbeide seg sterkare rettar til inntektssikring	Nei
2021 – 2022	794	Tilgjengelegheit og kvalitet i økonomisk rådgiving og gjeldsrådgiving	Nei
2021 – 2022	813	Berekning av uføretrygd når inntektsevna tidlegare har vore nedsett pga. delvis uførleik utan at inngangsvilkåret for uføreytingar i folketrygda har vore oppfylt.	Nei
2021 – 2022	814	Lovendringar for å styrke tilsette sitt vern mot natt- og alenearbeid	Nei
2020 – 2021	238	Lovendringar for å redusere kravet til innbetaling av premie frå det tidspunktet den enkelte har kompensert for levealdersjusteringa	Nei
2020 – 2021	239	Styrke arbeidslinja for offentleg tilsette født i årene 1944 – 1962	Nei
2020 – 2021	530	Rapportering om barn etterlate i utlandet	Nei
2020 – 2021	615	Pensjonsutvalets vurdering	Nei
2020 – 2021	686	Studentar i utlandet kan ha deltidsjobb utan å miste medlemskap i folketrygda	Nei
2020 – 2021	770	Endringar i arbeidsmiljølova for yrkesdykking og losing, føresegn og rettar om sjukepengar	Ja
2020 – 2021	771	Endringar i arbeidsmiljølova for yrkesdykking og losing, kapteinen sitt ansvarsforhold, føresegn om arbeids- og kviletid	Ja
2020 – 2021	772	Endringar i arbeidsmiljøloven for yrkesdykking og losing, krav til arbeids- og kviletid	Ja
2020 – 2021	911	Forenkling av yrkesskadereglene	Nei
2020 – 2021	930	NAV-ombod	Nei
2020 – 2021	1149	Endringar i arbeidsmiljølova, tilfeldig uttrekk av meddommarar frå kvar av dei særskilt arbeidslivskyndige utvala	Nei

Seisjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avsluttes (Ja/Nei)
2020 – 2021	1200	Avkorting i uføretrygd for fosterforeldre	Nei
2020 – 2021	1219	Reduksjon av ytingar under opphald i institusjon, likebehandling av pasientgrupper	Ja
2020 – 2021	1342	Evaluering av brillestøtteordninga	Nei
2019 – 2020	626	Juridisk og økonomisk medansvar for transportkjøparar/transporttingarar	Nei
2019 – 2020	627	Rettshevinga til å stanse køyretøy	Nei
2019 – 2020	658	Omsorgspengar til foreldre som må vere borte fra arbeidet deler av dagen	Ja
2017 – 2018	42	Særaldergrensen for tilsette i staten	Nei
2017 – 2018	321	Overgangsordning for fosterforeldre	Nei

Stortingssesjon (2022–2023)

Endringar i folketrygdlova mv. (synleggjering av folkerettslege forplikningar til trygdekoordinering)

Vedtak 37, 26. oktober 2022

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med en avklaring av forholdet mellom folketrygdlovens bestemmelser og EØS-retten.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 71 L (2021–2022), Innst. 33 L (2022–2023), Lovvedtak 2.

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Representantforslag om å betre ME-sjuka sine trygderettar

Vedtak 59, 24. november 2022

«Stortinget ber regjeringa gjennomgå regelverk og praksis for å sikre at man ivaretar CFS/ME-sykes rett til likebehandling med tanke på krav om hensiktsmessig behandling ved søknad om uføretrygd.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:271 S (2021–2022), Innst. 52 S (2022–2023).

I oppfølging av oppmodingsvedtaket har departementet i samråd med Arbeids- og velferdsdirektoratet gjennomgått regelverk og praksis knytt til behandling av krav om uføretrygd for personar med CFS/ME. Verken Arbeids- og velferds-

direktoratet eller Arbeids- og inkluderingsdepartementet finn det formålstenleg å foreslå endringar i folketrygdlova eller forskrifter. Tidlegare har det vore ei eiga omtale av CFS/ME i rundskrivet. Dette kan ha skapt inntrykk av at det skjer ei anna og strengare behandling av denne gruppa, sjølv om dette ikkje har vore formålet med omtala i rundskrivet. Arbeids- og velferdsdirektoratet har derfor valt å fjerne den tidlegare omtala i rundskrivet. Direktoratet vil også gjennomføre eit par andre tiltak. Sjå nærmare omtale av oppfølging av oppmodingsvedtaket under del II, kap. 2655 Uførehet.

Departementet legg til grunn at endringa av rundskrivet mv. vil legge til rette for likebehandling av krav om uføretrygd mellom personar med CFS/ME og personar med andre diagnoser.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Representantforslag om å betre ME-sjuka sine trygderettar

Vedtak 60, 24. november 2022

«Stortinget ber regjeringa gjennomgå regelverk og praksis for å sikre at CFS/ME-syke under avklaring ikke blir underlagt krav om behandling som er utilgjengelig, eller som de får avslag på i det offentlige helsevesenet.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:271 S (2021–2022), Innst. 52 S (2022–2023).

Departementet viser til omtalen under oppmodingsvedtak nr. 59, 24. november 2022, og direkto-

ratet sin gjennomgang av regelverk og praksis for krav om uføretrygd frå personar med CFS/ME. Sjå også nærmare omtale av oppfølging av oppmodingsvedtaket under del II, kap. 2655 Uførhet.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Oppheve Arbeidstilsynet sin øvre gebyrgrense

Vedtak 61, 24. november 2022

«Stortinget ber regjeringen betydelig heve den øvre grensen for ileggelse av overtredelsesgebyr samt sørge for at arbeidslivskriminalitet av grov karakter skal rutinemessig politianmeldes.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:278 S (2021–2022), Innst. 51 S (2022–2023).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet tar sikte på å sende eit forslag om Arbeidstilsynet si øvre gebyrgrense på høyring i løpet av kort tid.

Eit meir tilgjengeleg Nav

Vedtak 63, 29. november 2022

«Stortinget ber regjeringen sørge for at alle landets Nav-kontor har en åpningstid og tilgjengelighet som sikrer brukere som ikke kan eller ikke er komfortable med å benytte seg av digitale og selvbetjente løsninger.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:1 S (2022–2023), Innst. 62 S (2022–2023).

Dette er følgt opp i styringsdialogen med Arbeids- og velferdsdirektoratet. I tildelingsbrevet for 2023 er det presisert at arbeids- og velferdsforvaltninga skal vere tilgjengeleg digitalt, på telefon eller ved personleg frammøte. Arbeids- og velferdsdirektoratet skal legge til rette for at alle NAV-kontora har ei opningstid som sikrar god tilgjengelegheit til brukarane som ikkje kan eller ikkje er komfortable med å nytte seg av digitale og sjølvbetente løysingar.

Sosialtenestelova er samfunnets siste sikkerheitsnett. Den skal ivareta menneska i ein vanskelig livssituasjon. Det kan handle om behov for råd og rettleiing, stønad til livsopphold og mellombels bustad.

Arbeids- og velferdsdirektoratet har i dialogen med fylkeskontora understreka at opningstider og tilgjengelegheit på NAV-kontora må ivareta alle brukarane sine behov. Dette er spørsmål som blir tatt opp i partnarsskapsmøta med kommunane.

Den enkelte kommune og det enkelte NAV-kontor må avgjere korleis dei innafor ramma av sosialtenestelova sitt krav til forsvarlege tenester kan ivareta opningstider og tilgjengelegheit. Vurderingane skal legge vekt på at alle med akutt behov for sosialhjelp raskt skal få kontakt og hjelp frå sitt NAV-kontor, utan avtale på førehand.

Arbeids- og velferdsdirektoratet oppmoda i kommunebrevet alle kommunar som ikkje alle-reie har det, om å opprette ein bemanna vakttelefon for dei sosiale tenestene.

Arbeids- og velferdsdirektoratet opplyser at meir enn 90 pst. av NAV-kontora no har ein vakttelefon for sosiale tenester som er tilgjengeleg for NAV Kontaktsenter (NKS). Enkelte av kontora som ikkje no har ein slik vakttelefon, kan ha ei anna løysing. Det kan for eksempel vere at det er lagt ut direktenummer til saksbehandlar eller leiar på kommunens nettsider.

Forutsetningane om at arbeids- og velferdsforvaltninga skal ha god tilgjengelegheit vil bli følgt opp som ein del av den ordinære styringsdialogen.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Utbetaling av eingongsbeløp til mottakarar av minstesats på uføretrygd

Vedtak 344, 19. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen sørge for utbetaling av et engangsbeløp på 3 000 kroner så raskt som mulig for alle som mottar en minstesats for uføretrygd i januar 2023. Utbetalingen skal ikke være skattepliktig, pensjonsgivende, oppgavepliktig eller trekkpliktig.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 1 S (2022–2023), Innst. 15 S (2022–2023).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fastsette 31. januar 2023 med verknad frå 1. januar 2023 ei forskrift om utbetaling av eit eingongsbeløp på 3 000 kroner (jamfør forskrift 31. januar 2023 nr. 132 om utbetaling av eit eingongsbeløp til uføretrygda). Beløpet blei utbetalt i februar 2023 til mottakarar som i januar 2023 hadde rett til uføretrygd etter ein av dei fem minstesatsane for minste årleg yting som er nemnt i folketrygdlova. Alle mottakarane fekk 3 000 kroner kvar, uavhengig av uføregrad, utbetalingsgrad og trygdetid. Det gjekk også fram av forskrifta, som no er oppheva, at beløpet verken var skattepliktig, pensjonsgivande, oppgavepliktig eller trekkpliktig.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Representantforslag om meir fridom til å jobbe der du vil

Vedtak 491, 21. februar 2023

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget, på et egnet tidspunkt, med en oppsummering av kunnskapsinnhenting og om utviklingstrekk for hjemmekontor og stedsuavhengige arbeidsplasser i arbeidslivet samt en vurdering av behovet for ytterligere tiltak i lys av dette.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:34 S (2022–2023), Innst. 188 S (2022–2023).

Departementet har gjennomført en større kartlegging av omfang, utviklingstrekk og konsekvensar ved bruk av heimekontor og annet fjernarbeid. Kartlegginga har vore avgrensa til ei tid kor heimekontor i stor grad har vore pålagt, og den følges derfor vidare opp i perioden 2021-2026.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Endringar i arbeidsmiljølova mv. (arbeidstakaromgrepet og arbeidsgivaransvar i konsern)

Vedtak 493, 21. februar 2023

«Stortinget ber regjeringen snarest mulig utrede et lovforslag om å gi Arbeidstilsynet påleggskompetanse med hensyn til arbeidstakerbegrepet definert i § 1-8 og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 14 L (2022–2023), Innst. 181 L (2022–2023), Lovvedtak 41 (2022–2023).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet har satt i gang eit utredningsarbeid for å gjennomgå Arbeidstilsynet sitt verkemiddelapparat i breitt. Oppmodingsvedtak 493, 530, 531 og 532 inngår i utredningsarbeidet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Representantforslag om ein tillitsreform i Arbeidstilsynet

Vedtak 530, 14. mars 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag om en hjemmel for å ta beslutning i relevante dokumenter som firmaer ikke vil vise frem under Arbeidstilsynets kontroller, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:70 S (2022–2023), Innst. 196 S (2022–2023).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet har satt i gang eit utredningsarbeid for å gjennomgå Arbeidstilsynet sitt verkemiddelapparat i breitt. Oppmodingsvedtak 493, 530, 531 og 532 inngår i utredningsarbeidet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Representantforslag om ein tillitsreform i Arbeidstilsynet

Vedtak 531, 14. mars 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag som sikrer Arbeidstilsynet adgang til å hente informasjon fra flere aktører, en såkalt tredjepart, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:70 S (2022–2023), Innst. 196 S (2022–2023).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet har satt i gang eit utredningsarbeid for å gjennomgå Arbeidstilsynet sitt verkemiddelapparat i breitt. Oppmodingsvedtak 493, 530, 531 og 532 inngår i utredningsarbeidet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Representantforslag om ein tillitsreform i Arbeidstilsynet

Vedtak 532, 14. mars 2023

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå og vurdere Arbeidstilsynets hjemler for tilsyn, informasjonstilgang og sanksjonsmuligheter etter arbeidsmiljøloven.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:70 S (2022–2023), Innst. 196 S (2022–2023).

Oppmodingsvedtaket er til behandling i departementet. Departementet har satt i gang eit utred-

ningsarbeid for å gjennomgå Arbeidstilsynet sitt verkemiddelapparat i breitt. Oppmodingsvedtak 493, 530, 531 og 532 inngår i utredningsarbeidet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Representantforslag om å hindre urimeleg tilbakebetaling for uføre som får seg jobb

Vedtak 533, 14. mars 2023

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag som sikrer at uføre som kommer i arbeid, ikke skal få urimelige tilbakebetalingskrav for allerede utbetalt uføretrygd. Endringen må ikke innebære at dagens fribeleg svekkes eller fjernes.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:76 S (2022–2023), Innst. 195 S (2022–2023).

Personar som mottar uføretrygd kan årleg tene inntil 0,4 gonger grunnbeløpet (G) utan at uføretrygda blir redusert. Delvis uføre kan i tillegg utnytte den delen av inntektsevna som ikkje har falt bort på grunn av uførleiken, og som ligg til grunn for den fastsette uføregraden. Høgare inntekt enn dette gjer at ytinga blir redusert høvesvis. Uføretrygda fell heilt vekk om inntekta blir høgare enn 80 pst. av den inntekta ein hadde rett før uførleiken. For mykje eller for lite utbetalt uføretrygd blir korrigert det følgjande året i form av eit etteroppgjær.

Som utgangspunkt skal uføretrygda for heile året krevast tilbake i etteroppgjæret om den årlege inntekta overstig 80 pst. av tidlegare inntekt. Arbeids- og velferdsetaten kan likevel la vere å gjere krav på tidlegare utbetalt uføretrygd som mottakaren hadde rett på, om overskridinga er på grunn av eit forsøk på å komme seg tilbake i arbeid. Departementet gjennomgår no reglane og tar sikte på å sende eit framlegg om endring av forskrifta på høyring i løpet av året. Sjå nærmare omtale av oppfølging av oppmodingsvedtaket under del II, punkt 6.6 Inntektssikringsordningar som gir økonomisk trygghet og samtidig stimulerer til arbeid.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Betre og raskare integrering i hele landet

Vedtak 580, 30. mars 2023

«Stortinget ber regjeringen arbeide for at bosetting i kommunene skjer raskt, slik at den enkelte flyktning tilbringer kortere tid på mottak.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:84 S (2022–2023), Innst. 250 S (2022–2023)

Etter Russlands fullskala invasjon av Ukraina i februar, har svært mange flyktningar komme til Noreg. Framleis er det mange som kjem hit frå Ukraina, og frå andre deler av verda. Utlendingsmyndigheitene og kommunane legg ned eit stort arbeid for å busette flest mogleg raskast mogleg. Så langt har ventetida i mottak vore kort. Busettinga var særleg rask i 2022, og skjer framleis i eit høgt tempo. For busette flyktningar i 2023 er gjennomsnittleg ventetid frå vedtak om opphald til busetting på 2,6 månader per utgangen av august. Dette er klart lågare enn gjennomsnittet dei siste ti åra. Regjeringa har styrka kapasiteten i alle ledd, forenkla ordningar og foreslått tilpassingar i regelverk og tilskotsordningar til busettingskommunar. Ein føresetnad for rask busetting er kommunane si vilje og evne til å busette alle dei det gjeld. Når så mange skal busettast på så kort tid, kan kapasitetsutfordringar i kommunane over tid føre til at det blir vanskelegare å busette. Da kan ventetid i mottak auke. Regjeringa følgjer utviklinga og er klar til å handle raskt ved behov. Regjeringa arbeider med ei melding til Stortinget om integreringspolitikken. I meldinga vil vi komme tilbake til Stortinget med ei drøfting av arbeidet for at busettinga skjer raskt, samtidig som den skjer treffsikkert, styrt og spreidd. Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Menneskerettar for personar med utviklingshemming – regelendringar for å gi personar med utviklingshemming i VTA-O varig oppfølging

Vedtak 604, 18. april 2023

«Stortinget ber regjeringen sørge for nødvendige regelendringar for å gi personer med utviklingshemming i VTA-O varig oppfølging, uavhengig av hvilket fylke man bor i, og med et omfang tilsvarende det som praktiseres i HELT MED. Oppfølgingen må kunne gis også av andre enn Nav, eksempelvis HELT MED eller vekst- og utføringssbedriftene, gjerne ved at dagens tilskudd erstattes med varig oppfølging av både arbeidstaker og arbeidsgiver. Regjeringen bes komme tilbake med sin oppfølging i forbindelse med statsbudsjettet for 2024.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 8 (2022–2023), Innst. 246 S (2022–2023).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har starta arbeidet med å gjere nødvendige endringar

i forskrift om arbeidsmarknadstiltak for å opne for å kombinere varig tilrettelagt arbeid i ordinær verksemd med oppfølging. Arbeids- og inkluderingsdepartementet planlegg å sende forslag om nye reglar på høyring tidleg i 2024. Departementet tar sikte på at den nye ordninga blir iverksett i 2025. I Prop. 1 S (2022–2023) varsla regjeringa at Arbeids- og velferdsetaten ville starte eit forsøk med forsterka oppfølging i VTA i ordinære verksemder. Arbeids- og inkluderingsdepartementet tolkar oppmodingsvedtak 604 som at Stortinget ber regjeringa starte arbeidet med nødvendige regelendringar utan å vente på resultatata av eit forsøk. Arbeids- og inkluderingsdepartementet vurderer det likevel som føremålstenleg å starte eit pilotprosjekt i nokre fylke parallelt med regelverksarbeidet. Føremålet med pilotprosjektet vil vere å samle erfaringar som skal hjelpe Arbeids- og velferdsdirektoratet å førebu implementeringa av ei ny ordning.

Sjå nærmare omtale av VTA under kap. 634, post 77.

Menneskerettar for personar med utviklingshemming – plan for fleire VTA-plassar

Vedtak 605, 18. april 2023

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake i forbindelse med statsbudsjettet for 2024 med en langsiktig og forpliktende plan for hvordan en skal sikre et betydelig løft for flere VTA-plasser.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 8 (2022–2023), Innst. 246 S (2022–2023).

Regjeringa vil styrke VTA med om lag 2 000 nye plassar innan utgangen av 2027. For 2024 foreslås det ei opptrapping på 500 plassar. Det vil vere behov for plassar både i førehandsgodkjente og i ordinære verksemder, noko Arbeids- og velferdsetaten vil vurdere ut frå lokale tilhøve og behova til søkerane.

Behovet for auka ressursramme til 2 000 fleire VTA-plassar er med satsar for 2024 om lag 360 mill. kroner. Det er lagt til grunn at 40 pst. av dei nye plassane blir lagt til ordinær verksemd. Regjeringa vil komme tilbake til løyvinga for enkeltår i dei årlege budsjettproposisjonane.

Sjå nærmare omtale av VTA under kap. 634, post 77.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Endringar i folketrygdlova (tilgang til å sjukmelde etter e-konsultasjon)

Vedtak 627, 27. april 2023

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre en evaluering av ordningen med sykmelding basert på elektronisk konsultasjon, senest innen fire år.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Prop. 42 L (2022–2023), Innst. 283 L (2022–2023), Lovvedtak 51 (2022–2023).

Arbeids- og inkluderingsdepartementet signerte juni 2023 avtale med Nasjonalt Senter for E-helseforskning om evaluering av sjukmelding etter e-konsultasjon. Formålet er å evaluere erfaringar og effektar av lovendringa. Forskarane vil undersøke kva erfaringar og haldningar legane og pasientane har med sjukmelding over e-konsultasjonar, kva som kjenneteiknar sjukmeldingane og kva betydning innføringa har for sjukefråværet. Prosjektperioden for oppdraget er 2023–2026.

Departementet vil komme tilbake til Stortinget med informasjon om funna frå evalueringa på eigna måte.

Representantforslag om å styrke a-krimsentra

Vedtak 727, 1. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen sørge for at a-krimsentrene prioriterer operative kontroller, sanksjonering og etterforskning, samt at kunnskapsinnhenting innrettes for å understøtte dette.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:198 S (2022–2023), Innst. 388 S (2022–2023)

Departementa har gjeve Arbeidstilsynet, Arbeids- og velferdsetaten, politiet og Skatteetaten eit oppdrag knytt til vidareutvikling av a-krim-samarbeidet. Etatane skal gje tilbakemelding i samband med den årlege rapporten for 2023.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Representantforslag om å styrke a-krimsentra

Vedtak 728, 1. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen sørge for at man i a-krim-samarbeidet prioriterer bruk av arrest og utlegg fra kriminelle aktører.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:198 S (2022–2023), Innst. 388 S (2022–2023)

Departementa har gjeve Arbeidstilsynet, Arbeids- og velferdsetaten, politiet og Skatteetaten eit oppdrag knytt til vidareutvikling av a-krim-samarbeidet. Etatane skal gje tilbakemelding i samband med den årlege rapporten for 2023.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Representantforslag om å styrke a-krimsentra

Vedtak 730, 1. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen sørge for at a-krim-sentrene har en plan for samarbeidet med ikke-statlige aktører som er tett på ofrene for arbeidslivskriminalitet, samt at det etableres et kontaktpunkt / en tipsløsning.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:198 S (2022–2023), Innst. 388 S (2022–2023)

Departementa har gjeve Arbeidstilsynet, Arbeids- og velferdsetaten, politiet og Skatteetaten eit oppdrag knytt til vidareutvikling av a-krim-samarbeidet. Etatane skal gje tilbakemelding i samband med den årlege rapporten for 2023.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eit seinare tidspunkt.

Vurdering av omlegging av fribeløpet i uføretrygda

Vedtak 937, 16. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2024 komme tilbake med en vurdering av en omlegging av fribeløpet i uføretrygden, herunder en vurdering av en økning av fribeløpet inntil 1 G og andre endringer med mål om at uføre med restarbeidsevne i større grad enn med dagens regelverk kan kombinere arbeidsinntekt med uføretrygd.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 2 (2022–2023), Innst. 490 S (2022–2023).

Ettersom det er ulike omsyn som trekker i ulike retningar, ser departementet at det er behov for å samle inn kunnskap om ulike modellar for endringar i fribeløpet for å kunne svare ut oppmodingsvedtaket frå Stortinget.

Departementet tar derfor sikte på å lyse ut ei ekstern utgreiing innan kort tid, for å få eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag i høve med vurderinga av omlegging av fribeløpet.

På bakgrunn av dette foreslår departementet at oppmodingsvedtaket blir følgt opp ved ei vurdering av ei omlegging av fribeløpet i samband med

statsbudsjettet for 2025. Sjå nærmare omtale i del II, punkt 6.6 Inntektssikringsordningar som gir økonomisk trygghet og samtidig stimulerer til arbeid.

Stortingssesjon (2021–2022)

Varig ordning for ferietillegg for dagpengar

Vedtak 35, punkt 55 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag til varig ordning for ferietillegg for dagpenger med opptjening i 2022.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Meld. St. 1 (2021–2022), Innst. 2 S (2021–2022).

For å bidra til å styrke inntektssikringa ved ferie foreslo regjeringa å innføre eit ferietillegg til dagpengar i 2023. Dagpengemottakarar som hadde mottatt dagpengar i meir enn åtte veker i 2022, fekk utbetalt 9,5 pst. av utbetalte dagpengar som ferietillegg i 2023. I Prop. 1 S (2022–2023) varsla regjeringa at ho ville sjå nærmare på moglegheitene for å innføre ei ordning med ferietillegg til dagpengar frå 2024 som ligg nærmare ordninga med feriepen-gar for arbeidstakarar. I forbindelse med arbeidet med statsbudsjettet for 2024 har det derfor blitt utgreidd ei ordning med ferietillegg til dagpengar der dagpengane blir stansa i juli, men med moglegheit for søknadsbasert unntak for dei som ikkje har tilstrekkeleg opptente feriepen-gar. Regjeringa har vurdert at ei slik ordning ikkje vil vere mogleg å gjennomføre i praksis, og foreslår derfor å vidareføre den ordninga som blei innført for 2023.

Med dette ser departementet oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Utvikle betre modellar for oppfølging i VTA-O kor også andre kan vere ansvarleg for oppfølging

Vedtak 409, 3. mars 2022

«Stortinget ber regjeringen sørge for at det utvikles bedre modeller for oppfølging i VTA-O, hvor også andre aktører enn Nav – eksempelvis HELT MED – kan være ansvarlig for oppfølging, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte, senest innen statsbudsjettet for 2023. Tilrettelagt oppfølging for personer med utviklingshemming i ordinært arbeidsliv må være av varig karakter og ha et omfang tilsvarende det som praktiseres i HELT MED-modellen.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:45 S (2021–2022), Innst. 160 S (2021–2022).

I Prop. 1 S (2022–2023) varsla regjeringa at oppmodningsvedtak 409 skulle bli følgt opp gjennom eit forsøk med forsterka oppfølging i VTA i ordinære verksemdar. Stortinget avsla utkvittering gjennom eit forsøk, og vedtok eit nytt oppmodningsvedtak om den same saka (oppmodningsvedtak 604, 18. april 2023). Arbeids- og inkluderingsdepartementet tolkar oppmodningsvedtak 604 som at Stortinget ber regjeringa starte arbeidet med nødvendige regelendringar utan å vente på resultat av eit forsøk. Sjå omtale under vedtak 604 av 18. april 2023. Vedtak 409 følges vidare opp gjennom dette vedtaket.

Utgreie om sjølvstendige næringsdrivande og frilansarar skal opparbeide seg sterkare rettar til inntektssikring

Vedtak 456, 31. mars 2022

«Stortinget ber regjeringa utrede om selvtendig næringsdrivande og frilansere skal opparbeide seg sterkere rettigheter til inntektssikring, inkludert forbedring av sykelønnsordninga og sosiale ordningar for selvtendig næringsdrivande.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:92 S (2021–2022), Innst. 215 S (2021–2022).

Regjeringa arbeidar med å vurdere utvalde problemstillingar knytt til sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar sine sosiale rettar. Sjå nærare omtale av det planlagde oppfølgingsarbeidet i del II, punkt 6.6 Inntektssikringsordningar som gir økonomisk trygghet og samtidig stimulerer til arbeid. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget i samanheng med Prop. 1 S for 2025.

Tilgjengelegheit og kvalitet i økonomisk rådgiving og gjeldsrådgiving

Vedtak 794, 15. juni 2022

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget på egnet måte med en rapport om dekningsgrad for gjeldsrådgivere, ventetiden for å få time hos en gjeldsrådgiver og hvilken kompetanse gjeldsrådgiverne har.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:200 S (2021–2022), Innst. 373 S (2021–2022).

Det finst ikkje nyare undersøkingar om tilgang på og kvalitet i økonomisk rådgiving i NAV-kontora. På oppdrag av Arbeids- og inkluderingsdepartementet har Arbeids- og velferdsdirektoratet i 2023 satt ut eit eksternt FoU-oppdrag for å få opp-

datert kunnskap om tilgang på og kvalitet i tenesta. Økonomisk rådgiving vil òg vere tema for landsomfattande tilsyn med sosiale tenester i NAV for 2024–2025.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget når ny kunnskap frå FoU-oppdraget ligg føre.

Berekning av uføretrygd når inntektsevna tidlegare har vore nedsett pga. delvis uførleik utan at inngangsvilkåret for uføreytingar i folketrygda har vore oppfylt

Vedtak 813, 16. juni 2022

«Stortinget ber regjeringa foreta en gjennomgang av problemstillingen om at arbeidsfolk som blir syke, men som ønsker å fortsette i inntektbringende arbeid utover 50 pst., får lavere uføretrygd dersom de på et seinere tidspunkt må søke uføretrygd fordi arbeidskapasiteten blir ytterligere redusert, og komme tilbake på egnet måte til Stortinget.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:189 S (2021–2022), Innst. 424 S (2021–2022).

Oppmodningsvedtaket er til behandling i departementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Lovendringar for å styrke tilsette sitt vern mot natt- og alenearbeid

Vedtak 814, 16. juni 2022

«Stortinget ber regjeringa sette ned et utvalg som skal utrede og legge frem forslag til lovendringer for å styrke ansattes vern mot natt- og alenearbeid. Særlig må det sikres at ansatte i varehandelen er tilstrekkelig beskyttet av arbeidsmiljølovens bestemmelser om kvelds-, helge- og nattarbeid. Partene må være representert i utvalget.»

Vedtaket blei gjort ved behandling av Dokument 8:208 S (2021–2022), Innst. 362 S (2021–2022).

Post	Betegnelse	Regnskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
70	Refusjon av dagpenger, statsgaranti ved konkurs	18 132	23 000	18 000
71	Refusjon av dagpenger for grensearbeidere mv. bosatt i Norge	328	200	300
72	Innkrevning av forskutterte dagpenger	944 971	450 000	150 000
	Sum kap. 5705	963 431	473 200	168 300

Budsjettforslag 2024**Post 70 Refusjon av dagpenger, statsgaranti ved konkurs**

Arbeids- og velferdsetaten kan forskuttere lønns-garantimidler i form av dagpenger dersom vilkårene for dekning gjennom lønns-garantiordningen er til stede. Arbeids- og velferdsetaten fremmer refusjonskrav i konkursboet for utbetalte dagpenger når det blir klart at det vil bli utbetalt lønns-garantimidler til arbeidstaker.

For 2024 foreslås en bevilgning på 18 mill. kroner.

Post 71 Refusjon av dagpenger for grensarbeidere mv. bosatt i Norge

Arbeids- og velferdsetaten kan søke refusjon for utbetalte dagpenger til personer som er bosatt i Norge og har blitt helt arbeidsledige fra arbeid i et annet EØS-land. Tilsvarende kan andre EØS-land kreve refusjon fra Norge for utbetalte dagpenger til personer som er bosatt i det andre EØS-landet, og har blitt helt arbeidsledige fra arbeid i Norge. Mellom de nordiske landene er det inngått en avtale om å ikke kreve slik refusjon.

For 2024 foreslås en bevilgning på 0,3 mill. kroner.

Post 72 Innkreving av forskutterte dagpenger

For å sikre at permitterte og arbeidsledige skulle få nødvendige midler til livsopphold i perioden de ventet på at søknaden om dagpenger ble behandlet, ble det innført en ny ordning for forskuddsutbetaling av dagpenger 30. mars 2020. Forskuddsordningen var nødvendig for å følge opp Stortingets vedtak om at utbetalingene til de permitterte og arbeidsledige skulle skje raskt. Ordningen har ikke vært i bruk siden 2021, og ble avvirket 31. desember 2022.

Tilbakebetalingskrav på forskudd kan inndrives etter reglene i bidragsinnkrevingsloven. Det er Skatteetaten som står for inndrivelsene på vegne av Arbeids- og velferdsetaten.

Utbetaling av forskudd er utgiftsført i statsregnskapet for 2020 under kap. 2541, post 70. Tilbakebetalinger av forskudd er inntektsført mot samme kapittel i henhold til fullmakt fra Stortinget. I 2021 ble det utbetalt 53 mill. kroner i nye forskudd frem til ordningen ble stengt ned 26. mai.

For 2024 foreslås en bevilgning på 150 mill. kroner.

Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
70	Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv., <i>overslagsbevilgning</i>	667 212	755 000	865 000
	Sum kap. 2542	667 212	755 000	865 000

Hovedtrekk ved regelverket

Lønns-garantiordningen skal, på visse vilkår, dekke arbeidstakerens utestående krav på lønn mv. når arbeidsgiver går konkurs, jf. lov av 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvar for lønns-garanti-regelverket, og ordningen forvaltes av Arbeids- og velferdsetaten ved NAV Lønns-garanti. I tillegg til skriftlig søknadsbehandling innebærer også lønns-garanti-arbeidet muntlig informasjon og veiledning om garantiordningen til bl.a. arbeidstakere, bobestyrere og tingretter.

Lønns-garantiordningen omfatter arbeidsforhold der det skal betales arbeidsgiveravgift til folketrygden. Selvstendig næringsdrivende, oppdragstakere og arbeidstakere som har hatt en eierandel i virksomheten på minst 20 pst. er unntatt fra ordningen, med mindre vedkommende kan sannsynliggjøre at han/hun ikke har hatt vesentlig innflytelse over driften.

Lønn og annet arbeidsvederlag for maksimalt seks måneder kan dekkes gjennom ordningen. Lønnskravet må ikke være forfalt lenger tilbake enn tolv måneder før fristdagen i konkursen. Opp-tjente feriepenger kan dekkes for samme år som fristdagen og året før. Pensjonsytelser og erstat-

ning for tapt arbeidsvederlag kan dekkes for maksimalt seks måneder. I tillegg kan renter av utestående lønnskrav inntil fristdagen og ev. inndrivelsekostnader dekkes.

Den maksimale dekningen er begrenset til et bruttobeløp tilsvarende to ganger folketrygdens grunnbeløp på fristdagen. I tillegg kan man få dekket rimelige omkostninger i forbindelse med konkursbegjæringen.

Rapport

Antall konkurser på landsbasis, antall foretaks konkurser, antall ansatte, ansiennitet og lønnsnivå

i de bedrifter som rammes av konkurs, påvirker utbetalingenes samlede størrelse i lønnsgarantiordningen. Utbetalingene gjennom lønnsgarantiordningen er på denne måten konjunkturavhengige. Økonomien i det enkelte år har også stor betydning for utbetalingene. Utover dette vil svingninger i restansesituasjonen i NAV Lønns garanti kunne påvirke utgiftene det enkelte året.

Årlige utbetalinger refererer seg i hovedsak til innkomne saker i utbetalingsåret, samt innkomne saker foregående år. Bobestyrere vil ofte måtte bruke noe tid på å få oversikt over konkursboet. Det vil derfor kunne ta litt tid før kravene sendes inn.

Antall konkurser på landsbasis og antall nye saker inn til lønnsgarantiordningen

År	2020	2021	2022
Antall konkurser	4 101	3 325	3 713
Herav antall foretaks konkurser ¹	3 550	2 688	3 040
Antall nye saker inn til lønnsgarantiordningen	2 177	1 516	1 590

¹ Med foretaks konkurser menes konkurser i foretak med ansatte arbeidstakere. I tabellen er det derfor skilt mellom antall konkurser totalt og antall foretaks konkurser, hvor personlige konkurser og enkeltmannsforetak er skilt ut.

Totalt antall konkurser økte med 11,7 pst. fra 2021 til 2022. Tallet omfatter personlige konkurser og foretaks konkurser. Antall foretaks konkurser har i samme periode økt med 13,1 pst., mens det i 1. halvår 2023 har vært en økning på 29,2 pst. Antall ansatte berørt av konkurs gikk i 2022 opp med om lag 28,9 pst., og har i 1. halvår 2023 økt med 35,7 pst. Om lag 55 til 60 pst. av foretaks konkurserne på landsbasis har medført krav til lønns garantiordningen de siste årene. Antall nye saker inn til garantiordningen gikk opp med om lag 4,9 pst. fra 2021 til 2022, og økte med om lag 46,5 pst. i 1. halvår 2023.

I 2022 utgjorde utgiftene 667 mill. kroner, noe som gir en økning på 1,3 pst. fra 2021. I 1. halvår 2023 utgjorde utgiftene på posten 419 mill. kroner. Det er en økning på 30,4 pst. fra 1. halvår 2022.

Budsjettforslag 2024

Post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv., overslagsbevilgning

Posten dekker utgifter for staten i henhold til lov av 14. desember 1973 nr. 61 om statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.

For 2024 foreslås en bevilgning på 865 mill. kroner.

Kap. 2543 Midlertidige stønadsordninger for selvstendig næringsdrivende, frilansere og lærlinger

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
70	Stønad til selvstendig næringsdrivende og frilansere, <i>overslagsbevilgning</i>	375 848		
71	Stønad til lærlinger, <i>overslagsbevilgning</i>	6 391		
	Sum kap. 2543	382 239		

Hovedtrekk ved regelverket

Stønadene under dette kapitlet var midlertidige ordninger som ble iverksatt i forbindelse med koronapandemien.

Kompensasjonstytelse for selvstendig næringsdrivende og frilansere ble gitt til selvstendig næringsdrivende og frilansere med personinntekt fra næring eller oppdrag over 0,75 G, som hadde mistet hele eller deler av denne inntekten som følge av koronapandemien.

Stønaden til lærlinger gjaldt permitterte lærlinger og andre som mistet lærlingplassen som følge

av koronapandemien. Kompensasjonstytelsen for selvstendig næringsdrivende og frilansere ble avvirket 1. april 2022, og loven opphevet 1. mai 2022.

Lærlinger som var innvilget stønad på de særlige vilkårene, kunne motta stønad ut maksimalperioden på 52 uker, men ikke lenger enn til 31. mars 2022, dersom vilkårene var oppfylt. Særordningen ble avvirket fra og med 1. april 2022.

For en nærmere omtale vises det til Prop. 48 LS (2021–2022), Innst. 113 S (2021–2022).

Det er ingen bevilgning på posten for 2024.

Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
70	Dividende	188 269	195 000	225 000
	Sum kap. 5704	188 269	195 000	225 000

Hovedtrekk ved ordningen

Dividende innbetales ved at staten trer inn i arbeidstakernes prioriterte dividende krav i konkursboet når arbeidstakere får utbetalt lønnsgarantimidler.

Dividenden kan til en viss grad ses i sammenheng med endringene i utbetalingene, samt den generelle økonomiske situasjonen i boene. Innbetalingene relaterer seg til både inneværende og tidligere års utbetalinger. Økonomien i det enkelte bo har også stor betydning for utbetalingene og mulighetene for innkreving av dividende. Dette kan igjen ha sammenheng med sammensetningen av hvilke bransjer/næringer som har økonomiske problemer. En annen påvirkningsfaktor kan være bobestyrers muligheter og ressurser i

forbindelse med inndrivning av midler til boet. Det er derfor et betydelig etterslep i dividenden i forhold til utbetalingene.

Rapport

I 2022 utgjorde innbetalt dividende 188,3 mill. kroner. Det er en økning på 9,4 pst. fra 2021. I 1. halvår 2023 utgjorde innbetalt dividende 114,4 mill. kroner. Det er en økning på 26,6 pst. fra 1. halvår 2022.

Budsjettforslag 2024

Post 70 Dividende

For 2024 foreslås en bevilgning på 225 mill. kroner.

Del III
Omtale av særlege tema

7 Fordrivne frå Ukraina

Regjeringa si handtering av fordrivne frå Ukraina

Over halvanna år har gått sidan Russland gjekk til angrep på Ukraina og førte millionar av menneske på flukt. Frå utbrotet av krigen til utgangen av juni 2023, hadde om lag 4,4 millionar ukrainarar fått mellombels kollektivt vern i EU-landa, Noreg, Island, Sveits og Liechtenstein. Sidan krigens utbrot har om lag 60 000 ukrainske borgarar søkt om vern i Noreg. Regjeringa har vidare tilbydd å hente inntil 2 500 fordrivne frå Ukraina som oppheld seg i Moldova, og evakuere inntil 550 pasientar og deira pårørande frå nabolanda rundt Ukraina. På grunn av mindre interesse for ordninga enn venta, har talet for Moldova seinare blitt justert til 500. Ved starten av september 2023 har det komme over 230 personar gjennom overføring frå Moldova og ca. 440 gjennom Medevac (medrekna pårørande).

Utlendingslova § 34 opnar for at det kan innførast ei ordning med mellombels kollektivt vern i ein massefluktsituasjon. Regjeringa sette i verk denne ordninga for fordrivne frå Ukraina i mars 2022. Opphald blir gitt for eitt år, og kan forlengast i inntil tre år. I januar 2023 blei løyvinga forlenga med eitt år. Grunnlaget for å oppretthalde ordninga med kollektivt vern for flyktningar frå Ukraina må derfor jamleg vurderast i lys av situasjonen i Ukraina.

Regjeringa vil at fordrivne skal ha eit godt opphald i Noreg med ein meningsfull kvardag, samtidig som utgangspunktet er at opphaldet i Noreg er mellombels. Regjeringa ønsker å sikre at dei fordrivne raskt kan delta i det norske samfunnet. Barn skal få gå på skole eller i barnehage og vere sosiale med andre barn, og det skal leggjast til rette for at vaksne raskt kjem i arbeid eller annan aktivitet.

Høge innreisetal stiller store krav til kapasiteten i alle ledd, frå registrering av søknader og innkvartering i mottak til busetting i kommunane. Det fører òg til auka press på grunnleggjande velferdstenester som barnehage, skole og helsestenester, i både vertskommunar for mottak og busettingskommunar. For å legge til rette for rask busetting og integrering av eit høgt antal for-

drivne frå Ukraina, vedtok Stortinget 7. juni 2022 mellombelse endringar i fleire lover, inkludert barnevernlova, opplæringslova, helselovgivinga, barnehagelova, plan- og bygningslova og integreringslova, jf. Prop. 107 L (2021–2022) og Innst. 352 L (2021–2022). Dei mellombelse reglane er forlengde til 1. juli 2024 med enkelte endringar, jf. Prop. 90 L (2022–2023) og Innst. 363 L (2022–2023). Reglane skal samla bidra til å gjere det enklare for kommunane å handtere og planlegge for ein situasjon med framleis høge innkomstar. Fleire av regelverksendringane og forskriftsheimlane er enno ikkje tekne i bruk. Det er dermed rom for å setje i verk fleire tilpassingar i regelverket dersom det blir nødvendig. Dei mellombelse reglane sluttar å gjelde 1. juli 2024. Om det på dette tidspunktet er behov for å føre vidare enkelte eller fleire av lovendringane, må det skje ved eit nytt lovvedtak. Regjeringa vil i lys av utviklinga framover, også vurdere om det er behov for å foreslå andre reglar enn dei som gjeld no, for å kunne handtera situasjonen framover.

Prop. 1 S (2023–2024) bygger på dei siste prognosane frå Berekningsgruppa for utlendingsforvaltninga (BGU) frå juni. Dette er i tråd med etablert praksis. Ifølge desse prognosane kan vi forvente samla 35 000 fordrivne frå Ukraina til Noreg i løpet av 2023, og ytterlegare 20 000 i 2024. Det er ei rekke budsjettpostar under fleire departement som blir påverka av desse prognosane, og derfor blir prognosane sett på eit tidleg tidspunkt. Det er stor usikkerheit knytt til prognosane, da det er vanskeleg å berekne kor mange som kjem. Vi veit ikkje korleis krigen og migrasjonsstraumane kjem til å utvikle seg, og på kva tidspunkt ein eventuell retur til eit trygt Ukraina vil vere mogleg. I planlegginga av statsbudsjettet for 2024 legg regjeringa til grunn at dei aller fleste fordrivne som kjem frå Ukraina og har fått mellombels kollektivt vern i Noreg i 2022 og 2023, òg blir verande i 2024. I vekene etter sommaren har innkomstane av fordrivne frå Ukraina vore høgare enn lagt til grunn i prognosane. Regjeringa følger situasjonen nøye og er forberedde på å kunne komme raskt attende til Stortinget om situasjonen krev det.

For å sikre at utlendingsforvaltninga er i stand til å handtere ein situasjon med ekstraordinært høgt nivå av innkomstar, blei løyvingane til administrativ kapasitet i politiet, UDI og IMDi auka i 2023. Regjeringa foreslår å vidareføre 362,6 mill. kroner i mellombels kapasitet som skal bidra til å handtere den store pågangen vi også reknar med i 2024.

Regjeringa foreslår ei rekke løyvingar i 2024 for å kunne handtere flyktningstraumen frå Ukraina. Det er integreringstilskotet som utgjer hovudfinansieringa av arbeidet med busetting og integrering i kommunane, saman med tilskot til norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar, tilskot til busetting av personar med nedsett funksjonsevne eller åtferdsvanskar og særskilt tilskot til busetting av einslege mindreårige flyktningar.

Registrering og mottak

For effektivt å registrere og raskt få dei fordrivne inn i mottak, er kapasiteten for registrering auka gjennom ei rekke tiltak, som forenkling av sjølve registreringsprosessen, omdisponering av eit stort tal stillingar til utlendingseininga i politiet og styrking av politidistrikta.

På grunn av dei mange fordrivne frå Ukraina har det vore nødvendig å utvide mottakskapasiteten vesentleg. For å få til ei effektiv innkvartering har det vidare blitt lagt til rette for utvida bruk av ordninga for alternativ mottaksplass (AMOT), der kommunane kan få tilskot frå UDI for å sørge for innkvartering av fordrivne frå Ukraina som eit alternativ til plassering i eit asylmottak. I 2023 har regjeringa ei overskridingsfullmakt knytt til mottakspostane for at kapasiteten skal kunne skalerast i tråd med endringar i talet på fordrivne som kjem. Ei slik fullmakt blir foreslått også i 2024, med ei beløpsgrense på 3 mrd. kroner.

Politiet og PST har hatt ein stor auke i arbeidsmengda i samband med registrering av asylsøkarar frå Ukraina. I tillegg har UDI fått mange fleire oppgåver med blant anna innkjøp, oppfølging av kontraktar, logistikk og kommunikasjon. UDI, politiet og PST har fått tilført ekstra midlar for å handtere desse oppgåvene i tillegg til at det blei gjennomført nødvendige omprioriteringar i etatane. For å bidra til fortsett god handtering av asylsøkarar frå Ukraina, foreslår regjeringa å vidareføre auka løyve på 260 mill. kroner til UDI og politiet også i 2024.

Sjå meir om registrering og mottak av flyktningar og fordrivne frå Ukraina i Prop. 1 S (2023–2024) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Busetting i kommunane

Personar som har fått innvilga mellombels kollektivt vern, er omfatta av tilbodet om å bli busette med offentleg hjelp. Busetting med offentleg hjelp for flyktningar er ikkje ein lovregulert rett eller plikt. Det er frivillig for kommunane å busette flyktningar, og busettinga skjer etter avtale mellom Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) og kommunen. Kommunar som buset flyktningar, får tilskot frå staten.

Det blei busett rekordmange flyktningar i 2022. Totalt blei over 31 000 flyktningar busett i små og store kommunar over heile landet. 27 000 av dei var fordrivne frå Ukraina. Busettinga skjedde også historisk raskt. For fordrivne frå Ukraina var den gjennomsnittlege ventetida frå vedtak om opphald til busetting i ein kommune på 1,8 månader, og litt høgare for andre flyktningar. I 2023 har kommunane per 1. september vedtatt å busette ytterlegare 34 300 flyktningar. Om lag 19 000 flyktningar er busett, derav 16 500 fordrivne frå Ukraina. I tillegg er 5 000 på veg til å bli busett i ein kommune. Ventetida er fortsatt låg, og ligg per 1. september på 2,3 månader i snitt frå vedtak om opphald til busetting for fordrivne busett i 2023.

Stortinget har vedtatt mellombelse endringar i fleire lover som skal gjere det enklare for kommunane å busette og handtere mange flyktningar. Det er vedtatt vidareføring av mellombelse beredskapsheimlar i plan- og bygningslova som følge av mange fordrivne frå Ukraina med verknad til 1. juli 2024. Dette inneber blant anna mellombelse beredskapsheimlar som sikrar rask etablering av flyktningmottak, omsorgssenter, barnehagar og skolar, og raskare tilgang på bustader. Beredskapsheimlane gir kommunane moglegheit til å gi mellombelse unntak frå blant anna krav til søknad om løyve og frå kommunale planar. Det er også vedtatt ein ny mellombels heimel i husleigelova som opnar for at fritidsbustader kan leigast ut som bustad med ei minstetid på eitt år i staden for tre år, som er hovudregelen. Dei mellombelse heimlane er viktige for å gi kommunane handlingsrom og fleksibilitet i ein ekstraordinær situasjon.

I revidert nasjonalbudsjett blei det vedtatt ei mellombels gjeninnføring av tilskot til utleigebustader. Det blei vedtatt ei tilskotsramme på 400 mill. kroner for 2023, og samtidig opna for at Husbanken kan gi tilskot til istandsetting av utleigebustader. Kommunane kan i 2023 søke Husbanken om tilskot til kjøp, bygging og istandsetting av bustader. I tidlegare flyktningtoppar har tilskot til utleigebustader vore viktig for å skaffe nye busta-

der raskt. Det er behov for mange fleire utleigebustader til flyktningar, studentar og andre no. Mange som har ein bustad er usikre på om dei kan leige ut bustaden og korleis dei går fram for å leige han ut. Informasjon om utleige har tidlegare heller ikkje vore samla på ein stad. Derfor er nettsida boligdugnad.no lansert. På boligdugnad.no er viktig informasjon om utleige, samla på ein stad. Målet med boligdugnad.no er å trygge og motivere fleire privatpersonar til å leige ut ein bustad eller fritidsbustad.

I 2023 får også kommunane eit ekstratilskot på 50 000 kroner for kvar flyktning dei busett utover det antalet kommunen opphavleg er bedd om av IMDi. For å bidra til raskare busetting av personar med omfattande pleie- og omsorgsbehov, er maksbeløpet for ekstratilskot ved busetting av personar busett frå to av UDI sine særskilde buløysingar, auka frå 1,52 mill. kroner til 2,5 mill. kroner frå og med 2023. IMDi fekk ein mellombels styrking i 2022 og 2023 på grunn av ein auke i arbeidet med busetting, kartlegging og kvalifisering. For at IMDi skal ha kapasitet til å handtere eit høgt antal fordrivne frå Ukraina også neste år, foreslår regjeringa å auke driftsløyvinga til IMDi med 55 mill. kroner i 2024.

I samarbeid med statlege aktørar og kommunesektoren held Arbeids- og inkluderingsdepartementet fram arbeidet med å tilpasse busettingsprosessen til situasjonen. Behovet for ytterlegare tilpassingar blir vurdert laupande i lys av antal fordrivne som kjem, kunnskap om korleis situasjonen utviklar seg, og om samansetninga blant dei som kjem til Noreg. Tett dialog og kommunikasjon med statsforvaltarane, fylkeskommunane og kommunesektoren er nødvendig, og praksisendringar blir drøfta med KS.

Raskt ut i arbeid og annan aktivitet

Regjeringa er opptekne av at det skal leggstilrette for at vaksne så raskt som mogleg kjem i arbeid eller annan aktivitet. Samtidig har regjeringa også vurdert at ukrainske flyktningar har behov for noko kvalifisering, og at dei skal likestilast med andre flyktningar, sjølv om dei har mellombels opphald. Regjeringa har derfor gjort fleire tilpassingar i regelverket. Personar med kollektivt vern har rett, men ikkje plikt til deltaking i introduksjonsprogram. Det er lagt til rette for at dei skal kunne tre inn og ut av programmet og at programmet ikkje må vere på fulltid. Varigheita av norskopplæring er dessutan avgrensa til eitt år frå oppstartstidspunktet.

Ein stor andel av dei fordrivne frå Ukraina har valt å nytte seg av retten til introduksjonsprogram og språkopplæring før dei går ut i arbeid. Per 1. august 2023 var det 19 779 personar med mellombels kollektivt vern som hadde rett til introduksjonsprogram. Av desse, var 14 423 registrert som deltakarar i program. På same tid var 14 739 fordrivne av dei 21 613 med rett til opplæring, registrert som deltakarar i norskopplæring. At så mange vel å takke ja til introduksjonsprogram og norskopplæring er ei viktig årsak til at ein relativt liten del har blitt sysselsett så langt. Samanlikna med tidlegare flyktninggrupper i Noreg har ukrainarane ein høg andel sysselsette med butid under eitt år, men samanlikna med andre land i Norden og Europa er delen sysselsette låg. Arbeids- og velferdsdirektoratet reknar med at i overkant av 4 600 fordrivne frå krigen i Ukraina har fått jobb i Noreg sidan Russland sin fullskalainvasjon av Ukraina 24. februar 2022.

Fleire fordrivne frå Ukraina og andre innvandrarakar har behov for å lære seg norsk for å komme enklare ut i arbeid eller annan aktivitet. Den kommunale norskopplæringa skjer på dagtid i mange kommunar, noko som kan vere eit hinder for å komme raskt i arbeid. Regjeringa foreslår å løyve 30 mill. kroner for å legge til rette for etablering av eit nasjonalt tilbod om digital lærarstyrt norskopplæring, med mål om å betre tilgangen på fleksible tilbod for norskopplæring på kveldstid og helg der deltakarane kan kombinere opplæringa med jobb. Tilbodet kjem også andre nykomne innvandrarakar til gode.

For å få ein overordna analyse av arbeidet med å få ukrainske fordrivne sysselsett, og innspel og forslag til tiltak som ved behov kan bidra til å styrke arbeidet med å få fordrivne ut i arbeid, sette regjeringa 22. mai ned ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe. Grappa leverte sin rapport til Arbeids- og inkluderingsdepartementet i midten av august 2023. På bakgrunn av analysen av igangsette tiltak og foreløpige resultat knytt til arbeidsmarknadsintegreringa av ukrainarar, har arbeidsgruppa vurdert behovet for eventuelle politikkendringar og nye tiltak som kan bidra til å nå regjeringa si målsetting om rask overgang til arbeid for ukrainske flyktningar. I rapporten foreslår arbeidsgruppa tiltak retta mot kommunikasjon, samarbeid, norskopplæring og NAV for å auke arbeidsdeltakinga blant fordrivne frå Ukraina. Grappa meiner det ikkje er behov for vesentlege politikkendringar eller nye innsatsar, og har i sin rapport lagt vekt på korleis eksisterande tiltak, verkemiddel og pågåande prosessar kan justerast og supplerast.

Fordrivne frå Ukraina som etter busetting i ein kommune ikkje kan sørge for livsopphaldet sitt gjennom arbeid eller ved å gjere gjeldande økonomiske rettar, har krav på økonomisk sosialhjelp. I 2022 var det ein omfattande auke i mengda mottakarar av økonomisk sosialhjelp som starta i august. Auken har langt på veg samanheng med fordrivne frå Ukraina som begynte å komme til Noreg etter at Russland invaderte Ukraina i slutten av februar 2022¹.

Utgifter til økonomisk sosialhjelp i 2024 vil påverkast av kor mange fordrivne som blir busett i kommunane, kor raskt dei kjem i gang med introduksjonsprogram og i kva grad desse kan vareta livsopphaldet sitt ved hjelp av eigne midlar etter enda introduksjonsprogram. Nokre av dei fordrivne som deltek i introduksjonsprogram kan i tillegg ha behov for supplerande sosialhjelp i programmet.

Talet på fordrivne frå Ukraina som kjem til Noreg vil også kunne påverke kommunane sin bruk av ressursar for å gi opplysning, råd og rettleiing. Dette er ei kommunal teneste alle fordrivne frå Ukraina har rett til i medhald av sosialtenestelova § 17.

Frivillige organisasjonar arbeider for inkludering av ukrainske flyktningar

Frivillige organisasjonar gjer eit viktig arbeid når det gjeld integrering og inkludering av flyktningar. Organisasjonane jobbar både i mottak og i lokalsamfunn med å tilby språktrening, møteplassar, kurs og fritidsaktivitetar innan kultur, idrett og friluftsliv. Det frivillige arbeidet bidrar til å skape tillit og tilhøyrse, i tillegg til å løyse viktige samfunnsoppgåver.

Mange av dei som kjem til Noreg frå Ukraina, er barn og unge som har behov for ein stabil kvar- dag gjennom å bli inkluderte i aktivitetar med andre barn og ta opp igjen aktivitetar dei gjorde i heimlandet. Dei vaksne skal også få høve til å delta i fellesskapar og meningsfulle aktivitetar i regi av frivillige organisasjonar.

Oppfølging av barn og unge

Krigen i Ukraina har ført til at fleire utsette barn og unge har komme til Noreg. Regjeringa vurderer fortløpande kva tiltak som er nødvendige for å sikre gode tilbod til barn og unge som kjem til Noreg som følge av krigen i Ukraina.

Stortinget har vedtatt mellombelse endringar i barnehagelova og opplæringslova som skal bidra til å gjere det lettare for kommunane å busette mange nye barn og unge. Det er i 2023 løyvd 20 mill. kroner til tiltak som skal bidra til betre bemanning og auka kompetanse i barnehage og skole om nykomne barn, unge og vaksne. Ifølge kommunane er dei største utfordringane når det gjeld å gi fordrivne barn og unge frå Ukraina eit tilfredsstillande barnehage- og skoletilbod, knytt til å skaffe nok og kvalifisert personale. Løyvinga skal blant anna bidra til å utvikle etter- og vidareutdanningstilbod i innføring i norsk barnehage og skole for personar som har relevant pedagogisk utdanning frå utlandet, og til å utvide ordninga med fleksibel opplæring. Regjeringa foreslår å vidareføre denne løyvinga med 20,9 mill. kroner i 2024.

Ungdom som har fullført grunnskole eller tilsvarende, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring. Som hovudregel er søknadsfristen 1. mars, men fylkeskommunen kan ta omsyn til søknader som kjem seinare. Alle fylkeskommunane har ulike typer innføringstilbod og språkkopplæring til ungdom som søker vidaregåande. Mange har også løpande inntak, men det er ei utfordring for dei å ha tilstrekkeleg oversikt over målgruppa for vidaregåande opplæring, slik at dei kan planlegge for eit tilbod. Nokre fylkeskommunar har begrensningar i kapasitet, fordi dei allereie har mange ungdommar i vidaregåande opplæring. Framleis tek mange ungdommar imot digital opplæring frå Ukraina eller opplæring i norsk og samfunnskunnskap i kommunane.

Høgare utdanning

I 2022 blei det løyvd midlar tilsvarende 1 000 studieplassar ved universitet og høgskular retta mot studentar som følge av krigen i Ukraina. Løyvinga er mellombels og skal fasast ut med normal studieprogresjon eller dersom plassane ikkje blir brukte, jf. Innst. 270 S (2021–2022) og Prop. 78 S (2021–2022). Løyvinga blei redusert til 500 plassar i 2023 fordi talet på studentar som til da hadde fått tilbod, og anslag på talet fordrevne som kjem frå Ukraina, tydde på at behovet var mindre. På bakgrunn av rapportering frå dei institusjonane som fekk midlar til studieplassane, foreslår regjeringa å føre vidare løyvinga tilsvarende 500 studieplassar i 2024.

I 2022 oppretta regjeringa ei mellombels stipendordning for ukrainske, russiske og belarussiske studentar som var i Noreg før krigen starta. Ordninga gjaldt for studentar som finansierte stu-

¹ Lima (2023) Få mottakere av sosialhjelp i 2022 – men økning mot slutten av året (Arbeid og velferd nr. 2 2023)

dieopphaldet sjølve, og som mista tilgangen til midlane på grunn av krigen. Frå 2023 gjaldt ordninga berre for ukrainske studentar og frå 2024 vert ordninga avvikla. Studentar med flyktningsstatus har tilgang til finansiering frå Lånekassa tilsvarende som norske studentar.

Russland er suspendert frå gjeldande strategi for høgare utdannings- og forskingssamarbeid med prioriterte land utanfor EU.

Helse- og omsorgstenester for personar med mellombels kollektivt vern

Asylsøkarar og personar med mellombels kollektivt vern i Noreg har same rett til helsetenester som resten av befolkninga. Helsedirektoratet har oppdatert den nasjonale rettleiaren om helsetenester til asylsøkarar, flyktningar og familiesam-einte og vil tilpasse denne ytterlegare ved behov. Direktoratet har omsett informasjon om rettar og tilgang til helsetenester for fordrivne frå Ukraina.

Helse- og omsorgsdepartementet følgjer situasjonen med flyktningsstraumen frå Ukraina nøye, blant anna for å følge med på at det er stor nok kapasitet i helse- og omsorgstenestene. Kommunane har i hovudsak meldt om at kapasiteten i helsetenestene jamt over er god.

For å bidra til å sikre at kapasiteten i tenestene ikkje blir overskriden, har Stortinget gjort mellombelse endringar i helselovgivinga som opnar for at Helse- og omsorgsdepartementet kan gjere heilt eller delvis unntak frå enkelte plikt- og retts-

reglar i pasient- og brukarrettslova, spesialisthelsetenestelova og helse- og omsorgstenestelova.

I møte med flyktningsstraumen frå Ukraina har spesialisthelsetenestene tatt høgde for større tilstrøyming til tenestene og utfordringar blant anna når det gjeld manglande dokumentasjon om sjukdom og tidlegare behandling, behov for ekstraordinære smitteverntiltak, særlege behov for tenester innan psykisk helse og rettleiing av kommunehelsetenesta innan traume- og krisehandtering. Det er bedt om at kapasiteten i spesialisthelsetenesta til å gjennomføre tuberkulosekontroll blir justert opp.

Noreg deltar også i det europeiske samarbeidet for medisinsk evakuering av pasientar frå Ukraina, som skjer gjennom EUs ordning for sivil beredskap UCPM (medevac). Ordninga omfattar alvorleg sjuke og skadde pasientar, og nokre av dei blir følgde av pårørande. I 2022 blei Nasjonalt koordineringssenter for medisinsk evakuering av ukrainske pasientar (NKS) etablert ved Oslo universitetssykehus. Ved utgangen av juli i år hadde Noreg bidratt med transportkapasitet til over 1 100 pasientar til Noreg og andre europeiske land. Omtrent alle sjukehus i Noreg har teke i mot pasienter gjennom medevac-ordninga. Regjeringa har bestemd at tilbodet om medisinsk evakuering av pasientar skal forlengast ut februar 2024, og at ein skal ta imot inntil 550 pasientar i spesialisthelsetenesta. Ved starten av september har det komme om lag 280 pasientar. Det vert foreslått å løyve 200 mill. kroner til tiltaket i 2024.

8 FNs berekraftsmål

FN vedtok i september 2015 berekraftsmål for perioden fram mot 2030 (Agenda 2030). Måla forpliktar Noreg både internasjonalt og nasjonalt. I Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet gis ein samla omtale av nasjonal og internasjonal oppfølging av alle berekraftsmåla.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvar for koordineringa av berekraftsmål 1. Departementet har òg eit ansvar for bidrag til delmål under berekraftsmåla 5 og 8.

Berekraftsmål 1 Utrydde fattigdom

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvaret for å koordinere innanlandsk oppfølging av berekraftsmål 1 om å utrydde alle former for fattigdom. Berekraftsmål 1 blir følgt opp nasjonalt gjennom innsatsen for å redusere fattigdom og utjamne økonomiske og sosiale forskjellar. Oppfølginga av mål 1 må sjåast saman med oppfølging av dei andre berekraftsmåla, særleg mål 8 om anstendig arbeid mv. og mål 10 om mindre ulikskap.

Regjeringa sitt mål er eit samfunn med små forskjellar. Fattigdom skal reduserast, særleg fattigdom som rammar barnefamiljar. Regjeringa vil føre ein politikk som reduserer dei økonomiske, sosiale og geografiske forskjellane i samfunnet.

Viktige grep for å utjamne forskjellar og redusere fattigdom er å inkludere fleire i arbeid, gode velferdsordningar og meir rettferdig og omfordelende skatt. Innsatsen i arbeids- og velferdspolitikken for å inkludere fleire i arbeid er sentral i innsatsen mot fattigdom. Velferdstenestene skal bidra til at alle får nødvendig bistand, slik at dei kan delta i arbeidslivet og på andre arenaer i samfunnet. Offentlege og universelle velferdsordningar bidrar til like moglegheiter og til å redusere forskjellar i levekår.

Fattigdom er eit samansett og komplekst problem, og heng ofte saman med andre levekårsutfordringar, som manglande deltaking i arbeidsmarknaden. Manglande deltaking i arbeidsmarknaden har ofte si årsak i utfordringar knytt til helse, låg utdanning og låge kvalifikasjonar, eller

manglande norskkunnskapar. Fattigdom og låginntekt kan ha konsekvensar for buforhold, helse og sosiale tilhøve. Helsepolitikken, utdanningspolitikken, integreringspolitikken, bustadpolitikken, oppvekst- og familiepolitikken mfl. har derfor òg stor betydning for å motverke ulike sider av fattigdom.

Fattigdom og låginntekt har òg konsekvensar for barn si oppvekst og deltaking. Regjeringa vil legge fram ei stortingsmelding om sosial mobilitet og sosial utjamning med vekt på barn og unge og deira familiar. Formålet med meldinga er å forsterke politikken for å redusere sosiale forskjellar og motverke at dårlege levekår går i arv. Meldingsarbeidet er eit samarbeid mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Meldinga skal blant anna sjå på betydninga av dei første leveåra til barnet, inklusive svangerskapet, skole og utdanning, overgangar frå barn til ungdoms- og vaksenliv, og frå utdanning til arbeid. Meldinga skal følge opp venta rapport frå ekspertgruppa for barn i fattige familiar, og rapport frå ekspertgruppa som ser på betydninga av barnehage, skole og SFO for sosial utjamning og sosial mobilitet. Arbeidet vil sjåast i samheng med samfunnsoppdraget om å inkludere fleire barn og unge i utdanning, arbeids- og samfunnsliv. Forsking, innovasjon og utprøving av tiltak er viktige element i samfunnsoppdraget.

Den samla innsatsen mot fattigdom omfattar innsatsar og tiltak under Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Finansdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Prinsippet om sektoransvar gjeld, og inneber at omsynet til fattigdom skal følgast opp innanfor ansvarsområda til sektordepartementa.

Regjeringa vil prioritere desse tiltaka i 2024:

- Redusert maksimalpris i barnehage frå 3 000 kroner til 2 000 kroner frå 1. august 2024 (Kunnskapsdepartementet).
- 127 mill. kroner til ei tilskotsordning for utstyr og læringsarenaer for meir praktisk, variert og

- relevant læring i skolen (Kunnskapsdepartementet).
- Prisjustering av barnetillegga for mottakarar av arbeidsavklaringspengar, dagpengar og kvalifiseringsstønad (Arbeids- og inkluderingsdepartementet, 36 mill. kroner).
 - Endring slik at forsørgaren får utbetalt barnetillegg sjølv om barnet har eiga inntekt (Arbeids- og inkluderingsdepartementet, 6,2 mill. kroner).
 - 100 mill. kroner til tiltak innan psykisk helse, rus og helsestasjons- og skolehelsetenesta og 150 mill. kroner i auka rammetilskot til kommunane grunna behov på psykisk helse- og rusfeltet (Helse- og omsorgsdepartementet).
 - Oppfølging av tiltak i handlingsplan for deltaking i kultur-, idretts- og friluftaktivitetar (Kultur- og likestillingsdepartementet, 10 mill. kroner).
 - Områdesatsingar i byar (Kommunal- og distriktsdepartementet, 33,5 mill. kroner).

Nedanfor er det ein omtale av innsatsar og tiltak som har særleg betydning for innsatsen mot fattigdom og oppfølginga av berekraftsmål 1. Sjå budsjettproposisjonane til dei ulike departementa for ein meir utførleg omtale.

Delmål 1.1 Innan 2030 utrydde all ekstrem fattigdom

Ingen i Noreg lever i ekstrem fattigdom slik ekstrem fattigdom er definert av FN. Delmål 1.1 er derfor ikkje relevant å følge opp innanlandsk i Noreg.

Delmål 1.2 Innan 2030 minst halvere prosentandelen av menn, kvinner og barn i alle aldrar som lever i fattigdom, i samsvar med nasjonale definisjonar

Regjeringa sitt mål er eit samfunn med små forskjellar, og redusert fattigdom. Det er ikkje ein offisiell definisjon av fattigdom eller fattigdomsgrense i Noreg. Ein indikator for kor mange som er i risiko for fattigdom, er kor mange som har inntekt under eit bestemt nivå i inntektsfordelinga, for eksempel 60 pst. av medianinntekta, i ein bestemd periode (EU60). Desse har økonomiske ressursar som ligg betydeleg under det generelle inntektsnivået i samfunnet. Om låginntekt som indikator på fattigdom, sjå del I, punkt 3.5 Utviklinga for låginntektsgrupper. Sjølv om forskjellane i inntekt og levekår er mindre enn i andre land, er det òg i Noreg tendensar til aukande forskjellar i inntekt. Andelen av befolk-

ninga med vedvarande låginntekt har auka sidan 2010. Inntektene til låginntektsgruppa har også vakse noko mindre enn veksten i medianinntekta. Dei siste tala vi har, viser ei nedgang. I perioden 2019–2021 hadde 9,9 pst. av befolkninga vedvarande låginntekt (studentar er haldne utanfor). Dette er ein nedgang på 0,2 prosentpoeng frå førre treårsperiode (2018–2020).

Det er små forskjellar i omfanget av vedvarande låginntekt mellom menn og kvinner. Forskjellane har òg blitt mindre. I 2009 var andelen kvinner med vedvarande låginntekt 2,1 prosentpoeng høgare enn for menn. I 2021 er forskjellen redusert til 1,2 prosentpoeng. Det er framleis ein noko større andel kvinner enn menn i hushald med vedvarande låginntekt. I 2021 hadde 10,5 pst. av kvinner og 9,3 pst. av menn vedvarande låginntekt. Forklaringa, når ein nyttar EU60 for å måle vedvarande låginntekt, er i første rekke at det er ein større andel kvinner enn menn i låginntektsgruppene einslege minstepensjonistar og einslege med barn.

Det har over tid vore ein sterk auke i talet på barn i hushald med vedvarande låginntekt. Andelen auka frå 3,3 pst. i 1999–2001 til 11,7 pst. (om lag 115 000 barn) i 2018–2020. Auken i talet på barn i hushald med låginntekt har vore sterkare enn for heile befolkninga. Andelen barn i hushald med vedvarande låginntekt i 2019–2021 gjekk ned til 11,3 pst. (110 700 barn), ein nedgang på 0,4 prosentpoeng frå treårsperioden før. Dette er den første nedgangen i talet på barn i låginntektsfamiliar sidan 2011. Det er for tidleg å seie om nedgangen er ei mellombels endring eller ikkje. Nedgangen heng truleg saman med auken i barnetrygd for barn mellom 0–6 år, mindre barnekull, og lågare innvandring til Noreg i denne perioden.

Seks av ti barn som veks opp i hushald med vedvarande låginntekt har innvandrarbakgrunn. Det er mange med låginntekt blant innvandrarar med flyktningbakgrunn. Mange nykankomne flyktningar har svak tilknytning til arbeidsmarknaden. Nokre innvandrargrupper har låg inntekt også etter å ha budd lenge i Noreg.

Arbeid og inntekt

For personar i yrkesaktiv alder heng fattigdom og låginntekt for ein stor del saman med manglande eller låg deltaking i arbeidsmarknaden. Arbeid gir inntekt og økonomisk sjølvstende og betrar levekåra og livssituasjonen til enkeltpersonar og familiar. Arbeid gir også fellesskap og nettverk. Regjeringa si innsats for at flest mogleg kan delta i

arbeidslivet er viktig for å motverke fattigdom og låginntekt. Arbeids- og velferdspolitikken skal legge til rette for at flest mogleg kan forsørge seg sjølve gjennom arbeid. Arbeids- og velferdsforvaltninga rår over ei rekke tiltak og verkemiddel for personar som treng arbeidsretta bistand og oppfølging. Inntektssikringsordningane skal gi økonomisk sikkerheit for personar som ikkje kan arbeide.

Enkelte grupper opplever særlege utfordringar med å få innpass i arbeidslivet og har behov for bistand som styrker sjansane deira for å komme i jobb. For å styrke innsatsen for unge, har regjeringa innført ein ungdomsgaranti i Arbeids- og velferdsetaten som gjeld frå 1. juli 2023. Ungdomsgarantien skal sikre at unge mellom 16 og 30 år som treng hjelp for å komme i arbeid får tidleg innsats, tett og tilpassa oppfølging så lenge det er nødvendig. Ei betre samordning av tenester frå arbeids- og velferdsforvaltninga, helsetenestene og utdanningssystemet skal motverke at ungdom og unge vaksne fell på utsida av skole og arbeid. Målet er at fleire skal fullføre utdanning og komme i jobb.

Regjeringa vil legge fram ei melding til Stortinget som drøfter innretninga av arbeidsmarknadspolitikken med sikte på at fleire arbeidsledige og personar med nedsett arbeidsevne skal få eller behalde arbeid. Meldinga vil bli lagt fram våren 2024.

Innsatsen for inkludering av unge og andre utsette grupper i arbeidsmarknaden er nærmare omtalt i del II, under hovudmål 4 God inkludering av utsatte grupper i arbeidsmarkedet.

Mange nykomne flyktningar har svak tilknytning til arbeidsmarknaden. Nokre innvandrargrupper har låg inntekt også etter å ha budd lenge i Noreg. Integreringslova legg til rette for at fleire nykomne flyktningar kan ta formell utdanning innanfor ramma av introduksjonsprogrammet, og set tydlegare krav til norskkunnskapar. Kvalifisering, utdanning og arbeid er viktige innsatsområde. Auka sysselsetting og deltaking på andre samfunnsarenaer vil betre levekåra og redusere utanforskap blant innvandrarar. Når det gjeld flyktningane frå Ukraina, har Stortinget i juni 2022 vedtatt mellombelse endringar i fleire lovar. Dette skal bidra til å gjere det enklare for kommunane å busette raskt, og til at kommunar og fylkeskommunar kan handtere situasjonen og tilpasse tenestetilbodet sitt. Regjeringa vil styrke det arbeidsretta integreringsarbeidet i kommunane, og kompetanselinja i norsk integreringspolitikk. Regjeringa satsar vidare på tilskotsordninga Jobbsjansen slik at fleire kvinner med innvandrarbakgrunn kan få kvalifisering for å komme ut i arbeid.

Regjeringa er i gang med ein stortingsmelding om integrering, der eitt av hovudmåla er å få fleire i jobb som eit bidrag for å hindre fattigdom.

Sjå meir omtale i del II, under hovudmål 5, God integrering av innvandrarar i arbeid og samfunn.

Skatt

Skattesystemet bidrar til omfordeling gjennom å finansierte offentlege tenester og overføringar. Regjeringa har dei siste åra redusert inntektsskatten for dei med inntekter under 750 000 kroner, og inntektsskatten er redusert mest for dei med dei lågaste inntektene.

Utdanning

Utdanning og kunnskap legg grunnlaget for ein varig og stabil tilknytning til arbeidslivet for enkeltpersonar og er dermed heilt sentralt for å førebygge fattigdom. Utdanning og kunnskap bidrar til å skape likeverdige moglegheiter for alle uavhengig av bakgrunn, og til å fremme sosial mobilitet. Eit godt barnehagetilbod og ein god felleskole er ein nøkkel til å motverke sosiale forskjellar og til å skape eit meir rettferdig samfunn. Utdanning skal bidra til eit berekraftig samfunn med små forskjellar og høg tillit. Regjeringa har utnemnt ei ekspertgruppe som ser på betydninga av barnehage, skole og SFO for sosial utjamning og sosial mobilitet. Ekspertgruppa skal legge fram si rapport våren 2024.

Barnehagar og skoler som løftar alle barn og unge, uavhengig av bakgrunnen til foreldra, er viktig for å skape likeverdige moglegheiter for alle. I 2024 foreslår regjeringa å løyve 80 mill. kroner til auka pedagogtettleik i barnehagar i levekårsutsatte område og 15 mill. kroner til å auke bemanninga på skoler i levekårsutsatte område. Regjeringa foreslår å løyve 218 mill. kroner i tilskot til tiltak for å styrke den språklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage i 2024.

Regjeringa har gjennomført ei rekke tiltak for å fjerne økonomiske hindringar for bruk av barnehage og skolefritidsordning (SFO). Maksprisen i barnehagar blei sette ned 1. august 2022, frå 3 315 kroner til 3 050 kroner per måned. Maksprisen blei redusert ytterlegare til 3 000 kroner per måned frå 1. januar 2023. I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa å redusere foreldrebetalinga ytterlegare, slik at maksimalprisen vert redusert frå 3 000 kroner til 2 000 kroner frå 1. august 2024. Regjeringa foreslår ein ytterlegare reduksjon i maksimalprisen i kommunar med sentralitetsin-

deks 5 og 6, slik at maksprisen i desse kommunane frå 1. august 2024 vert 1 500 kroner. Frå 1. august 2023 blei det innført gratis barnehage for tredje barn i familien som går i barnehage, og gratis barnehage for alle i tiltakszona i Finnmark og Nord-Troms.

SFO er ein viktig arena som gir alle barn, uavhengig av bakgrunn, tilgang til ein felles arena for leik, vennskap og kultur- og fritidsaktivitetar. Likevel er det framleis elevar som ikkje deltek i SFO på grunn av familien sin økonomi. Regjeringa vil at alle barn skal ha høve til å delta i SFO. Frå hausten 2022 er det innført 12 timer gratis SFO for alle elevar på 1. trinn. Frå hausten 2023 blir ordninga med 12 timer gratis SFO utvida til også å gjelde 2. trinn. Det gjer at ytterlegare 60 000 elevar og deira familiar kan spare om lag 20 000 kroner i året per SFO-plass.

I samband med ei stortingsmelding om 5.–10. trinn foreslår regjeringa å løyve 127 mill. kroner til ei tilskotsordning for utstyr og læringsarenaer for meir praktisk, variert og relevant læring i skolen. Det foreslås også å innføre ei ny åtteårig rentekompensasjonsordning med ei total ramme på 8 mrd. kroner til kommunane for investeringar i læringsarenaer og større utstyr som bidrar til meir praktisk og variert opplæring.

Gjennomføring av vidaregåande opplæring er viktig for å få ei stabil tilknytning til arbeidslivet. Med innføring av fullføringsrett, som er vedtatt av Stortinget ved behandlinga av ny opplæringslov, får alle rett til opplæring til dei har fullført og bestått vidaregåande opplæring. Samtidig blir målgruppa til oppfølgingstenesta utvida til å gjelde fleire unge. I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa over 1 mrd. kroner for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring, blant anna gjennom tilskot for at fleire skal få læreplass.

Sjå Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet for nærmare omtale.

Helse

Regjeringa vil legge betre til rette for at menneske med helseproblem kan stå i arbeid. Gjennom Nasjonal helse- og samhandlingsplan vil regjeringa sjå verkemidla frå arbeids- og helsesektoren meir i samanheng, for å inkludere og behalde fleire med helseutfordringar i arbeidslivet.

Regjeringa la fram ei stortingsmelding om folkehelse våren 2023, jf. Meld. St. 15 (2022–2023). Å utjamne sosiale helseforskjellar er eit hovudmål i folkehelsepolitikken. Tiltak skal innrettast slik at tiltaka verkar best for dei som treng det mest, men samtidig vere bra for alle. Universelle tiltak og tenester, levekår, levevanar og helsevenlege

omgivnader har betydning for helse og livskvalitet for kvar enkelt. Meldinga varslar at regjeringa vil legge fram ein nasjonal livskvalitetsstrategi i 2024 og ein veivisar for folkehelseiltak mot einsemd.

I Hurdalsplattforma er ambisjonen å styrke helsestasjonane og skolehelsetenesta og gradvis innføre eit enkelt dagleg, sunt skolemåltid og dagleg fysisk aktivitet i skolen. Regjeringa har lagt fram ein Opptappingsplan psykisk helse, jf. Meld. St. 23 (2022–2023). Planen har tre innsatsområde: helsefremjande og førebyggjande psykisk helsearbeid, gode tenester der folk bur og tilbodet til personar med langvarige og samansette behov. Regjeringa har auka det øyremerka tilskotet til helsestasjons- og skolehelsetenesta med 45 mill. kroner i 2023. I statsbudsjettet for 2023 blei det satt av 150 mill. kroner til opptappingsplan for psykisk helse, førebyggings- og behandlingsreform på rusfeltet og helsestasjons- og skolehelsetenesta. Regjeringa foreslår i 2024 100 mill. kroner til tiltak innan psykisk helse, rus og helsestasjons- og skolehelsetenesta og 150 mill. kroner i auka rammetilskot til kommunane grunna behov på psykisk helse- og rusfeltet. Regjeringa vil og legge fram ei førebyggings- og behandlingsreform for rusfeltet, irekna eit nasjonalt program for rusførebyggjande arbeid blant barn og unge.

Dei kommunale helse- og omsorgstenestene, irekna fastlegeordninga, er grunnpilaren i helse- og omsorgstenestene, og bidrar til enkel tilgang til helsehjelp for heile befolkninga. Regjeringa vil styrke og utvikle fastlegeordninga for å sørge for ei tilgjengeleg og sterk offentleg teneste for alle, og gjennomførte i 2023 ei historisk sterk satsing.

Regjeringa er i gang med å styrke den offentlege tannhelsetenesta. 19–20-åringar har i dag rett til å få dekt 75 pst. av utgiftene sine hos den offentlege tannhelsetenesta. Gjennom budsjettbehandlinga i 2022 og 2023 har regjeringa utvida tannhelsetilbodet ytterlegare for aldersgruppa unge vaksne til og med 24 år.

Sjå nærmare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Familie, oppvekst og fritid

Regjeringa vil føre ein politikk som støtter opp om familiane, reduserer skilnadene i samfunnet og bidrar til å førebygge og redusere fattigdom blant barnefamiljar. Dei fleste barn i Noreg veks opp i ein trygg familie med gode økonomiske kår. Samtidig er det familiar som har så låg inntekt at det avgrensar høvet deira til å delta i samfunnet på ein fullverdig måte. Dette rammar barna og kan ha konsekvensar for dei langt fram i tid.

Ein oppvekst i fattigdom gir auka risiko for lågare deltaking i fritidsaktivitetar, dårlegare fysisk og psykisk helse- og buforhold, fråfall frå vidaregåande utdanning, lågare skoleprestarar og færre venner. Ein oppvekst i fattigdom kan òg føre til at barna fell utanfor arbeidslivet og opplever låg inntekt som vaksne.

Arbeidet regjeringa gjer for barn i fattige familiar, omfattar innsats på tvers av mange ulike departement, sektorar og forvaltningsnivå.

Dei fleste av tiltaka i *Like muligheter i oppveksten – Samarbeidsstrategi for barn og ungdom i lavinntektsfamilier (2020–2023)*, som Solberg-regjeringa la fram hausten 2020, er følgd opp i strategiperioden.

I 2022 og 2023 har *Tilskot til å inkludere barn og unge* blitt styrkt med totalt 181 mill. kroner. Gjennom ordninga kan kommunar, frivillige og andre aktørar blant anna få tilskot til tiltak for å inkludere barn og unge i organiserte og uorganiserte fritidsaktivitetar, sommaraktivitetar og ferieleirar, og kulturelle opplevingar. I Revidert nasjonalbudsjett 2023 blei det også oppretta ei mellombels tilskotsordning på 15 mill. kroner til lokale fritidskasser i kommunane, som skal dekke utgifter til organiserte fritidsaktivitetar for barn og unge. I 2024 foreslår regjeringa å vidareføre ordninga *Tilskot til å inkludere barn og unge*. Dette inneber at ordninga i 2024 vil utgjere om lag 708 mill. kroner.

Regjeringa har sette ned ei ekspertgruppe om barn i fattige familiar. Ekspertgruppa skal vurdere kva slags typar av tiltak som har best effekt, og korleis den offentlege innsatsen bør prioriterast, for å i størst mogleg grad styrke oppvekstvilkåra til barn i fattige familiar og førebygge at fattigdom går i arv. Dette inneber òg å vurdere kva typar tiltak som vil vere mest treffsikre for å redusere delen og talet barn som veks opp i familiar med vedvarande låginntekt. Ekspertgruppa skal levere si rapport i oktober 2023.

Sjå Prop. 1 S (2023–2024) for Barne- og familiedepartementet, programkategori 11.10 *Familie og oppvekst* for meir omtale om korleis regjeringa følger opp berekraftsmål 1.2 når det gjeld fattigdom blant barn og barnefamiliar.

Deltaking i fritidsaktivitetar innan idrett, kunst og kultur gir barn og unge fysiske, kulturelle og sosiale opplevingar. Dei med meir økonomiske, sosiale eller kulturelle ressursar deltar i større grad i frivilligheita enn andre. Eit overordna mål i kultur-, idretts- og frivilligheitspolitikken er å bygge ned denne forskjellen. Det viktigaste grepet for bred deltaking er å oppretthalde dei universelle ordningane. Dei viktigaste universelle ord-

ningane er meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar, Frifond-ordningane og LAM-ordninga (lokale aktivitetsmidlar) til lokale lag og foreiningar på idrettsområdet. Frå overskotet frå spelemidlane i Norsk Tipping i 2023 fekk idretten 125 mill. kroner ekstra for å styrke deltaking og inkludering i idretten lokalt. Regjeringa skal lage ein handlingsplan for like moglegheiter til å delta i kultur-, idretts- og friluftslivsaktivitetar for barn og unge i heile landet. Planen skal bidra til meir kunnskap om kva som driv sosial ulikhet i deltaking, få ned prisane på aktivitetar og å gi god og tilgjengeleg informasjon om aktivitetar og tilbod. Dette støttar opp om arbeidet med intensjonsavtalen Fritidserklæringen som regjeringa har underteikna saman med frivilligheita. Målet er at alle barn og unge skal ha moglegheit til å delta jamleg i fritidsaktivitetar saman med andre. Regjeringa foreslår å løyva 10 mill. kroner til oppfølging av tiltak i handlingsplan for deltaking i kultur-, idretts- og friluftslivsaktivitetar i 2024.

Frivilligsentralane bidrar til frivillig deltaking, fellesskap og aktivitetar for barn, unge, vaksne og eldre i heile landet. Tilskot til frivilligsentralane er auka med om lag 31 mill. kroner i 2023.

Tilgang til lokale er også viktig for å sikre aktivitet, og i 2022 og 2023 blei det gitt meir pengar til idrettsanlegg enn nokon gong tidlegare. Den kulturelle skolesekken (DKS) er ei anna viktig ordning som sikrar at alle barn og unge over heile landet får oppleve eit kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet heilt gratis gjennom skolen. Biblioteka har blitt ein viktig plass der barn, unge og vaksne møtes og ulike arrangement finn stad.

I tillegg vil regjeringa støtte opp om tiltak for å rekruttere dei som i dag ikkje deltar i kultur og idrett. Tilskotsordninga Inkludering i kulturliv, som er særleg retta mot barn og unge som ikkje deltar i fritidsaktivitetar, er innført etter modell frå den tilsvarende ordninga Inkludering i idrettslag. Regjeringa la i april 2023 fram Kulturfrivillighetsstrategien *Rom for deltakelse (2023–2025)*. Strategien går gjennom utfordringar for kulturfrivilligheita og peikar på tiltak innanfor fire innsatsområde, blant anna brei deltaking og tilgang på kulturaktivitetar.

Sjå meir omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kultur- og likestillingsdepartementet.

Levekår i byar

Regjeringa har lagt fram Meld. St. 28 (2022–2023) *Gode bysamfunn med små skilnader*. Meldinga samlar regjeringa sin politikk for å halde ved lag og styrke den sosiale berekrafta i norske byar og

nabolag, gjennom å legge til rette for gode levekår, høg livskvalitet og gode oppvekst- og nærmiljø. I enkelte byar og område med konsentrasjon av levekårsutfordringar har staten og kommunane avtalebaserte samarbeid om felles ekstra innsats, kalla områdesatsingar. Områdesatsingar er eit verkemiddel for å gjere ein ekstra innsats for tenesteutvikling og betre nærmiljøkvalitetar i levekårsutsette område. I 2023 blei områdesatsingane styrkt med 20 mill. kroner. Regjeringa foreslår i Statsbudsjettet 2024 å styrke ordninga med tilskot til områdesatsingar i byar.

Sjå meir omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Delmål 1.3 Innføre nasjonalt tilpassa sosiale velferdsordningar og tiltak for alle, inkludert minstestandardar, og innan 2030 oppnå ei vesentleg dekning av fattige og sårbare

Noreg har universelle velferdsordningar og gode offentlege velferdstenester. Inntektssikringsordningane i folketrygda gir økonomisk tryggleik for personar som ikkje kan arbeide. Stønadsordningane sikrar inntekt og kompenserer for særlege utgifter ved arbeidsløyse, fødsel, sjukdom, uførleik og alderdom. Folketrygda bidrar til utjamning av inntekt og levekår over livsløpet til den enkelte og mellom grupper av personar. Saman med tilgang til gratis eller sterkt subsidierte offentlege tenester som barnehage, skole og helsevesen, bidrar dette til at situasjonen til personar med låginntekt er betre i Noreg enn i mange andre land.

Ei rekke ytingar til livsopphald blir kvart år justert i tråd med endringar i grunnbeløpet. Dette gjeld blant anna uføretrygd og arbeidsavklaringspengar. Desse endringane i grunnbeløpet skal sikra at ytingane held tritt med lønnsveksten i arbeidslivet. Ei ekstraordinær prisjustering av statsbudsjettet blei vedtatt i Revidert nasjonalbudsjett 2023. Det inneber blant anna å auke stønads- og tilskotssatsar i folketrygda.

Barnetillegga for arbeidsavklaringspengar, kvalifiseringsstønad og dagpengar auka til 35 kroner per barn per dag frå 1. februar 2023. Før oppjusteringa av barnetillegga frå 1. februar 2023 har desse barnetillegga blitt nominelt vidareførte over mange år. Regjeringa vil framover legge opp til at hovudregelen er ei årleg prisjustering av barnetillegga for desse ytingane i tråd med anslått KPI. Regjeringa foreslår også ei endring slik at forsørgjaren får utbetalt barnetillegg sjølv om barnet har eiga inntekt.

Økonomisk stønad og dei sosiale tenestene i arbeids- og velferdsforvaltninga er det nedre

tryggleiksnettet i velferdsordningane. Tenestene skal bidra til økonomisk og sosial tryggleik og fremme overgang til arbeid og sosial inkludering. Sosiale tenester og sosialfagleg arbeid er viktig i det heilskaplege tenestetilbodet til personar som opplever sosiale problem, men også i arbeidet i kommunane for å førebygge at slike problem oppstår. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har tatt initiativ til eit program for førebyggjande sosialt arbeid og heilskapleg førebyggjande innsats lokalt.

Ei endring i sosialtenestelova med verknad frå 1. september 2022 slår fast at barnetrygda skal haldast utanfor ved utmåling av økonomisk stønad. Lovendringa er eit verkemiddel for å betre økonomien til barnefamiljar som tar imot økonomisk stønad.

Frå 1. mars 2023 blei særfrådraget for einslege forsørgjarar i skattesystemet avvikla og den utvida barnetrygda blei auka tilsvarende maksimal skatteverdi av frådraget i 2022. I tillegg blei utvida barnetrygd auka med 5 000 kroner i året. I Revidert nasjonalbudsjett 2023 blei barnetrygda for barn mellom 6 og 18 år auka med 200 kroner i månaden. I tillegg kjem prisomrekning av alle satsane, først frå 1. mars 2023 og deretter frå 1. juli 2023 som følge av den ekstraordinære prisomrekninga i revidert nasjonalbudsjett.

Regjeringa har sette i verk ei rekke tiltak for å motverke effekten av auken i levekostnader, blant anna gjennom å auke straumstøtta og bustøtta. I budsjettavtalen med SV i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2023 blei det bestemt å auke dei rettleiande satsane for økonomisk sosialhjelp med 10 pst. frå 1. juli 2023. Vidare har Kommunal- og distriktsdepartementet gitt instruks til Husbanken om å skjerme alle etterbetalingar i juni 2023, slik at ingen tapar bustøtte på etterbetalingar etter trygdeoppgjering.

Den statlege bustøtta skal sikre at husstandar med låge inntekter og høge buutgifter kan bu i ein trygg og god bustad. Sidan desember 2021 har regelverket vore mellombels endra, slik at om lag 22 600 fleire enn vanleg får bustøtte. Dei som har fått bustøtte, har òg fått ekstra utbetalingar i fleire omgangar som hjelp til å dekke høge straumrekningar i perioden 2021–2023. Regjeringa foreslår at det mellombelse regelverket og dei ekstra utbetalingane til straum blir forlengta ut mars 2024. Sjå nærmare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Barnetrygda auka for alle frå 1. mars 2023 da ho blei prisjustert med 2,8 pst. i 2023-budsjettet. Satsane for utvida barnetrygd auka frå 1 054 kroner per måned til 2 016 kroner med verknad frå

1. mars 2023. For einslege forsørgarar med låg inntekt auka barnetrygda med inntil 9 600 kroner i 2023, på grunnlag av ekstra barnetrygd og omlegging frå skattefrådrag og til auka utvida barnetrygd. Sjå nærmare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Barne- og familiedepartementet.

Delmål 1.4 Innan 2030 sikre at alle menn og kvinner, særleg fattige og sårbare, har lik rett til økonomiske ressursar og tilgang til grunnleggande tenester, til å eige og kontrollere jord og andre former for eigedom, og til arv, naturressursar, ny teknologi og finansielle tenester, inkludert mikrofinansiering

Offentlege velferdstenester skal bidra til at alle får nødvendig bistand, slik at dei kan delta i arbeidslivet og på andre arenaer i samfunnet. Universelle og gode velferdsordningar bidrar til like moglegheiter og til å redusere forskjellar i levekår.

Bustad

Trygge og gode buforhold er viktig for å jamne ut forskjellar i levekår og sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge. Den sosiale bustadpolitikken skal førebygge at folk får utfordringar på bustadmarknaden, og gi hjelp til dei som ikkje klarar å skaffe og behalde ein eigna bustad. Bustøtte, startlån og lån til utleigebustader er viktige bustadsosiale verkemiddel.

Om lag tre firedelar av husstandane i Noreg bur i ein bustad dei eig sjølv. Husbanken sine startlån og lån til utleigebustader gjer at fleire kan kjøpe ein eigen bustad og at det blir tilgang på fleire eigna utleigebustader. Regjeringa har foreslått å auke låneramma til Husbanken med 3 mrd. kroner til 24 mrd. kroner for 2024. Låneramma går blant anna til startlån og lån til utleigebustader for vanskelegstilte. Regjeringa sende i juli 2023 på høyring forslag til endringar i burettslagslova og eigarseksjonslova som skal legge til rette for at både private og kommunale aktørar kan tilby fleire bustader med bustadkjøpsmodell. Bustadkjøpsmodellar er finansielle løysingar, som til dømes ulike former for leige til eige-kontraktar, som kan bidra til å gjere det enklare å kjøpe bustad.

Regjeringa vil våren 2024 legge fram ei melding til Stortinget om ein heilskapleg bustadpolitikk. Meldinga vil blant anna ta for seg eige- og leigemarknadene, utfordringar i distrikts- og pressområde og arbeidet for spesielt sårbare grupper.

Tilgang til grunnleggande tenester under straffegjennomføring

Innhaldet i kriminalomsorga sitt tilbod legg til grunn at domfelte har lik rett på offentlege tenester som andre. Det gjeld både dei som er innsette i fengsel og dei som gjennomfører straff i samfunnet. I dag gjennomfører fleire straffa si i samfunnet enn i fengsla. Det har ført til at ein større andel av dei som sit i fengsel er dømde for alvorlege lovbrøt og ein større andel har psykiske helseutfordringar og behov for helse- og omsorgstenester. Tiltak i kriminalomsorga for å betre psykisk helse er viktig i arbeidet med utjamning av skilnader i befolkninga og kan bidra til at fleire domfelte kjem seg ut i utdanning og arbeid etter at dei har gjennomført straffa si. Regjeringa oppnemnte i juni 2023 eit offentlig utval som skal evaluere ordningane med forvaring, tvungent psykisk helsevern og tvungen omsorg, og greie ut ivaretakinga av sikta, domfelte og innsette med alvorlege psykiske lidningar eller utviklingshemming. Utvalet skal levere si utgreiing i september 2024.

Retts hjelp

Retts hjelpslova med forskrifter gir reglar om offentlig stønad til retts hjelp for dei som har behov for retts hjelp. I nokre sakstypar har søkaren krav på retts hjelp utan omsyn til inntekt og formue. I andre sakstypar er det berre søkarar med inntekt og formue opp til eit visst nivå som kan få stønad til retts hjelp. I tillegg er tilskotsordninga for frivillige retts hjelpiltak ei ordning som er retta mot utsette grupper og menneske som er i ein spesielt vanskeleg situasjon, og som kan oppfatte det som at terskelen for å oppsøke ordinær juridisk hjelp er høg.

Inntektsgrensene for å få innvilga behovsprøvd retts hjelp blei oppjusterte i både 2022 og 2023. Frå 1. januar 2023 er inntektsgrensene for fri retts hjelp auka til 350 000 kroner for einslege og til 540 000 kroner for ektefellar/par. Grensen for formue ble òg oppjustert i 2023. Regjeringa har lagt fram forslag til endringar i retts hjelplova for Stortinget. Forslaget inneber ein ny modell for behovsprøvd retts hjelp for at fleire personar skal bli omfatta av ordninga. Sjå meir omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Ny teknologi

I Noreg er det god tilgang til nye teknologiske løysingar for alle ved at grunnleggande tenester frå det offentlege blir utforma for digitale løysingar som kan nyttast av alle.

Finansielle tenester

I Noreg er det god tilgang til finansielle tenester. Regulering og tilsyn skal på den eine side sikra at den enkelte har tilgang på finansielle tenester og har visse rettar overfor tenestetilbydaren, og på den andre sida bidra til at bankar og andre tilbydarar av finansielle tenester driv økonomisk forsvarleg og er i stand til å møta forpliktingane sine overfor kundane.

Delmål 1.5 Innan 2030 bygge opp motstandskrafta til fattige og personar i utsette situasjonar, slik at dei blir mindre utsette og sårbare for klimarelaterte ekstremhendingar og andre økonomiske, sosiale og miljømessige påkjenningar og katastrofar

Regjeringa la i juni 2023 fram ein plan for det nasjonale arbeidet med klimatilpassing for perioden 2024–2028, jf. Meld. St. 26 (2022–2023) *Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn*. Sjå omtale av berekraftsmål 12 om å motverka klimaendringane og konsekvensane av dei i Prop. 1 S (2023–2024) for Klima- og miljødepartementet.

Koronapandemien har vist at nokre grupper er meir utsette enn andre, til dømes enkelte innvandrargrupper som bur i levekårsutsette område.

Delmål 1.a) Sikre ei vesentleg mobilisering av ressursar frå mange ulike kjelder, blant anna gjennom styrkt utviklings samarbeid, for å gje utviklingslanda, særleg dei minst utvikla landa, tilstrekkelege og føreseielege middel til å gjennomføre program og politikk for å utrydde alle former for fattigdom

Sjå omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Utenriksdepartementet.

Delmål 1.b) Opprette gode politiske rammeverk på nasjonalt, regionalt og internasjonalt nivå basert på utviklingsstrategiar som gagnar dei fattige og tek omsyn til kjønnspektivet, med sikte på å auke investeringar i tiltak som motverkar fattigdom

Det politiske rammeverket i Noreg, med ein godt utbygd velferdsstat som sikrar alle tilgang til gratis utdanning og helsetenester samt stønadsord-

ningar ved bortfall av arbeidsinntekt, gir eit godt rammeverk for å motverke fattigdom.

Berekraftsmål 5.3

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvar for å følge opp delmål 5.3 *Avskaffe all skadeleg praksis, som barneekteskap, tidlege ekteskap og tvangsekteskap og kjønnslemlesting*. Det er eit stort problem på verdsbasis, men er òg eit alvorleg problem for dei som blir utsette for det i Noreg. Flyktningar og innvandrar frå land der dette er vanleg, og barna deira i Noreg, er spesielt utsette.

Delmålet blir følgt opp gjennom handlingsplanen *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*. Viktige innsatsområde er kompetanseheving for tilsette i hjelpetenestene og styrking av rettsvernet for utsette personar. Det er ei absolutt 18-årsgrense for å inngå ekteskap i Noreg. Etter ei lovendring våren 2021 er det vedtatt at ekteskap som er inngått før partane er 18 år etter utanlandsk rett, som ein klar hovudregel ikkje vil bli anerkjende i Noreg.

Berekraftsmål 8.6

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har eit delansvar for delmål 8.6 om å redusere prosentandelen unge som verken er i arbeid, under utdanning eller under opplæring. Innsatsen for ein vel fungerande arbeidsmarknad med god utnytting av arbeidskrafta og god inkludering av utsette grupper i arbeidsmarknaden, jf. omtale under del II i denne proposisjonen, står sentralt i arbeidet med å nå dette målet. Situasjonen i arbeidsmarknaden for unge er omtalt i del I, punkt 3.2 Situasjonen i arbeidsmarknaden.

Dei fleste unge i Noreg fullfører utdanning og kjem i arbeid. Sysselsettinga for unge er høg, og det er få ledige samanlikna med mange andre land.

Prosentandelen unge i aldersgruppa 15–29 år som verken er i utdanning, opplæring eller arbeid (NEET), var 9,7 pst. i 2022, ifølge registertal frå Statistisk sentralbyrå. Hovudbiletet er at det har vore små bevegelsar i NEET-raten det siste tiåret. NEET-raten er høgast for dei eldste i aldersgruppa og lågast for dei under 20 år.

NEET-gruppa er samansett. Den består blant anna av arbeidsledige, unge med alvorlege helseproblem, personar som er heime med barn, og personar som tar ein pause frå arbeid og skole. Sjølv om delar av NEET-gruppa berre er mellombels utanfor utdanning eller arbeid, er det også

godt dokumentert at det er mange i gruppa som har problem med å få fotfeste i arbeidslivet. Innvandrere, personar med låg utdanning og personar som tar imot helserelevante stønader, er overrepresenterte i NEET-gruppa.

Unge som treng hjelp til å komme i arbeid, er ei prioritert målgruppe, både ved tildeling av arbeidsmarknadstiltak og gjennom oppfølging frå Arbeids- og velferdsetaten. For å styrke innsatsen for unge har regjeringa innført ein ungdomsgaranti i Arbeids- og velferdsetaten frå 1. juli 2023. Ungdomsgarantien skal sikre tidleg innsats og tett, individuelt tilpassa oppfølging, og nødvendig hjelp opp mot andre relevante instansar, blant anna utdanningssektoren og helsetenesta. Ungdomsgarantien gjeld for unge mellom 16 og 30 år som har behov for arbeidsretta bistand frå Arbeids- og velferdsetaten. Målet er at fleire skal fullføre utdanning og komme i ordinært arbeid.

Berekraftsmål 8.8

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har del i ansvaret for delmål 8.8 om å verne arbeidstakarrettar og fremme eit trygt og sikkert arbeidsmiljø for alle arbeidstakarar, inkludert arbeidsinnvandrere, særleg kvinnelege innvandrere, og arbeidstakarar i vanskelege arbeidsforhold.

Dei fleste i Noreg arbeider under gode og forsvarlege arbeidsforhold, og arbeidsvilkåra er jamt over betre enn i andre land. Likevel er det framleis utfordringar i enkelte yrke, bransjar og næringar.

Regjeringa legg vekt på eit breitt samarbeid mellom myndigheitene og partane i arbeidslivet for å sikre seriøse og trygge arbeidsforhold. I 2022 la regjeringa fram ein handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet, som blir følgd opp i samarbeid med partane i arbeidslivet. Det er også lagt fram ein eigen handlingsplan mot sosial dumping i transportsektoren. Regjeringa er i gang med å utarbeide ein Noregsmodell med nasjonale seriøsitetskrav for offentlege innkjøp. Det er etablert eit omfattande samarbeid mellom offentlege myndigheiter i kampen mot arbeidslivskriminalitet, og regjeringa gjer framlegg om ytterlegare styrking av innsatsen i 2024, jf. omtalen i del I, punkt 2.2 Satsingar og hovudprioriteringar.

Utanlandske arbeidstakarar som har lite kjennskap til rettar og plikter i det norske arbeidslivet, er særleg utsette for dårlege arbeidsvilkår. På fleire område er det innført allmenngjering av tariffavtalar for å sikre utanlandske arbeidstakarar lønns- og arbeidsvilkår som er likeverdige med dei vilkåra norske arbeidstakarar har, og hindre

konkurranssevriding til ulempe for den norske arbeidsmarknaden. Informasjonstilbodet til utanlandske arbeidstakarar blir følgd opp, blant anna gjennom eigne servicesenter og digitale tenester og rettleiing på dei offentlege etatane sine nettstader.

Tilstreккеlege språkkunnskapar i norsk og engelsk er ofte ein føresetnad for at innvandrere skal ha kjennskap til rettar og plikter og kunne delta varig i arbeidslivet. Myndigheitene har her ei sentral rolle som pådrivarar og er dei som samordnar kvalifiseringstiltak for innvandrere. Det blir blant anna gjort ein særleg innsats for at fleire kvinner skal komme i arbeid eller utdanning, i tillegg til ein innsats mot rasisme og diskriminering i arbeidslivet.

Gjennom Treparts bransjeprogram blir det lagt vekt på å følge opp bransjar med særlege utfordringar. Det er oppretta bransjeprogram innan reinhald, uteliv, delar av transportnæringa og bilbransjen.

I ein del tilfelle skjer det systematiske lovbrøt som blant anna inneber utnytting av arbeidstakarar og arbeidslivskriminalitet. Arbeidstilsynet, Arbeids- og velferdsetaten, Skatteetaten og politiet samarbeider om førebygging og kontroll i kampen mot arbeidslivskriminalitet. I sin felles årsrapport for 2022 viser etatane til at arbeidslivskriminalitet er mest utbreidd i arbeidsintensive bransjar med færre krav til kompetanse, omfattande bruk av enkeltpersonføretak og der det er høg bruk av ufaglært, mellombels og utanlandsk arbeidskraft. Samla sett finn etatane indikasjonar på at omfanget av arbeidslivskriminalitet utgjer eit alvorleg samfunnsproblem, men spørjeundersøkingar viser at færre verksemdar opplevde utfordringar med arbeidslivskriminalitet i 2021 enn tidlegare år, særleg innan bygg og anlegg.

Regjeringa vil styrke arbeidstakarrettane og legge til rette for heile og faste stillingar som hovudregel i arbeidslivet. Frå 1. januar 2024 trer det i kraft endringar i arbeidsmiljølova som inneber ei tydeleggjering av arbeidstakaromgrepet, slik at grensa mot sjølvstendige oppdragstakarar blir klårare. Det blir også innført ein presumsjonsregel om at arbeidstakarforhold skal leggest til grunn med mindre arbeidsgjevar gjer det overvegande sannsynleg at det er tale om eit oppdragsforhold. Lovendringane inneber også at ansvaret for enkelte arbeidsgjevarfunksjonar skal gjelde for samtlige føretak som er ein del av eit konsern. Vidare er det gjort endringar som inneber at ein arbeidstakar med mellombels tilsetjing skal ha rett til fast tilsetjing etter tre års samanhengande tilsetjing. I inneverande år er det innført nye

reglar som styrkar arbeidstakarane sin rett til heil-
tidsstillingar og som strammar inn reglane for å
nytte innleige frå bemanningsføretak. Regjeringa
har lagt fram forslag om endringar i arbeidsmil-
jølova som skal bidra til å gjennomføre EU-direkti-
vet om tydelege og føreseielege arbeidsvilkår.
Dette gjeld blant anna fleire og styrka krav til
informasjon i den skriftlege arbeidsavtalen.

Noreg har gjennom sin modell med samarbeid
mellom partane i arbeidslivet og myndighetene ei
heilskapleg tilnærming der arbeidstakarvern og
like konkurransevilkår for verksemder er viktige

omsyn. Dei lovene, føresegnene og handlingspla-
nane som er utarbeidde og blir implementerte,
sikrar den store majoriteten av arbeidstakarar i
Noreg eit trygt og sikkert arbeidsmiljø i samsvar
med delmål 8.8. Innsatsen mot utfordringar med
useriøsitet og arbeidslivskriminalitet i norsk
arbeidsliv vil bidra til å oppretthalde dette.

For nærmare omtale av regjeringa si innsats
når det gjeld rettar for arbeidstakarar og omtale av
eit trygt og sikkert arbeidsmiljø, sjå del II, punkt
6.2 Et sikkert og seriøst arbeidsliv.

9 Likestilling og mangfald

Arbeids- og inkluderingsdepartementets arbeid med likestilling som offentlig myndighet

Arbeids- og inkluderingsdepartementet arbeider breitt og målretta for å fremme likestilling og hindre diskriminering gjennom dei ulike ordningane og tiltaka vi rår over.

Folketrygdlova er utforma slik at alle ytingar skal vere kjønnsnøytrale. Til dømes er svangerskapsrelaterte sjukepengar, svangerskapspengar og foreldrepengar likestilt med arbeidsinntekt som grunnlag for rett til dagpengar ved arbeidsløyse, sjukepengar og pleiepengar. Sjukepengar og pleiepengar bli kompensert med 100 pst. av berekningsgrunnlaget opp til 6 gangar grunnbeløpet. Dette taket gjer at personar med lav og midtels inntekt får dekka heile inntektstapet ved for eksempel sjukdom, og det har derfor ein omfordelende verknad.

Departementet følger med på utviklinga på variablar som kjønn, alder og fødeland der dette er relevant.

Ordningane med hjelpemiddel til betring av funksjonsevna i arbeidslivet og dagleglivet skal gjere det enklare for personar med nedsett funksjonsevne å delta i arbeidsliv og i samfunnet på lik linje med alle andre.

Arbeidsavklaringspengar skal sikre inntekt for personar som får aktiv behandling, deltar på arbeidsretta tiltak eller får anna oppfølging med sikte på å skaffe seg eller behalde arbeid. Det er ikkje krav til tidlegare inntekt for å få arbeidsavklaringspengar. Personar med låg eller inga inntekt får ei minsteyting. Inntekt over seks gangar grunnbeløpet blir ikkje rekna med. Ordninga har derfor ein omfordelende verknad. Reglane er kjønnsnøytrale. Fleire kvinner enn menn tar imot arbeidsavklaringspengar, sjå omtale under del II, kap. 2651 Arbeidsavklaringspenger. Uføretrygd skal sikre inntekt for personar som har fått inntektsevna varig nedsett på grunn av sjukdom, skade eller lyte. Det er ikkje krav til tidlegare inntekt for å få uføretrygd. Personar med låg eller ingen inntekt får ei minsteyting. Øvste grense for opptening er 6 G. Ordninga har derfor ein omfordelende verknad. Dersom ein person har fått opp-

tening til alderspensjon på grunnlag av omsorgsarbeid i åra som inngår i berekningsgrunnlaget for uføretrygd, kan ein sjå bort frå desse åra når berekningsgrunnlaget blir fastsett. Regelen kan auke berekningsgrunnlaget for personar som har gått ned i inntekt i omsorgsåra og deretter blir ufør.

Omsorgspengar gis for like mange dagar til begge omsorgspersonane til barnet, slik at både mor og far har same rett til å vere borte frå arbeidet for å ta vare på eit sjukt barn.

Ordninga med pleiepengar ved omsorg for sjukt barn blei revidert i 2017. I evalueringa av endringane blei blant anna effektar på fordelinga mellom mødrer og fedrar undersøkt. Kvinner tar framleis imot pleiepengar i større grad enn menn, men utviklinga har gått i riktig retning.

Regelverket i folketrygda for alderspensjon er kjønnsnøytralt, i den forstanden at pensjonen blir berekna på same måte for kvinner og menn. Kjønnsnøytrale oppteningssatsar og kjønnsnøytrale delingstal sikrar at kvinner og menn med same oppteningshistorikk får same årlege pensjon. Sjølv om regelverket for å berekne pensjon er kjønnsnøytralt, er gjennomsnittleg utbetalt pensjon frå folketrygda høgare for menn enn for kvinner. Dette skuldast faktorar som forskjellar i arbeidsmarknadsdeltaking, lønnsnivå, stillingsprosent og avgangsalder. Alderspensjon i folketrygda har element som fører til likskap mellom kjønna trass forskjellar i arbeidsdeltaking, lønn og omsorgsarbeid. Slike element er eksempelvis minstenivå, oppteningstak, omsorgsopptening og etterlatteytingar. Alderspensjon i folketrygda fører totalt sett til ei klar omfordeling frå menn til kvinner. Dette gjeld både for gammal og ny oppteningsmodell. Kvinner tener på dei generelle omfordelingselementa, fordi dei generelt har lågare inntekter enn menn, og dei lever lenger.

Arbeidsmarknadstiltaka skal bidra til å betre moglegheitene i arbeidsmarknaden for personar som står utanfor. Dei skal og hindre at personar fell ut av arbeidslivet. Innvandrarar frå land utanfor EØS-området, unge og personar som har vore lenge ledige kan oppleve særlege utfordringar med å komme i arbeid. Desse gruppene er priori-

terte for deltaking i arbeidsmarknadstiltak. Enkelte arbeidsmarknadstiltak skal bidra med støtte og tilrettelegging for at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne vere i jobb, som tiltaka funksjonsassistanse i arbeidslivet og arbeids- og utdanningsreiser. Vi viser til omtale av arbeidsmarknadstiltak i programkategori 09.30 Arbeidsmarked.

Integreringspolitikken skal medverke til at innvandrarar får moglegheit til å delta i arbeid og samfunn, fremme likestilling og hindre diskriminering.

Retten til opplæring etter integreringslova skal gi nyankomne flyktingar grunnlag for å komme i arbeid, skaffe seg vidare utdanning og bli aktive deltakarar i samfunnet. Jobbsjansen er eit individuelt retta kvalifiseringsprogram som skal auke sysselsettinga og derigjennom økonomisk sjølvstende blant kvinner med innvandrarakgrunn.

Lov om offentlege organer sitt ansvar for bruk av tolk mv. (tolkelova) bidrar til å sikre rettstryggleik og forsvarleg hjelp og teneste for personar som ikkje kan kommunisere forsvarleg med offentlege organ utan tolk.

Regjeringa skal legge fram ein ny handlingsplan mot rasisme og diskriminering hausten 2023. Planen blir lagt fram av arbeids- og inkluderingsministeren, og må sjåast i samheng med annan politikk for likestilling og ikkje-diskriminering. Handlingsplanen Friheit frå negativ sosial kontroll og æresrelatert vald (2021–2024) har tiltak mot negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangs-ekteskap og kjønnslemlesting. Arbeidet handlar om å vareta grunnleggjande rettar, sikre fridom og likestilling for alle og kjempe mot vald og overgrep. Arbeidet på dette området skal bidra til å hindre utanforskap og helseplager og sikre likeverdige offentlege tenester for heile befolkninga.

Forboda mot diskriminering i arbeidslivet er regulert i arbeidsmiljølova og likestillings- og diskrimineringslova. Arbeidsmiljølova regulerer forbod mot diskriminering på grunn av alder, seksuell orientering, politiske oppfatningar og medlemskap i fagforeiningar eller politiske organisasjonar, deltidstilsette og mellombels tilsette. Verksendene er ifølge arbeidsmiljølova ansvarlege for at det blir gjennomført eit førebyggjande arbeidsmiljøarbeid, noko som og omfattar tema knytt til likestilling og diskriminering.

Utanlandske arbeidstakarar med manglande kunnskap om rettigheter og pliktar i det norske arbeidslivet er særleg utsett for å få dårlege lønns- og arbeidsvilkår. Dei kan også oppleve å bli utnytta av useriøse og kriminelle aktørar til svart og ulovleg arbeid. Regjeringa sin handlingsplan

mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet har fleire tiltak som bidrar til å avgrense desse problema, og til å betre vilkåra for utanlandske arbeidstakarar.

Manglande heiltidskultur er etter regjeringa sitt syn eit stort problem i deler av både offentleg og privat sektor, og det rammar særleg kvinner. Heiltid er viktig både i et likestillings- og samfunnsøkonomisk perspektiv, for å utnytte arbeidskraftpotensialet best mogleg, og det er viktig for den enkelte arbeidstakar. Regjeringa jobbar saman med partane i arbeidslivet for at hovudregelen i arbeidslivet skal vera tilsetning på heiltid.

ILO-Konvensjon nr. 190, som blei ratifisert av Stortinget i 2023, er ein internasjonal arbeidslivsstandard og anerkjenner alles rett til eit arbeidsliv fritt for vald og trakassering. Konvensjonen har relevans for likestilling og arbeidsliv og har blant anna fokus på kjønnsbasert vald og trakassering, herunder seksuell trakassering. Samtidig som Stortinget samtykka til ratifiseringa vedtok dei også lovendingar som blant anna presiserte at vernet mot trakassering i arbeidsmiljølova også inneber et vern mot seksuell trakassering.

Arbeids- og velferdsetaten

Ein viktig del av samfunnsoppdraget til Arbeids- og velferdsetaten er å medverke til eit inkluderande arbeidsliv med plass for alle.

Behova til kvar enkelt brukar blir lagt til grunn for kva type bistand dei får. Innvandrarar er blant dei prioriterte målgruppene for arbeidsmarknadstiltak, og arbeidssøkarar med innvandrarakgrunn utanfor EØS har som gruppe høgare deltaking på tiltak enn arbeidssøkarar elles. Dei som har utfordringar med til dømes helse, skal få bistand som hjelper dei over i arbeid. Det er fastsett retningslinjer for å motverke diskriminering i samband med formidling til arbeid. Retningslinjene har som formål å motverke diskriminering av alle grupper som kan oppleve det i samband med arbeidsformidling i regi av etaten, til dømes på grunn av kjønn, alder, legning, nedsett funksjonsevne eller etnisitet.

Arbeids- og velferdsetaten har utvikla ei rettleiingsplattform som skal gi rettleiarane god kompetanse i å tilby tenester som treffer dei ulike behova til brukarane. Ein av fordjupingsmodulane tematiserer rettleiing av brukarar med innvandrarakgrunn. Målet med modulen er å gi tilsette i etaten fleirkulturell kompetanse for å sikre god kommunikasjon i møte med brukarar med svake norskferdigheiter og andre migrasjonsrelaterte utfordringar. Nye tilsette blir gjort kjende med

etaten si rolle som samfunnsaktør, samfunnsoppdraget og skal settast i stand til å skjønne kven som er brukarar. Det blir også gitt opplæring som skal gjera dei tilsette medvitne om at brukarane har ulike behov og føresetnader, og auke forståinga av kva for utfordringar ulike funksjonsnedsettingar kan innebære. Dei som jobbar i NAV Hjelpemiddel og tilrettelegging får til dømes tilbod om e-læring om «Kjønnsdelte hjelpemiddel». Det skal gi praktisk kunnskap og verktøy for å sikre likeverdige offentlege tenester gjennom auka medvit rundt normer om kjønn og funksjonsevne.

Den fysiske tilkomsten til sjølve NAV-kontoret kan vere ein risiko for diskriminering av til dømes rullestolbrukarar og synshemma. Etaten arbeider kontinuerleg med å sikre universell utforming av NAV-kontora. Det er også brukarar som slit med å bruke digitale tenester, og som ikkje utan vidare kan nytte den digitale løysinga for skjema og kommunikasjon med etaten. Etaten arbeider for at nav.no skal oppfylle krava til universell utforming. Det blir utarbeidd tilgjengeerklæringar som seier noko om i kva grad nettstaden innfrir krava. På denne måten får brukaren til dømes informasjon om brot på krav til universell utforming, og utfordringar det kan føre til. Brukaren kan melde frå om feil og manglar direkte til etaten, og ev. sende klage til Diskrimineringsnemnda. Etaten har i 2022 arbeidd for å redusere etterslepet når det gjeld tilgjengeerklæringar på nav.no. Ved utvikling av digitale løysingar blir det også gjort testar av nettsider og tenester ved bruk av hjelpeteknologiar som blant anna augestyring. Dette er særleg nyttig for å avdekke problem knytta til dårleg tilgang til tenestene, og for å gi dei som arbeider med tenestdesign og utvikling ei betre forståing for ulike funksjonsnedsettingar.

Gjennom etatens seviceklagesystem kan brukarar klage på servicen dei har fått, til dømes dersom dei meiner seg utsette for diskriminering eller seksuell trakassering. Systemet skal bidra til å sikre at uheldig praksis både på individ- og systemnivå blir fanga opp.

Statistikk som etaten utarbeider har med variabelar som kjønn, alder og fødeland. Denne informasjonen er også med i dei fleste analysene som blir produsert og publisert. Dette kan vera med på å avdekke ev. systematiske skilnader i tilbodet til ulike grupper.

Arbeidet med å fremme likestilling og hindre diskriminering i etatens møte med brukarane, også utover dei som er omtala over, pågår kontinuerleg. Det blir jobba med å få meir systematikk i oppfølginga av aktivitetsplikta, og strukturere

arbeidet slik at det får ei breiare involvering og forankring.

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi)

IMDis visjon er å fremme like sjansar, rettar og plikter for alle i eit mangfaldig samfunn. Arbeid for likestilling og mot diskriminering ligg i kjernen av IMDi's samfunnsoppdrag og er ein integrert del av all verksemd i IMDi. Rasisme og diskriminering er barrierar for deltaking på alle samfunnsarenaer, og arbeidet på dette feltet er ein viktig del av innsatsen for å få til vellykka integrering.

IMDi tek hand om arbeidet med å busette flyktningar og legg til rette for at fleire innvandrarar deltek i arbeids- og samfunnslivet. Dei gir faglege innspel til vidareutvikling av integreringspolitikken og sørger for god samordning på integreringsfeltet. Dei forvaltar tilskotsordningar retta mot kommunane og frivillige organisasjonar. Dei produserer og formidler forskning, utgreiingar, statistikk og god praksis. Dei medverkar også til ein profesjonell og serviceinnstilt offentleg sektor. IMDi er fagstyremakt for tolking i offentleg sektor. Dei jobbar og mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnglemling.

IMDi skal medverke til auka deltaking i og bruk av sivilsamfunnet for å oppnå målet om at innvandrarar har høg deltaking i samfunnslivet og lever eit fritt liv. IMDi skal særleg medverke til at fleire innvandrarkvinner deltek i samfunnslivet, tek utdanning og kjem i arbeid.

IMDi skal gjennomføre integreringspolitikken til regjeringa. Dei skal styrke kompetansen til kommunane, sektorstyresmaktene og andre samarbeidspartnarar når det gjeld integrering og mangfald. IMDi har ei sentral rolle som pådrivar og samordnar overfor aktørar på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå for å styrke kompetansen til kommunane, sektorstyresmaktene og andre samarbeidspartnarar om mangfald og innvandrarar i Noreg.

Regjeringa vil fortsette innsatsen for å auke kunnskap om mangfald som ressurs blant arbeidsgivarar gjennom ulike tiltak i regi av IMDi, og i samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet og partane i arbeidslivet. Viktige verkemiddel i dette arbeidet er IMDi's tilskotsordning til private og offentlege arbeidsgivarar, informasjon og rettlege støtte for arbeidsgivarar og utdeling av den årlege Mangfaldsprisen.

Regjeringa ønsker meir mangfald i arbeidslivet, IMDi initierer og formidler kunnskap, utviklar og tilbyr vektøy og deler erfaringar om korleis

verksemder kan auke det etniske mangfaldet på arbeidsplasser.

Negativ sosial kontroll, tvangsekteskap, kjønnslemlesting og/eller æresrelatert vald kan ramme begge kjønn, men kvinner og jenter er meir utsette. Offentlege styresmakter har plikt til å handle når nokon blir utsett, og IMDi medverkar i det førebyggjande arbeidet.

IMDi forvaltar ei rekke tilskotsordningar som har som formål å fremme likestilling og/eller motverke diskriminering.

IMDi har delansvar for gjennomføringa av fleire av handlingsplanane til regjeringa innanfor arbeidet for likestilling og mot diskriminering.

IMDi jobbar aktivt for å auke kunnskapsgrunnlaget om diskriminering og likestilling blant innvandrara.

Statens pensjonskasse (SPK)

Som offentlig verksemd er Statens pensjonskasse (SPK) opptekne av at omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering skal varetakast i alt løpande arbeid. SPK har som mål at kundane og medlemmane av ordninga, og andre som er i kontakt med SPK, skal få likeverdig tilbod og service.

SPK har fokus på kommunikasjon som ikkje fremmer stereotypiar, og sørger for god opplæring blant tilsette i haldningar og mot diskriminering.

Universell utforming – inkludert klart språk – er ein del av prosessen med å utvikle og forbetre tenestene til SPK. SPK har jobba med å forenkle strukturen på nettsidene, forenkle og forkorta tekstar og innhald, og redusert talet på nettsider for å forenkle navigasjon og søk. Vidare jobbar SPK tett saman med brukarane, og innsikt frå brukartesting er ein viktig del av arbeidet med å utvikle tenester. Dette for at SPK sine tenester skal bli meir tilgjengelege for alle. SPK har høgt fokus på at nettsidene skal fylle EU sitt webdirektiv om universell utforming, og tilgjengelegheitserklæringa viser at SPK er på god veg til å fylle krava.

Arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet har innhald på nettsidene om vern mot diskriminering for å fremme likestilling og førebygge og handtere diskriminering på norske

arbeidsplassar. Dei gir verksemder råd for å motverke diskriminering og fremme likestilling. Arbeidstilsynet kan rettleia nærmare om føresegnene, men har ikkje myndigheit til å gi pålegg. Eit unntak frå dette gjeld trakassering, der Arbeidstilsynet generelt har tilsynsmyndigheit etter andre føresegner i arbeidsmiljølova.

Gjennom Servicesentrene for utenlandske arbeidstakarar (SUA) samarbeider Arbeidstilsynet, Skatteetaten, politiet og Utlendingsdirektoratet om å gi informasjon og rettleiing til utanlandske arbeidstakarar og deira arbeidsgivarar om norsk arbeidsliv. Etatane arbeidar med å styrke og vidareutvikle desse servicesentra.

Likestilling i Arbeids- og inkluderingsdepartementet og underliggjande verksemder

I alle offentlege verksemder skal arbeidsgivarar undersøke om det finst risikoar for diskriminering eller andre hinder for likestilling i verksemda, og annakvart år kartlegge lønn fordelt etter kjønn og bruken av ufrivillig tidsavgrensa arbeid.

I tillegg til aktivitetsplikt følger det av likestillings- og diskrimineringslova § 26 a at arbeidsgivarar i offentlege verksemder skal greie ut om den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling mellom kjønna. Lova gir òg pålegg til arbeidsgivarar i offentlege verksemder om å gjere greie for iverksette eller planlagde tiltak for å fremme formålet om likestilling uavhengig av etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Under følger ei oversikt over status for arbeidet med likestilling og mangfald i Arbeids- og inkluderingsdepartementet og dei underliggjande verksemdene. Likestillings- og diskrimineringslova § 26 gir alle arbeidsgivarar pålegg om å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering innanfor eiga verksemd.

Oversiktstabellar over tilsette og gjennomsnittleg lønn etter kjønn

Tabellen under gir ei oversikt over prosentdelen kvinner i Arbeids- og inkluderingsdepartementet og underliggjande verksemder, totalt for verksemdene og i ulike stillingskategoriar.

Tilsette etter kjønn i Arbeids- og inkluderingsdepartementet og underliggende verksemder¹

		AID	AV-etaten	TR	MPK	SPK	Atil	IMDi
Totalt i verksemda ²	2022	239	14 972	78	22	446	759	270
	2021	197	15 605	68	20	420	688	250
Kvinneandel i pst:								
I verksemdene	2022	69,0	70	62	54,5	55,3	60	65,2
	2021	68,5	70	62	50	56	60	64,8
Toppleiarar	2022	44	55	100	50	37,5	50	66,7
	2021	50	55	100	75	50	44	50
Mellomleiarar	2022	65	65	50	-	65	58	61,5
	2021	66,7	65	40	-	64,4	57	50
Alternativ karriereveg	2022	62	69	50	-	-	-	56
	2021	56	69	53	-	-	-	50
Saksbehandlarar	2022	71	75	50	60	44,4	60	65,2
	2021	70,1	76	67	40	43	60,8	64,8
Konsulentar/kontorstillingar	2022	100	-	82	-	64,1	61	-
	2021	100	-	82	-	60,4	71	-
Slutta	2022	74	70	73	33	55,9	56	74,4
	2021	67	70	64	67	49	65	74,4
Nytilsette	2022	75	68	68	50	49,2	61	67,7
	2021	77	69	83	33	57,6	64	72,4
Deltidstilsette	2022	100	83	100	50	75	74	71,4
	2021	100	84	100	-	76	75	77,8
Mellombels tilsette	2022	81	69	82	0	71,4	83	79,2
	2021	62,5	74	78	0	100	67	75,5
Foreldrepermisjon	2022	100	87	0	0	55,6	82	70,7
	2021	100	89	0	0	62,5	94	93,7

¹ Tabellen er utarbeidd av Arbeids- og inkluderingsdepartementet på bakgrunn av tal frå eige lønns- og personalsystem og frå dei underliggende verksemdene. Petroleumstilsynet blei overført til Olje- og energidepartementet med verknad frå 11. mai 2023, og vil ikkje omtalast under Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Forkortingar: Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID), Arbeids- og velferdsetaten (AV-etaten), Trygderetten (TR), Maritim pensjonskasse (MPK), Statens pensjonskasse (SPK), Arbeidstilsynet (Atil), Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). I kategorien alternativ karriereveg er fagdirektørar, spesialrådgivarar, faste dommarar og rettsmedlemer. I kategorien saksbehandlarar er overlegar, overingeniørar, sjefsingeniørar og senioringeniørar, insepektørar og seniorinsepektørar, rådgivarar og seniorrådgivarar. I kategorien konsulentar er førstekonsulentar og seniorkonsulentar. I AID består toppleiinga av ein departementsråd, ekspedisjonssjefar, stabsdirektør og kommunikasjonssjef. I Trygderetten er det berre éin toppleiar, og det er ei kvinne. I MPK er det berre eitt leiarnivå, og alle leiarane er plasserte i kategorien toppleiarar.

² Talgrunnlaget for «totalt i verksemda» er tilsette i aktiv teneste og i lønt permisjon.

Gjennomsnittleg antal veker foreldrepermisjon for kvinner og menn

	AID		AV-etaten		TR		MPK		SPK		Atil		IMDi	
	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K
2022	14	15	12	19	22	0	11	0	13,8	24,1	9	12	18,2	15
2021	14	19	-	-	8	0	3	0	9,5	20	10	14	18	21,5

Tala i tabellen under viser at kvinner i gjennomsnitt jamt over har lågare lønn enn sine mannlege

kollegaer. Biletet er meir nyansert når ein ser på dei enkelte stillingskategoriane i verksemdene.

Kvinnens del av lønna til menn etter stillingskategori per 31. desember 2022¹

	AID	AV-etaten	TR	MPK	SPK	Atil	IMDi
I pst.							
Gjennomsnitt for heile verksemda	2022	94,1	93	86	87,3	92,6	94
	2021	93,1	93	87	91,8	91,8	93,5
Toppleiarar	2022	106	100	100	85,7	97,5	94
	2021	101,8	98	100	98,3	96,3	102,1
Mellomleiarar	2022	98,6	95	110	-	101,3	100,7
	2021	100	94	107	-	98,5	97,7
Alternativ karriereveg	2022	90,1	93	100	-	97	89
	2021	90,9	93	100	-	96	94
Saksbehandlarar	2022	102	101	93	99,6	96,7	97,7
	2021	100,5	101	97	107	95,7	97,6
Konsulentar/kontorstillingar	2022	100	-	98	-	-	90,1
	2021	100	-	100	-	-	90,3

¹ Tabellen er utarbeidd av Arbeids- og inkluderingsdepartementet på bakgrunn av tal frå eige lønns- og personalsystem og frå dei underliggende verksemdene.

Legemeldt sjukefråvær i Arbeids- og inkluderingsdepartementet og underliggende verksemdar

Tabellane under viser tal for legemeldt sjukefråvær i departementet og underliggende verksemdar, totalt og fordelt på kjønn.

Legemeldt sjukefråværet i pst. per 31. desember 2022¹

	AID	AV-etaten	TR	MPK	SPK	Atil	IMDi
2022	4,7	8,5	4,1	6,4	3,8	4,5	4,9
2021	3,4	5,0	4,0	6,7	2,7	4,2	4,1

¹ Tala er henta frå eige lønns- og personalsystem og frå dei underliggende verksemdene.

Det har vore ein auke i sjukefråværet i alle verksemdene frå 2021 til 2022, bortsett frå i Maritim pensjonskasse.

Det legemelde sjukefråværet i Arbeids- og inkluderingsdepartementet var 4,7 i pst i 2022 mot 3,4 pst. i 2021. Det har vore ein auke i det legemelde sjukefråværet for både menn og kvinner. Til samanlikning var det gjennomsnittlege legemelde sjukefråværet i departementa 3,6 pst. i 2022, mot 3,0 pst. i 2021.

I det statlege tariffområdet var det gjennomsnittlege legemelde sjukefråværet 4,4 pst. i 2022. I Arbeids- og inkluderingsdepartementets sektor var det gjennomsnittlege legemelde sjukefråværet 6,1 pst. Tala i tabellen over viser at det legemelde sjukefråværet i 2022 ligg over nivået for det statlege tariffområdet i Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Arbeids- og velferdsetaten, Arbeids- tilsynet, Maritim pensjonskasse og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

Legemeldt sjukefråværet menn og kvinner per 31. desember 2022¹

	AID		AV-etaten		TR		MPK		SPK		Atil		IMDi	
	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K
2022	4,3	4,6	5,9	9,7	2,0	4,9	3,7	9,1	3,6	4,0	3,6	5,1	2,9	6,0
2021	3,3	3,5	4,0	6,0	1,7	4,6	4,6	6,8	2,7	2,7	2,7	5,5	2,5	5,0

¹ Tala er henta frå eige lønns- og personalsystem og frå dei underliggende verksemdene.

Tala viser at det framleis er stor forskjell mellom menn og kvinner i det legemelde sjukefråværet i dei fleste verksemdene i sektoren, bortsett frå i Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Statens pensjonskasse.

I det statlege tariffområdet var det gjennomsnittlege legemelde sjukefråværet blant menn 2,9 pst. i 2022, medan det var 3,9 pst. i Arbeids- og inkluderingsdepartementets sektor. Det legemelde sjukefråværet blant menn var høgare enn 2,9 pst. i alle verksemdene i sektoren bortsett frå i Trygderetten og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

I det statlege tariffområdet var det gjennomsnittlege sjukefråværet blant kvinner 5,9 pst., i 2022, medan det var 7,2 pst. i Arbeids- og inkluderingsdepartementets sektor. Sjukefråværet blant kvinner var høgare enn 5,9 pst. i Arbeids- og velferdsetaten, Maritim pensjonskasse og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

Frå 2021 til 2022 har det vore ein auke i sjukefråværet blant både kvinner og menn i dei fleste verksemdene.

Nærmare om arbeidet med likestilling i verksemdene
Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Auken i talet tilsette frå 2021 til 2022 skuldast i hovudsak at Integreringsavdelinga blei overført frå Kunnskapsdepartementet til Arbeids- og inkluderingsdepartementet med verknad frå 1. januar 2022.

Kvinnedelen i departementet har auka dei siste åra, og 69 pst. av dei 239 tilsette er kvinner. Delen kvinner var til samanlikning 62,4 pst. i 2018. Av dei nyrekruterte i 2022 var delen kvinner 75 pst., og 74 pst. av dei som slutta var kvinner.

Kjønnspektivet er ein del av personalpolitikken i departementet. Departementet fokuserer særleg på at kvinner og menn får same høve til fagleg utvikling, forfremming, alternative karrier-

evegar og karriereutvikling til høgare stillingar. Det er framleis slik at balansen mellom kjønna i dei ulike stillingskategoriane varierer, men det er no fleire kvinner enn menn i alle stillingskategoriane, bortsett frå blant toppleiarane, der delen kvinner er 44 pst. Blant mellomleiarane er delen kvinner 65 pst., og i stillingskategorien alternativ karriereveg er 62 pst. kvinner. I denne stillingskategorien har delen kvinner auka jamt dei siste åra. Det er ei overvekt av kvinner i dei lågare stillingskategoriane. Blant saksbehandlarar er kvinne delen 71 pst., og i stillingsgruppa konsulentar er det berre kvinner.

Prinsippet om likelønn skal løysast på gjennom den lokale lønns politikken. Lønnsutviklinga i samanliknbare grupper skal vere uavhengig av etnisk bakgrunn, funksjonsevne, kjønn og alder. Sett under eitt er gjennomsnittleg lønn for kvinner i departementet lågare enn for menn, og utgjer 94,1 pst., ein auke på eitt prosentpoeng frå 2021. Som tala i tabellen over viser, er biletet meir nyantert når lønna til kvinner og menn blir samanlikna innanfor kvar stillingskategori. Kvinner tener i snitt meir enn menn i stillingskategorien toppleiarar. Blant mellomleiarane tener kvinner i snitt 98,6 pst. av menns lønn, i stillingskategorien alternativ karriereveg tener kvinner i snitt 90,1 pst. av menns lønn, og blant saksbehandlarane tener kvinner i snitt 102 pst. av menns lønn. Det er fleire kvinner enn menn i dei lågare stillingskategoriane, og det kan forklare noko av årsaka til forskjellen i gjennomsnittleg lønn mellom kjønna.

Utvida lønnskartlegging

Med den forsterka aktivitets- og utgreiingsplikta er det no krav om å undersøke om det førekjem diskriminering på grunnlag av kjønn der menn og kvinner utfører «likt arbeid» eller «arbeid av lik verdi». Departementet har gjennomført ei tilsvarende utvida lønnskartlegging som i 2021, og undersøkt lønnsutviklinga blant saksbehandlarane etter kjønn dei fire siste åra. I lønnskartlegginga blei det ikkje avdekt systematiske forskjellar i lønnsutviklinga mellom kjønna.

Ufrivillig deltid handlar om at medarbeidarar er tilsette i deltidsstilling sjølv om dei ønsker å jobbe heiltid. Departementet kunngjer med eitt unntak berre stillingar på heiltid. Ufrivillig deltid er derfor ikkje eit problem i departementet.

Inkludering og mangfald

Departementet deltar i det statlege traineeprogrammet for personar med høgare utdanning og

nedsett funksjonsevne og hol i CV-en, og har til kvar tid ein trainee tilsett. Departementet rekrutterte to trainear gjennom programmet hausten 2021. Departementet skal rekruttere nye trainear hausten 2023. Delen søkarar som oppgav å ha nedsett funksjonsevne til ordinære stillingar, var 2,8 pst. i 2022 og delen som oppgav å ha hol i CV-en var 4 pst.

Tilsette med innvandrarbakgrunn utgjorde 10 pst. av dei tilsette i departementet ved utgangen av 2022, ein auke på 2,8 prosentpoeng frå 2021. Delen tilsette med innvandrarbakgrunn gjeld for både landgruppe 1 og landgruppe 2. Av totalt 1 203 søkarar til stillingar i departementet i 2022 opplyste 17 pst. at dei har innvandrarbakgrunn frå landgruppe 2.

Det blir jobba med å auke kompetansen på rekruttering i departementet gjennom ulike interne tiltak.

Gjennom arbeidet med aktivitetsplikta har ikkje departementet avdekt risikoar for diskriminering på nokon av personalområda. Samtidig er departementet saman med dei tillitsvalde einige om at departementet framleis bør ha særleg merksemd på området rekruttering – vegen inn i departementet.

Det legemelde sjukefråværet var 4,3 pst. i 2022, ein auke på 1 prosentpoeng frå 2021.

Arbeids- og velferdsetaten

Arbeids- og velferdsetaten hadde 14 972 tilsette ved utgangen av 2022, og 70 pst. av dei var kvinner. Kvinne delen har lege stabilt på om lag 70 pst. dei siste åra.

Fordelinga av kvinner og menn varierer mellom dei ulike einingane, og det er flest kvinner i Arbeids- og tenestelina (NAV-kontora), med over 75 pst. kvinner i nokre fylke. Færrest kvinner er det i Arbeids- og velferdsdirektoratet, der kvinne delen er 46 pst. I direktoratet er IT eit stort område som tiltrekker seg fleire menn enn kvinner. Dette speglar arbeidsmarknaden på området. Delen kvinner er størst i dei lågaste stillingskategoriane. Kvinne delen blant toppleiarane var 55 pst. i 2022 og 65 pst. blant mellomleiarane. Arbeids- og velferdsdirektoratet kartlegg årleg kjønnsbalansen innanfor stillingsgruppene og følger opp dette med driftseiningane gjennom krav til tiltak og rapportering.

Sett under eitt er gjennomsnittleg lønn for kvinner i Arbeids- og velferdsetaten noko lågare enn for menn, og utgjer 93 pst. av menns lønn. Blant toppleiarane er lønna lik mellom kjønna, medan kvinnelege mellomleiarar i snitt tener

95 pst. av menns lønn. I stillingskategorien alternativ karriereveg tener kvinner i snitt 93 pst. av menns lønn. Blant saksbehandlarane tener kvinner i snitt 101 pst. av menns lønn. I dei ulike einingane tener menn gjennomgåande noko meir enn kvinner. Det er variasjon i kor stor forskjellen er i dei ulike driftseiningane i Arbeids- og tenestelina fylka imellom.

Gjennomgangen av lønnsstatistikken avdekte inga diskriminering.

Personalpolitikken i etaten viser at administrative og faglege karriereveggar er likeverdige, og at medarbeidarar kan ha høgare lønn enn leiarar. Ved rekruttering av nye medarbeidarar skal kompetansebehovet i etaten supplerast, og målsettinga om inkludering og mangfald skal følgast opp.

Utvida lønnskartlegging

Det er slått fast i personal- og lønnspolitikken i Arbeids- og velferdsetaten at det ikkje skal vere forskjell i lønna mellom kjønna, utan at det er sakleg grunn til det. Tala i tabellen over kan likvel tyde på lønnsforskjellar. Menn tener betre enn kvinner som mellombels tilsette og i stillingskategoriane mellomleiar og alternativ karriereveg. I kategorien saksbehandlarar ligg kvinner litt over menn, men dette er og den stillingskategorien med lågast lønn. Hos toppleiarane og mellombels tilsette har det jamna seg ut i løpet av 2022, og det er ein positiv trend blant mellombelsleiarane, nyrekruterte og mellombels tilsette.

Tala gir ikkje eit fullstendig bilete av lønnsforskjellane mellom kjønna. Det einaste som er med i lønnskartlegginga er kjønn, lønn og arbeidsstilling, og ingen andre faktorar kan påverke resultatet. Systematiske lønnsforskjellar ligg føre dersom kvinner tener mindre enn menn, medan alt anna er likt, som utdanning, alder og ansiennitet.

Ufrivillig deltid

Arbeids- og velferdsetaten har ikkje opplysningar om ufrivillig deltid. Det er nokre få saker der deltidstilsette hevdar fortrinnsrett til heiltdsstillingar, men det betyr ikkje at deltidstillinga er ufrivillig i utgangspunktet. Det kan vere fleire årsaker til at nokon søker seg til ei deltidstilling, men ein endra livssituasjon kan medverke til at nokre deltidstilsette ønsker å jobbe heiltid.

Arbeids- og velferdsetaten har ein jamn andel av deltidstilsette, med eit gjennomsnitt på om lag

10 pst. i 2022. Det er ein reduksjon på 126 deltidstilsette frå 2021 til 2022. For heile Arbeids- og velferdsetaten blei det i 2022 tilsett 12 nye medarbeidarar i deltidstillingar. Dette kan vere fordi etaten i stor grad lyser ut heiltdsstillingar og dermed reduserer risikoen for at nokon jobbar ufrivillig deltid.

Inkludering og mangfald

I tilpassingsavtalen for Arbeids- og velferdsetaten er partane einige om at etaten skal ha ein personalpolitikk som legg til rette for likestilling og mangfald når det gjeld etnisk bakgrunn, funksjonsevne, kjønn og alder. I 2019 drøfta og forhandla etaten seg fram til ein felles personal- og lønnspolitikk for heile etaten, på tvers av tariffområda. Denne skal reviderast i 2023.

Etaten er oppteken av at medarbeidarane i størst mogleg grad skal spegle folkesetnaden. Dette er viktig for å kunne levere gode tenester til brukarane. Det er eit krav at minst éin søker frå kvar av dei underrepresenterte gruppene (personar med innvandrarbakgrunn, hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne) blir kalla inn til intervju dersom det finst kvalifiserte søkarar blant dei.

Av dei nytilsette i Arbeids- og velferdsetaten i 2022 hadde 1 pst. nedsett funksjonsevne, 2 pst. hol i CV-en og 9 pst. oppgav å ha innvandrarbakgrunn.

Arbeids- og velferdsetaten er fast medlem i det statlege mangfaldsnettverket.

Arbeids- og velferdsetaten deltar i statens traineeprogram for personar med nedsett funksjonsevne og hol i CV-en og høgare utdanning. Dette er eit viktig tiltak for å sikre inkludering i arbeidslivet i 2023. I 2022 har etaten etablert eit internt støtteapparat for traineeprogrammet i staten. I tillegg har etaten lagt til rette for erfaringsutveksling og samhandling for HR-medarbeidarar på tvers av heile etaten.

Arbeids- og velferdsetaten har hatt ein jamn auke i talet på tilsette med innvandrarbakgrunn dei siste åra, både frå landgruppe 1 og frå landgruppe 2. Auken har vore størst for tilsette frå landgruppe 2. I 2022 hadde 13,6 pst. av dei tilsette i etaten innvandrarbakgrunn. NAV-einingane i Oslo og Arbeids- og velferdsdirektoratet skil seg ut med ein høgare prosentdel tilsette med innvandrarbakgrunn, samanlikna med dei andre einingane. Dette speglar folkesetnaden i området.

Det legemelde sjukefråværet var 8,5 pst. i 2022, ein auke på 3,5 prosentpoeng frå 2021.

Trygderetten

Trygderetten er ei forholdsvis lita verksemd med 78 tilsette i 2022, og av dei er 62 pst. kvinner. Toppleiaren er ei kvinne, og kvinnedelen blant mellomleiarane er 50 pst.

Innan dei ulike stillingskategoriane har samansetninga vore meir eller mindre lik dei seinare åra. I stillingskategorien alternativ karriereveg er 50 pst. kvinner. Blant saksbehandlarane er andelen kvinner 50 pst. I lågare stillingskategoriar innan økonomi, personal, arkiv, IT, kontortenester mv. er kvinnedelen 82 pst. Tilsette som arbeider deltid, er i hovudsak kvinner, og ingen av dei har ufrivillig deltid.

Utvida lønnskartlegging

Sett under eitt er den gjennomsnittlege lønna for kvinner i Trygderetten lågare enn for menn, og utgjer 86 pst. av den gjennomsnittlege lønna til menn. Trygderetten skil seg frå dei fleste statlege verksemdene ved at dei to største stillingsgruppene, dommarane og rettsfullmektigane, har lik lønn. Rettsfullmektigane har ein lønnsstige med ansiennitet som kriterium for plassering av lønn.

Blant mellomleiarane tener kvinner i snitt 110 pst. av den gjennomsnittlege lønna til menn. Blant saksbehandlarane utgjer den gjennomsnittlege lønna til kvinner 93 pst. av den gjennomsnittlege lønna til menn. Blant kontortilsette er det ein stor kvinnedel, og denne stillingsgruppa har hatt ei jamn lønnsutvikling dei seinare åra, og kvinner tener 98 pst. av menns lønn. Det er ikkje avdekt lønnsforskjellar baserte på kjønn.

Trygderetten har ikkje identifisert utfordringar knytta til likestilling som det er grunnlag for å sette i verk tiltak mot. Trygderetten arbeider aktivt for at kvinner og menn i organisasjonen skal behandlast likt, uavhengig av kjønn. I tilpassingsavtalen for verksemda om medråderett er det nedfelt at uansett kjønn skal arbeidsoppgåver fordelast slik at alle tilsette får like moglegheiter til å kvalifisere seg for avansement til leiande stillingar. I tillegg står det at uavhengig av kjønn er moglegheitene til å delta på kurs/faglige seminar til stades.

Ingen tilsette i Trygderetten har ufrivillig deltidsarbeid.

Inkludering og mangfald

Trygderetten har som mål å ha ein høg gjennomsnittleg pensjonsalder og har sett som delmål å behalde medarbeidarar med nedsett funksjons-

evne heilt eller delvis fram til pensjonsalder. Aktuelle verkemiddel er blant anna å la eldre, erfarne rettsmedlemmar vere fadrar for nytilsette og arbeide med praksisundersøkingar og anna utgreiingsarbeid i tillegg til ordinær saksbehandling. Andre tiltak er å tilby heimekontor og ha ei positiv haldning til graderte stillingar.

Trygderetten har ikkje sett konkrete mål for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn. Dersom det er kvalifiserte søkarar med innvandrarbakgrunn til ledige stillingar, blir alltid minst éin av dei kalla inn til intervju. Berre personar med norsk statsborgarskap kan tilsettast i embetet som rettsmedlem (dommar) og som rettsfullmektig.

Det legemelde sjukefråværet var 4,1 pst. i 2022, ein auke på 0,1 prosentpoeng frå 2021.

Maritim pensjonskasse

Maritim pensjonskasse er ei lita verksemd med 22 tilsette, og ein kvinnedel på 54,5 pst. Dette er ein auke frå 2021 da kvinnedelen var 50 pst. Kvinnedelen er 50 pst. i leiargruppa og 60 pst. blant saksbehandlarane.

Maritim pensjonskasse legg til rette for at alle tilsette skal ha same høve til utvikling av kompetanse, karriere og lønn. Verksemda gjennomfører årleg ei kartlegging og ein intern analyse av forholda for å sikre likestilling og hindre diskriminering. Dei legg stor vekt på omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering i den lokale lønns- og personalpolitikken og arbeider for at alle tilsette skal ha dei same moglegheitene for utvikling av lønn, kompetanse og karriere.

Utvida lønnskartlegging

Resultet av kartlegginga viser for fyrste gong på fleire år er ei større skilnad mellom den gjennomsnittlege lønna til menn og kvinner. Kvinners del av menns lønn er 87,3 pst. når øvste leiar er medrekna. Utan øvste leiar utgjer lønna til kvinner 94,8 pst. av menns lønn. Dette er ei betydeleg endring i pst. frå 2021, da gjennomsnittleg lønn var tilnærma lik mellom kjønna.

I leiargruppa utgjer den gjennomsnittlege lønna for kvinner 85,7 pst. av menns lønn, mot 98,3 pst. i 2021. Blant saksbehandlarane utgjer den gjennomsnittlege lønna for kvinner 99,6 pst. av lønna til menn, mot 107 pst. i 2021.

Sjølv om tala for 2022 viser at kvinner sin del av lønna til menn er betydeleg lågare enn tidlegare år, viser analysen at skilnaden ikkje er knytt

til kjønn, men til ei endring i leiargruppa som slår uforholdsmessig stort ut.

Kartlegginga og analysen har ikkje avdekt kjønnsbaserte forskjellar, eller nokon risiko for diskriminering eller hindre for likestilling når det gjeld lønn eller andre forhold.

Ingen tilsette i Maritim pensjonskasse har ufrivillig deltidsarbeid.

Inkludering og mangfald

I ei lita verksemd med få rekrutteringar er det utfordrande å auke mangfaldet. For å auke mangfaldet har Maritim pensjonskasse spissa teksten i stillingsannonsane og kalla inn kvalifiserte søkarar som har oppgitt å tilhøyre målgruppene. Det er eit mål for verksemda å bidra i arbeidet med inkludering. Dei siste to åra har det vore ei betydeleg utskifting av personalet, utan at verksemda har klart å auke mangfaldet vesentleg. Blant anna er norskkrava til hinder for mange jobbsøkarar med annan etnisk bakgrunn. Verksemda vil vere særleg merksame på dette og vurdere kvalifikasjonskrava i rekrutteringane framover.

Verksemda har svært få søkarar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en, og dei har ikkje vore kvalifiserte til stillingane dei har søkt på.

Verksemda vil legge vekt på å auke mangfaldet framover. Ettersom det normalt er få rekrutteringar er det vanskeleg å talfeste eit mål, men målsettinga er å auke mangfaldet i løpet av en 2–4 årsperiode.

I 2022 var det legemelde sjukefråværet 6,4 pst., mot 6,7 pst i 2021.

Statens pensjonskasse

Statens pensjonskasse har totalt 456 tilsette og ein kvinneandel på 55,3 pst. I toppleiinga er kvinneandelen 37,5 pst. Kvinneandelen blant mellomleiarane er på 65 pst., 44,4 pst. i stillingskategorien alternativ karriereveg og 63,5 pst. blant saksbehandlarane.

Utvida lønnskartlegging

Sett under eitt er gjennomsnittleg lønn for kvinner i Statens pensjonskasse lågare enn for menn, og utgjorde 92,6 pst. av menns lønn i 2022. Menn tener jamt over noko meir enn kvinner i alle stillingsgruppene.

Verksemda analyserer lønnsforholda jamleg. Lønnsforskjellane mellom kvinner og menn er relativt små og har halde seg stabile. Resultata syner at innanfor kvar stillingskategori er menn og kvinner lønna relativt likt. Under lønnsforhandlin-

gane har verksemda fokus på ikkje å diskriminere medarbeidarar i permisjon eller deltidsstillingar. Verksemda vurderer det slik at utfordringar og barrierar knytte til likestilling er små.

Statens pensjonskasse har liten eller ingen grad av ufrivillig deltid. Statens pensjonskasse har god praksis for at medarbeidarar som har behov for mellombels eller fast reduksjon av stillinga får det.

Inkludering og mangfald

I 2018 utarbeidde verksemda nye retningslinjer for å hindre diskriminering, trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald, med eit tilhøyrande varslingsystem. Omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering er elles inkludert i personalpolitikken og i iverksette tiltak.

Verksemda har eigne tilrettelagde rom som blir nytta til bønn og kvile. Toalett- og garderobeløysingar er godt tilrettelagd for kvinner, tilsette med nedsett funksjonsevne og transpersonar.

I 2021 var Statens pensjonskasse i ein læringsperiode om korleis dei skal jobbe meir fleksibelt og vidareutvikle hybride arbeidsformer. Det er stadfesta at Statens pensjonskasse skal vere ein moderne arbeidsplass, der tillitt er grunnsteinen i kulturen.

Statens pensjonskasse kommuniserer aktivt i utlysingar at dei har ei kontorløysing med universell utforming, og dei bruker ein tekst om mangfald i alle utlysingar. I tillegg er det gjennomført informasjonstiltak om inkludering retta mot leiarane. Verksemda har jobba særskilt med tilrettelegging for å gjere det lettare å kombinere arbeid med familieliv.

I 2022 har verksemda opplevt å få få søkarar i nokre kategoriar til dei utlyste stillingane sine. Utover dette er det ikkje avdekt nokon utfordringar med likestillingsarbeidet.

I 2022 var det legemelde sjukefråværet 4 pst., ein auke på 1,3 prosentpoeng frå 2021.

Arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet har 759 tilsette, og kvinneandelen er 60 pst. Fordelinga av tilsette menn og kvinner har vore relativt stabil dei siste åra. Blant toppleiarane er kvinneandelen 50 pst. og blant mellomleiarane 58 pst. I stillingsgruppa saksbehandlarar er det overlegar, ingeniørar, inspektørar, seniorrådgivarar og rådgivarar, og kvinner utgjør 60 pst. av dei tilsette i denne gruppa.

Arbeidstilsynet har ein god kjønnsbalanse i stillingar som kan samanliknast. Verksemda tar

regelmessig ut statistikk for å følge utviklinga i kvar enkelt eining i etaten. Sett under eitt er den gjennomsnittlege lønna til kvinner i Arbeidstilsynet noko lågare enn for menn og utgjør 97 pst. av menns lønn. Blant toppleiarane er gjennomsnittleg lønn for kvinner 105 pst. av menns lønn, blant mellomleiarane er gjennomsnittleg lønn for kvinner 104 pst. av menns lønn og blant saksbehandlarane 98,8 pst. Det er berre i stillingskategorien konsulentar at lønna til kvinner har vore markant lågare enn lønna til menn, og den utgjør 90 pst. i 2022. Lønnspolitikken til Arbeidstilsynet sikrar kjønnsnøytrale kriterium for å fastsette lønn.

Utvida lønnskartlegging

Arbeidstilsynet hadde ein stor gjennomgang av lønnsbiletet i 2021. Etter omorganiseringa i 2020 blei det avdekt variasjonar i lønn som det var behov for å gjere noko med. Verksemda tilførte økonomiske midlar til ulike forhandlingar med dei tillitsvalde for å utjamne uønskte lønnsforskjellar. Arbeidet med lønns- og arbeidsvilkår held fram, og verksemda vil særskilt sjå på effektane av endringane i lønnsarbeidet i 2022.

I 2022 har Arbeidstilsynet saman med dei tillitsvalde gjort ei stor revidering av det lønnspolitiske dokumentet i verksemda, og fekk i hamn eit nytt lønnspolitisk dokument. Arbeidet med lønns- og arbeidsvilkår held fram kontinuerleg, og det blir utarbeidd statistikkar som skal gi eit godt bilete av lønnsituasjonen i verksemda.

Inkludering og mangfald

Arbeidstilsynet har hatt stabil arbeidskraft over mange år og har derfor mange tilsette i høg alder. Verksemda har eit større prosjekt, «Oppdatert, ikkje utdatert», for å tematisere det å vere senior i arbeidslivet og for å bidra til at tilsette vel å stå i arbeid lengst mogleg. Livsfase, helse og fritid er tema i den årlege utviklingssamtalen med alle medarbeidarane, der ein kan ta opp og diskutere behov for tilrettelegging og tilpassing. Det er inngått avtale om fleksibel arbeidstid som gjeld for alle medarbeidarane, der bruk av heimekontor kan legge til rette for å kombinere arbeidsliv og familieliv.

I rekrutteringsprosessen blir det lagt stor vekt på likebehandling og inkludering av grupper som kan ha vanskeleg for å få innpass i arbeidslivet. Likebehandlinga startar allereie i jobbanalysen, i kunngjeringssteksten og ikkje minst gjennom intervjuprosessen. Dei tilsette som er med i tilsettingsrådet, har fått eiga opplæring. Arbeidstilsynet

har kurs i mangfaldsrekruttering i regi av DFØ, og har også fokus på dette området i 2023.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i verksemda har eit særskilt fokus på tema som handlar om uheldig belastning, vald og truslar frå eksterne, og om tema som konflikthar, trakassering og utilbørleg åtferd. Tilsynskontora i Arbeidstilsynet går jamleg gjennom HMS-rutinane om vald og truslar og rutinen om konflikthar og trakassering.

Hausten 2023 skal Arbeidstilsynet utarbeide ein HR-strategi som blant anna skal handle om målsetting og prinsipp for likestilling og ikkje-diskriminering, som vil medverke til ei meir systematisk tilnærming til dette arbeidet.

I 2022 var det gjennomsnittlege legemelde sjukefråværet på 4,5 pst., ein auke frå 4,3 pst. i 2021.

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har 270 tilsette, med ein kvinnetal på 65,2 pst. Blant toppleiarane er delen kvinner 66,7 pst. og 61,5 pst. blant mellomleiarane. I kategorien alternativ karriereveg er kvinnetal 56 pst. og blant saksbehandlarane er 65,2 pst. kvinner.

Utvida lønnskartlegging

Blant toppleiarane tener kvinner i snitt 94 pst. av menns lønn, blant mellomleiarane 100,7 pst. og 97,7 pst. blant saksbehandlarane. Blant tilsette i kategorien alternativ karriereveg tener kvinner i snitt 89 pst. av lønna til menn.

Sjølv om det er tilnærma likelønn mellom kjønna innanfor dei fleste stillingsgruppene, resulterer kjønnsfordelinga i direktoratet til at kvinner totalt sett tener 93 pst. av lønna til menn. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har fokus på likelønn mellom kjønna ved lokale lønnsforhandlingar og ved lønnsfastsetting i rekrutteringsprosesser.

3,4 pst. av kvinnene og 2,1 pst. av mennene jobba deltid per 31. desember 2022. Dette er ein nedgang frå 2021. Det er ikkje registrert ufrivillig deltid i direktoratet i 2022.

Inkludering og mangfald

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har som visjon å fremme like moglegheiter, rettar og plikter i eit mangfaldig samfunn. Arbeid for likestilling og mot diskriminering ligg i kjernen av samfunnsoppdraget og er ein integrert del av verksemda til direktoratet.

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har som mål å ha ei mangfaldig samansetning av medarbeidarar med omsyn til etnisk bakgrunn, kjønn, alder, funksjonsevne og seksuell orientering. Direktoratet har fokus på denne målsettinga ved rekruttering, i individuell oppfølging og i ein livsfaseorientert personalpolitikk.

I rekrutteringsprosessane skal det viast særskilt merksemd mot kva krav til kvalifikasjonar og personlege eigenskapar som blir stilte, for ikkje å ekskludere søkarar. Alle utlysingar inneheld oppfordring til personar i målgruppene om å søke på

ledige stillingar. Rekrutterande leiar og HR-avdelinga sikrer at reglane for positiv særbehandling blir etterlevde.

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet ønsker å ta i bruk mangfald som ein ressurs og har ein betydeleg andel tilsette med innvandrarbakgrunn, totalt 33 pst. i 2022. Av dei er 85 pst. frå landgruppe 2.

I 2022 var det legemelde sjukefråværet 4,9 pst., mot 4,1 pst. i 2021. Det har vore ein auke i det legemeldte sjukefråværet for både kvinner og menn.

10 Samfunnssikkerheit

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har det overordna ansvaret for samfunnssikkerheit og beredskap knytt til folketrygda sine pensjonar og ytingar, offentleg tenestepensjon o.a. Departementet har òg eit overordna ansvar for arbeidsmiljø- og sikkerheit i arbeidslivet på land (men her er ansvaret for storulykker plassert hos Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap), introduksjon for nyankomne vaksne innvandrarar og busetting av flyktingar. Ved behov skal sektoren medverke til å dekke samfunnet sitt behov for arbeidskraft ved kriser i heile krisespekteret. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har eit overordna mål om å førebygge uønskte krisehendingar i eigen sektor. Det er òg eit mål å kunne handtere og minske følgene av alle typar krisehendingar og medverke til at kriser som rammer viktige funksjonar for samfunnet blir handtert på ein god måte. Ansvaret for førebygging og beredskap i petroleumsverksemda blei 1. juli 2023 overført frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet til Olje- og energidepartementet.

Krav til samfunnssikkerheitsarbeidet går fram av *Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerheit (Samfunnssikkerheitsinstruksen)* av 1. september 2017. Instruksen legg til grunn at departementa på sitt fagområde skal arbeide systematisk med beredskapsplanverk og organisering av krisehandtering, øvingar, evalueringar og oppfølging av læringspunkt. Departementa skal òg kunne yte bistand til andre sektorar.

Underliggende verksemder har eit sjølvstendig ansvar for at omsynet til samfunnssikkerheit er ein integrert del av arbeidet med samfunnsoppdraget, og å bidra til samfunnssikkerheiten generelt. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har i stor grad instruksfesta krav til verksemdenes arbeid. Desse instruksane er samordna med dei krav som gjeld for departementet. Arbeid i verksemdene som òg gjeld samfunnssikkerheit, er nærare omtalt i dei ulike programkategoriane i del II.

Beredskap mot uønskte krisehendingar

Dei siste åra har vore prega av langvarige og gjennomgripande kriser, med behov for systematisk og heilskapleg tilnærming til både førebyggjande beredskapsarbeid og handtering av hendingar. NOU 2023: 17 *Nå er det alvor*, viser til at vi er i ei beredskapsmessig brytningstid med stormaktsriktigisering, teknologisk utvikling, klimaendringar og demografiske endringar. Det kommer mange fordrivne som følge av krigen i Ukraina, se nærare omtale av dette i del III kapittel 7. Den sikkerheitspolitiske situasjonen fører òg til auka utfordringar for den digitale sikkerheita og auka merksemd på sikkerheita til samfunnskritiske funksjoner. I møte med denne utviklinga har Arbeids- og inkluderingsdepartementet sett i verk ei rekke tiltak for å utvikle beredskapen i sektoren.

Departementet arbeider regelmessig med å følge opp handlingsplanar, strategiar og læringspunkt frå hendingar og øvingar, og å oppdatere krise- og beredskapsplanar baserte på ROS-analyser, øvingar og forbetringar i sikkerheitstilstanden. Departementet har i tillegg satt i gang tiltak for å auke den sikkerheitsfaglege kompetansen blant leiarar og medarbeidarar med ansvar for samfunnssikkerheitsmessige oppgåver.

Med utgangspunkt i nasjonale scenario for bortfall av kritiske infrastrukturar er sektoren i gang med å følge opp korleis bortfall av slike funksjonar kan påverke viktige oppgåver. Våren 2023 har departementet og verksemdene kartlagt eigne avhengigheiter til kritiske infrastrukturar som kraft, ekom, vann, datasentertjenester mm., samt varer, tenester og leverandørar som støtter opp under verksemdenes tenester og oppgåver. Dette bidrar til å auke kunnskapsgrunnlaget i sektoren, og er eit grunnlag for vidare arbeid med overordna risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) og førebyggjande sikkerheitstiltak. Arbeidet med risikoanalysar av avhengigheiter til kritiske infrastrukturar er planlagt å vere ferdig i starten av 2024.

Departementet har gjennom året arrangert og deltatt i ulike krisehandteringsøvingar på tvers av

sektorar og myndigheitsnivå. Øvingane har omhandla handtering av digitale angrep og utfordringar dersom rikets sjølvstende eller sikkerheit er i fare. Underliggande verksemder har òg arrangert eigne krisehandteringsøvingar og deltatt på øvingar som krev samhandling på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Departementet følger opp læringspunkt frå desse øvingane, og frå andre evalueringar og statusgjennomgangar. Eksempelvis arbeider departementet fortsatt med enkelte oppfølgingstiltak etter koronapandemien. Framover vil vi prioritere oppfølging av beredskapsheimlar som rører ved vårt ansvarsområde i ein krise/krig situasjon.

Digital sikkerheit

Avhengigheit til digitale infrastrukturar og system er eit gjennomgåande trekk ved dei tenestene sektoren har ansvar for. For å oppnå eit felles grunnlag for å handtere digitale sikkerheitsutfordringar er det etablert ei *Nasjonal strategi for digital sikkerheit*. Strategien legg blant anna til grunn eit overordna mål om å styrke den nasjonale evna til å avdekke og handtere digitale angrep. Verksemdene i sektoren har auka aktsemda for slike angrep, og det er det siste året gjennomført eigenvurderingar av beredskapen på dette området. Departementa blei utsett for eit digitalt angrep mot felles IKT-plattform sommaren 2023. Dette angrepet har tydeleggjort kor avhengige departementet og sektoren er av IKT-løysingar for både kommunikasjon og sikker saksbehandling. Det blir arbeidd med tiltak for å følge opp dette.

Samarbeid og informasjonsdeling mellom verksemdene i sektoren er ein avgjerande faktor i arbeidet med digital sikkerheit. Eit av tiltaka i *Nasjonal strategi for digital sikkerheit* er å etablere såkalla sektorvise responsmiljø for å handtere digitale angrep og andre uønskete digitale hendingar. Arbeids- og velferdsdirektoratet forvaltar eit slikt sektorvist responsmiljø på arbeids- og velferdsområdet. Arbeids- og velferdsdirektoratet, Arbeidstilsynet, Statens pensjonskasse, Maritim pensjonskasse, Trygderetten og Statens arbeidsmiljøinstitutt er medlemmer. JustisCERT er responsmiljø for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet. Desse responsmiljøa deler informasjon om digitale truslar, og har etablert gode samarbeidsarenaer med Nasjonalt cybersikkerheitssen-

ter. Responsmiljøa arbeider vedvarande med kartlegging av svakheiter og sårbarheiter på tvers av dei digitale infrastrukturane til deltakarane, øvingar og moglege forbetringar. Dette arbeidet vil helde fram i 2024.

Oppfølging av krav i sikkerheitslova

Lov om nasjonal sikkerheit (sikkerheitslova) stiller krav til departementet om å identifisere grunnleggande nasjonale funksjonar (GNF) innanfor sitt ansvarsområde, avdekke verksemder som er av vesentleg og avgjerande betydning for GNF, identifisere skjermingsverdige verdiar som støtter opp om GNF og kartlegge i kva grad ei verksemd er avhengig av eksterne ressursar (andre verksemder). Verksemder med vesentleg betydning for GNF skal underleggast sikkerheitslova og det skal setjas i verk nødvendige sikringstiltak av skjermingsverdige verdiar.

I Arbeids- og inkluderingsdepartementets sektor er det identifisert to grunnleggande nasjonale funksjonar. GNF 1: *Arbeids- og inkluderingsdepartementets verksemd, handlefridom og vedtaksførheit* er ein tverrsektoriell funksjon som omfattar departementets eigen rolle. GNF 2: *Kritiske offentlege ytingar til befolkninga* gjeld utbetaling av ytingar til livsopphald. Arbeids- og inkluderingsdepartementet har ansvar for å vurdere kva som er kritiske ytingar, medan Arbeids- og velferdsetaten har ansvar for sjølve utbetalingane.

Det å ivareta formålet med sikkerheitslova er ein vedvarande prosess. Arbeids- og inkluderingsdepartementet held no på med ei revisjon av skjermingsverdige verdiar i sektoren. Det er òg gjennomført ei ny kartlegging av avhengigheiter, nye skadevurderingar og nye vurderingar av sikringstiltak. Samtidig har Arbeids- og velferdsdirektoratet det siste året arbeidet med å lukke funn frå tilsynet frå Nasjonal sikkerheitsmyndigheit i 2022. Dette er følgd opp i samråd med departementet. Samla har dette bidratt til å gi eit betre kunnskapsgrunnlag om sikkerheitstilstanden i sektoren.

Departementet vil gjere ei ny innmelding av skjermingsverdige verdiar til Nasjonal sikkerheitsmyndigheit innan utgangen av 2023. Utkastene til ny struktur for grunnleggande nasjonale funksjonar vil følge same hovudprinsipp som tidlegare. Det blir planlagt tiltak for å avhjelpe dei risikoane som er avdekt.

11 Grunnbeløp, pensjon, trygd og stønader

Grunnbeløpet er ein faktor som blir brukt til å fastsette og berekne retten til og størrelsen på mange ytingar etter folketrygdlova. Grunnbeløpet blir blant anna brukt til opptening og berekning av pensjonsytingane frå folketrygda, fastsetting av inntektsgrensar for inntektsprøvde ytingar og fastsetting av det maksimale sjukepengegrunnlaget ein kan bruke ved berekning av sjukepengar. Grunnbeløpet blir regulert 1. mai kvart år. Når grunnbeløpet blir regulert, blir dei ytingane, inntektsgrensene, grunnlaga m.m. som blir berekna ut frå grunnbeløpet, regulerte tilsvarende.

Til grunn for den årlege reguleringa av grunnbeløpet ligg den forventa lønnsveksten i reguleringsåret justert for avvik mellom forventa og faktisk lønnsvekst dei siste to åra. Forventa lønnsvekst i reguleringsåret er lik overslaget for gjennomsnittleg årslønnsvekst i revidert nasjonalbudsjett. Faktisk lønnsvekst dei siste to åra er lik årslønnsveksten for lønnstakarar under eitt, som går fram av nasjonalrekneskapen som Statistisk sentralbyrå publiserer.

Frå 1. mai 2023 auka grunnbeløpet frå 111 477 kroner til 118 620 kroner. Dette er ein auke på 6,41 pst. Det gjennomsnittlege grunnbeløpet auka med 5,88 pst. frå 109 784 kroner i 2022 til 116 239 kroner i 2023. Alle ytingar som blir regulerte i tråd med grunnbeløpet, fekk dei same prosentvise aukingane.

Regulering av pensjon under utbetaling og satsar for minste pensjonsnivå og garantipensjon frå 1. mai 2023

Sidan innføringa av pensjonsreforma i 2011 har alderspensjonen frå folketrygda vore regulert på ein annan måte enn dei andre ytingane frå folketrygda. Medan dei andre ytingane blir regulerte i takt med endringane i grunnbeløpet, har alderspensjon under utbetaling vore regulert med endringane i grunnbeløpet, redusert med ein fast faktor på 0,75 pst. Også ytingar under utbetaling frå ei rekke andre pensjons- og trygdeordningar har vore regulerte på denne måten.

Frå og med 2022 blir alderspensjon under utbetaling frå folketrygda og ytingar frå ei rekke

andre pensjons- og trygdeordningar regulert med gjennomsnittet av lønns- og prisveksten. Regulering med gjennomsnitt av lønns- og prisvekst vil venteleg gi same resultat på lang sikt som regulering med lønnsvekst fråtrekt ein fast faktor på 0,75 pst.

Reguleringa som er omtalt over, gjeld òg minste pensjonsnivå og garantipensjon, og dessutan andre lovfesta pensjonsytingar som i dag blir regulerte på same måte som alderspensjon under utbetaling frå folketrygda, eller som viser direkte til reguleringsavgjerdene i folketrygda for slik pensjon. AFP i privat sektor blir regulert i tråd med dei gamle reglane.

Til grunn for den årlege reguleringa ligg forventa lønnsvekst i reguleringsåret, justert for avvik mellom forventa og faktisk lønnsvekst dei siste to åra. Forventa lønnsvekst i reguleringsåret er lik overslaget for gjennomsnittleg årslønnsvekst i revidert nasjonalbudsjett. Faktisk lønnsvekst dei siste to åra er lik årslønnsveksten for lønnstakarar under eitt, som går fram av nasjonalrekneskapen som Statistisk sentralbyrå (SSB) publiserer. Veksten i konsumprisane frå revidert nasjonalbudsjett blir lagd til grunn for årets prisvekst, og det blir korrigert for avvik i vurdert prisvekst og faktisk prisvekst i det føregåande året. Faktisk prisvekst for året før reguleringsåret blir fastsett av SSB.

Lønnsveksten i 2023 blei i revidert nasjonalbudsjett anslått til 5,25 pst. For lønnstakarar under eitt var årslønnsveksten 4,3 pst. i 2022, ifølgje førebelse tal frå nasjonalrekneskapen. Ved reguleringa i 2022 blei det lagt til grunn ein forventa lønnsvekst i 2022 på 3,7 pst. Det gjeld dermed eit positivt avvik eitt år tilbake i tid på 0,6 pst. som det skal takast omsyn til. Det gjeld ikkje avvik to år tilbake i tid.

Veksten i konsumprisane i 2023 blei anslått til 5,4 pst. i revidert nasjonalbudsjett. Faktisk prisvekst i 2022 er av Statistisk sentralbyrå fastsett til 5,8 pst. Det er da eit avvik i prisveksten i 2022 på 2,4 pst. Som skal takast omsyn til i årets regulering.

Drøftingane med pensjonistorganisasjonane, organisasjonane til dei funksjonshemma og

arbeidstakarorganisasjonane blei haldne 15. og 23. mai.

På bakgrunn av anslaga blei det gjennomsnittlege grunnbeløpet auka frå 109 784 kroner i 2022 til 116 239 kroner i 2023. Nytt grunnbeløp frå 1. mai 2023 er 118 620 kroner. Gjennomsnittet av lønns- og prisvekst er på 6,91 pst. Det gir ein prosentvis auke i alderspensjon under utbetaling og satsane for minste pensjonsnivå og garantipensjon på 8,54 pst. frå 1. mai.

Per 1. mai 2023 utgjer satsane for minste pensjonsnivå i folketrygdlova § 19-8 187 801 kroner for låg sats, 217 359 kroner for ordinær sats, 228 726 kroner for høg sats, 257 040 kroner for særskild sats i sjetle ledd bokstav a og 356 021 kroner for særskild sats i sjetle ledd bokstav b. Satsane er knytte til sivilstatus og størrelsen på inntekta og pensjonen til ektefellen.

Følgande pensjonsytingar blir fastsette i høve til grunnbeløpet:

Stønadsform	Utgjer i pst. av grunnbeløpet
1. Full grunnpensjon til einsleg pensjonist og til pensjonist med ektefelle som ikkje har rett til pensjon	100
2. Full grunnpensjon til pensjonist med ektefelle/sambuar som òg har rett til pensjon, eller som forsørger seg sjølv ¹	90
4. Barnetillegg for kvart barn før inntektsprøving (gjeld uføretrygd)	40
5. Barnepensjon	
a) for 1. barn når ein av foreldra er død	40
b) for kvart av dei andre barna når ein av foreldra er død	25
c) for 1. barn når begge foreldra er døde: Same beløp som pensjon til etterlatne til den av foreldra som ville ha fått størst slik pensjon	
d) for 2. barn når begge foreldra er døde	40
e) for kvart av dei andre barna når begge foreldra er døde	25
6. Full overgangsstonad til etterlaten, ugift, skild eller separert forsørgar	225
7. Sært tillegg til ytingar i folketrygda	
a) for einsleg pensjonist, pensjonist som forsørger ektefelle under 60 år (ordinær sats)	100
b) for ektepar der begge har minstepensjon (100 pst. for kvar), og for pensjonist som forsørger ektefelle over 60 år	200
c) for pensjonist som har ektefelle med tilleggspensjon som er høgare enn særtillegget etter ordinær sats	74

¹ Ektefelle/sambuar som har årleg inntekt større enn to gonger grunnbeløpet, blir rekna som sjølvforsørgande.

For alderspensjonistar svarer fullt tillegg for ektefelle til 25 pst. av minste pensjonsnivå med høg sats, medan barnetillegg svarer til 20 pst.

2023 til 2024 foreslår departementet at sats 1–4 for grunnstonad blir nominelt videreførte. Sats 5 og 6 for grunnstonad og satsane for hjelpestønad blir justerte i tråd med konsumprisindeksen.

Andre stønader som Stortinget fastset¹:

Satsane for grunn- og hjelpestønad blir normalt prisjusterte med forventa konsumprisvekst. Frå

Type stønad	2023	2024
1a. Grunnstønad for ekstraavgifter på grunn av varig sjukdom, skade eller lyte etter folketrygdlova § 6-3 (lågaste sats)	8 688	8 688
1b. Ved ekstraavgifter utover lågaste sats kan grunnstønaden bli auka til	13 248	13 248
1c. eller til	17 364	17 364
1d. eller til	25 572	25 572
1e. eller til	34 644	35 964
1f. eller til	43 272	44 928
		-
2a-2. Hjelpestønad etter folketrygdlova § 6-4 til dei som må ha særskilt tilsyn og pleie på grunn av varig sjukdom, skade eller lyte	15 552	16 152
2b. Høgare hjelpestønad etter folketrygdlova § 6-5 til barn under 18 år som må ha særskilt tilsyn og pleie	31 104	32 304
2c. eller til	62 208	64 608
2d. eller til	93 312	96 912
3. Behovsprøvd gravferdsstønad opptil	27 390	28 677
4. Stønad til barnetilsyn etter lova §§15-10 og 17-9 ²		
for første barn	53 760	55 800
for to barn	70 128	72 792
for tre og fleire barn	79 476	82 500

¹ Satsane under punkt 1, 2 og 4 er årlege beløp for ytingane.

² Beløpa i tabellen er maksimale refusjonssatsar. Stønaden er inntektsprøvd.

12 Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder – STAMI

Finansdepartementet har i samråd med aktuelle departement etablert nye prosedyrar for rapportering av kontantbeholdningane i nettobudsjetterte verksemder per 31. desember med verknad frå

statsrekneskapen for 2010. Det blei i samband med budsjettproposisjonen for 2011 utarbeidd tre standardtabellar med nøkkeltal:

Utgifter og inntekter etter art: Formålet med tabellen er å vise brutto utgifter og inntekter i verksemda ut frå kontantprinsippet og med inndeling etter art ut frå dei same prinsippa som gjeld for dei bruttobudsjetterte verksemdene (i heile kroner)

Utgifter/inntekter	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2023
1. Utgifter				
Driftsutgifter:				
Utgifter til lønn	95 128 404	101 645 148	105 825 636	120 892 414
Varer og tenester	44 417 093	42 990 773	54 159 695	67 880 727
Sum driftsutgifter	139 545 497	144 635 921	159 985 331	188 773 141
Investeringsutgifter:				
Investeringar, større anskaffingar og vedlikehald	12 737 552	14 306 957	12 061 208	6 387 649
Sum investeringsutgifter	12 737 552	14 306 957	12 061 208	6 387 649
Sum utgifter	152 283 049	158 942 878	172 046 539	195 160 790
2. Inntekter				
Driftsinntekter:				
Inntekter frå sal av varer og tenester	2 840 361	3 917 546	4 906 565	4 512 000
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar ¹	0	0	0	0
Andre driftsinntekter	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	2 840 361	3 917 546	4 906 565	4 512 000

Utgifter/inntekter	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2023
Investeringsinntekter				
Salg av varige driftsmidler	0	0	18 000	0
Sum investeringsinntekter	0	0	18 000	0
Overføringer til verksemda:				
Inntekter frå statlege løyvingar	151 712 000	162 533 000	160 446 000	167 440 000
Andre innbetalingar	20 955 418	16 791 375	18 111 044	23 208 790
Sum overføringsinntekter	172 667 418	179 324 375	178 557 044	190 648 790
Sum inntekter	175 507 779	183 241 921	183 463 609	195 160 790
3. Nettoendring i kontantbeholdninga (2–1)	-23 224 730	-24 299 043	-11 417 070	0

¹ Frå 2015 blei refusjonar knytte til foreldrepengear og sjukepengear mv. rekneskapsførte som reduksjon i utgifter til lønn. I tabellen over er refusjonar presenterte i utgift til lønn som brutto inntekt.

Inntekter etter inntektskjelde: Dei fleste nettobudsjetterte verksemdene har fleire inntektskjelder, og formålet med tabell 2 er å gi ei oversikt over dei ulike inntektskjeldene (i heile kroner)

Inntektskjelde	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2023
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget:				
Løyvingar frå fagdepartementet	151 712 000	162 533 000	160 446 000	167 440 000
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	7 232 474	1 400 000	1 652 596	1 300 000
Løyving frå Forskingsrådet	4 083 003	4 038 653	4 331 556	6 759 884
Sum løyvingar	163 027 477	167 971 653	166 430 152	175 499 884
Offentlege og private bidrag:				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	50 000	50 000	50 000	466 666
Bidrag frå private	4 860 823	9 208 004	4 613 614	1 500 000
Løyvingar frå internasjonale organisasjonar	4 729 117	2 094 718	7 338 797	13 182 240
Sum bidrag	9 639 940	11 352 722	12 002 411	15 148 906

Inntektskjelde	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2023
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget:</i>				
Oppdragsinntekter:				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter (kursinntekter, laboratorieinntekter)	2 840 361	3 917 546	5 049 046	4 512 000
Sum oppdragsinntekter	2 840 361	3 917 546	5 049 046	4 512 000
Sum inntekter	175 507 778	183 241 921	183 481 609	195 160 790

Andre inntekter enn basisløyvinga er i hovudsak forskingsbidrag. Inntektskjeldene er i all hovudsak offentlege midlar frå andre finansieringskjel-

der, hovudsakleg Forskningsrådet og andre forskingsfond.

Kontantbeholdninga i verksemda per 31. desember i perioden 2018–2020 med spesifikasjon av formålet kontantbeholdninga skal nyttast til (i heile kroner)

Balanse 31. desember	2019	2020	2021	Endring 2020–2021
Kontantbeholdning:				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	117 059 000	141 358 000	152 793 000	11 435 000
Behaldning på andre bankkontoar, andre kontantbeholdningar og kontantekvivalentar	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
Sum kontantbeholdning	117 059 000	141 358 000	152 793 000	11 435 000
Avsetningar til dekning av kostnader med forfall i neste budsjettår:				
Feriepengar mv.	8 418 000	8 922 000	9 285 000	363 000
Skattetrekk og offentlege avgifter	6 917 000	8 141 000	8 182 000	41 000
Gjeld til leverandørar	5 592 000	6 612 000	7 580 000	968 000
Gjeld til oppdragsgivarar	0	0	0	0
Anna gjeld med forfall i neste budsjettår	1 915 000	-2 258 000	-3 283 000	-1 025 000
Sum til dekning av kostnader med forfall i neste budsjettår	22 842 000	21 417 000	21 764 000	347 000

Balanse 31. desember	2019	2020	2021	Endring 2020–2021
Avsetningar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår:				
Prosjekt finansierte av Forskingsrådet mv.	16 693 000	22 907 000	24 482 000	1 575 000
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartement	4 236 000	4 236 000	4 044 000	-192 000
Konkrete oppstarta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå fagdepartement	66 287 000	84 398 000	94 503 000	10 105 000
Andre avsetningar til vedtatte, ikkje igangsette formål	0	0	0	0
Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår	87 216 000	111 541 000	123 029 000	11 488 000
Andre avsetningar:				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	7 000 000	8 400 000	8 000 000	-400 000
Fri verksemdskapital	0	0	0	0
Sum andre avsetningar	7 000 000	8 400 000	8 000 000	-400 000
Langsiktige forpliktingar (netto):				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmiddel	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
Sum langsiktig gjeld	0	0	0	0
Sum netto gjeld og forpliktingar	117 058 000	141 358 000	152 793 000	11 435 000

Utanom avsetningar til arbeidsgivaravgift, feriepengar og pensjonsinnskot frå arbeidsgivaren inneheld kontantbeholdninga konkrete utgiftsforpliktingar i form av forskotsinnbetalte forskingsbidrag i dei enkelte prosjekta. Kontantbeholdninga

inneheld òg delar av tidlegare års løyving som i framtidige år vil gå med til å skaffe vitenskapleg utstyr i tillegg til dekning av periodevise høgare kostnader.

13 Nye internasjonale standarder fra ILO

På ILOs generalforsamling som ble avholdt i Genève i juni 2023 ble følgende konvensjon og rekommandasjoner vedtatt. Se omtale under del II, punkt 6.2 Et sikkert og seriøst arbeidsliv.

R208 – Rekommandasjon om lærlingordning, 2023 (nr. 208)

Den internasjonale arbeidsorganisasjons generalforsamling,

som er sammenkalt i Genève av styret i Det internasjonale arbeidsbyrået til sin 111. sesjon 5. juni 2023,

som merker seg at arbeidsløsheten og under-sysselsettingen globalt fortsatt er høy, at forskjellsbehandling fortsetter og at et arbeidsliv i rask endring, for eksempel som følge av utfordringene som klimaendringene fører med seg, forsterker kompetansegapet samt mangel på ferdigheter, noe som krever utvikling av lærlingordninger av god kvalitet som gir personer i alle aldre mulighet til jevnlig å utdanne, omskolere og videreutdanne seg,

som også merker seg at denne jevnlige utdanningen, omskoleringen og videreutdanningen bidrar til å fremme full, produktiv og fritt valgt sysselsetting og anstendig arbeid for alle,

som understreker betydningen av kvalitet i utdanning og opplæring for alle og tilgang til livslang læring av god kvalitet,

som minner om at alle mennesker har rett til å arbeide for både sin materielle velferd og sin åndelige utvikling på vilkår som sikrer frihet og verdighet, økonomisk trygghet og like muligheter,

som anerkjenner at det å arbeide for og utvikle lærlingordninger av god kvalitet kan føre til anstendig arbeid, bidra til effektive og virkningsfulle reaksjoner på utfordringer i arbeidslivet og fremme livslang læring for å styrke produktivitet, robusthet, overgang og egnethet på arbeidsmarkedet samt oppfylle de nåværende og fremtidige behovene til lærlinger, arbeidsgivere og arbeidsmarkedet,

som anerkjenner at det å arbeide for, utvikle og opprette lærlingordninger av god kvalitet også

kan støtte entreprenørskap, selvstendig virksomhet, ansettbarhet, overgangen til den formelle økonomien, opprettelse av anstendig arbeid og bedriftenes vekst og bærekraft,

som tar i betraktning at et effektivt rammeverk for lærlingordninger av god kvalitet krever at lærlingordninger er nøye regulert, bærekraftig, har tilstrekkelig finansiering, er inkluderende og fri for diskriminering, vold, trakassering og utnyttelse, fremmer likestilling mellom kvinner og menn og kjønns mangfold, tilbyr tilstrekkelig godtgjørelse eller annen økonomisk kompensasjon og tilgang til trygdeordninger, og leder til anerkjente kvalifikasjoner og forbedrer mulighetene til sysselsetting,

som vektlegger at lærlingordninger bør utvikles og reguleres, blant annet gjennom sosial dialog med sikte på å sikre dens kvalitet, for å gi lærlinger og bedrifter fordeler og beskyttelse, og styrke lærlingordningenes attraktivitet overfor mulige lærlinger og arbeidsgivere, inkludert svært små, små og mellomstore bedrifter,

